



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Årsrapport 2017

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	4
1.4 Andre forhold	4
Sted, dato og fylkesmannens signatur	5
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	6
3 Årets aktiviteter og resultater	10
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	10
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	10
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	10
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	10
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	11
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	13
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	14
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	14
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	15
3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptrappingsplan for rusfeltet 2016-2020	18
3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid	19
3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	20
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	21
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	21
3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	22
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	22
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket	22
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	23
3.1.1.15 Andre oppdrag	24
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	24
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	24
3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	24
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	25
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	25
3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen	26
3.1.2.6 Andre oppdrag	26
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	26
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	26
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	29

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	30
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	32
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	33
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	33
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	34
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	35
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	35
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	35
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	35
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	35
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	35
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	35
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	35
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	35
3.2.9 Landbruksdepartementet	35
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	35
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	60
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	61
3.6 Andre forhold	61
4 Styring og kontroll i embetet	63
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	63
4.1.1 Embetets risikostyring	63
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	63
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	63
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	64
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	64
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	64
4.3 Andre forhold	64
5 Vurdering av framtidssikter	65
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	65
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	65
5.3 Andre forhold	65
6 Årsregnskap	66

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Overordna har Fylkesmannen i 2017 hatt ei god måloppnåing. Vi har stort sett fullført embetsoppdraga våre.

Visjonen vår er å vere ein ressurs til beste for folk, samfunn og livsgrunnlag. Vi får gode tilbakemeldingar frå samarbeidspartnarane våre for måten vi driv samordning og samarbeid på. I NIVI si kommuneundersøking på Vestlandet, der fylkesmannsembeta og andre regionale statsetatar vert evaluerte, vert Fylkesmannen vurdert som den viktigaste statsetaten av alle kommunane i Sogn og Fjordane som svarte på undersøkinga. I alt 86 prosent meiner vi har ei god intern samordning mellom fagavdelingar og saksområde, medan undersøkinga viser at vi kan bli betre til å samordne tilsyn frå andre statlege etatar.

I 2017 har vi halde fram den stramme økonomistyringa lik den vi hadde i 2016. Vi hadde, gjennom hausten, lagt opp til eit forbruk som skulle gje eit resultat nær null, men på grunn av manglande utbetalt sjukerefusjon på slutten av året vart det i 2017 eit meirforbruk på kr 398.000.

Etter at avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma vart innført frå 2015, har vi over fire år fått redusert løyvinga med 2 261 000 kroner. I praksis tilsvarar dette om lag fire stillingar. I tillegg har vi i 2017 vorte trekte ein "gevinst digital post", på 325 000 kroner. For oss er dette alle portokostnadene vi har på eit år. Den digitale løysinga var ikkje klar til bruk i 2017, slik at denne reduksjonen i budsjettet måtte takast frå andre fagområde.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Vår eigen samanslåingsprosess, kommunereforma, beredskap, klimaomstilling, digitalisering, barnevern og 0-24-samarbeidet, har vore høgt prioriterte område i 2017.

Arbeidet med kommunereforma har kravd mykje ressursar frå vår side òg i 2017. Av våre 26 kommunar, har vi fem samanslåingsprosessar der 12 kommunar er involverte. Vi leverte i januar ei tilråding om samanslåing av kommunane Eid og Selje. Etter at kommunane Vågsøy og Flora vedtok samanslåing i mars, kom vi i april med ei vurdering og tilråding for denne samanslåinga. Etter Stortinget sitt vedtak om samanslåing, fekk vi eit oppdrag frå KMD om å utgreie kommunestrukturen i området Vågsøy, Bremanger og Flora. I tillegg har vi i 2017 fått i oppdrag av KMD om å utgreie grensejusteringar i området Bryggja, Kjøs krins og Nessane.

Sogn og Fjordane har dei siste åra hatt mange naturhendingar, som har sett beredskapen på prøve. Det gjer at merkemda om beredskap og samfunnstryggleik er høg, både hjå regionale etatar og hjå kommunane. Vi arrangerer jamleg øvingar, vi har eit godt samvirke i fylkesberedskapsrådet, og koordinerer tverretatlege evalueringar etter hendingar. Ein revidert fylkesROS vart presentert på kommunekonferansen i mai.

Ekstremregnet over Utvikfjellet 24. juli, førte til storflaum som råka bygdene Utvik og Breim hardt. Igjen såg vi korleis eit godt samvirke mellom beredskapssetatar og frivillege bidrog til ei godt handtering av situasjonen. Vi må berre bu oss på at vi oftare kjem til å oppleve slike hendingar, og planleggje for å avgrense skadane.

Klimaomstilling har i fleire år vore eit sentralt satsingsområde for embetet. Vi tek aktivt del i oppfølginga av regional plan for klima og miljø, vi har delteke i fleire nasjonale og internasjonale prosjekt om klimatilpassing, og har bidrege til å utvikle eit digitalt, praktisk verktøy for kommunane sitt arbeid med klimatilpassing. Vi tok initiativ til nasjonal konferanse om klimaomstilling, som vart arrangert for andre gang i Sogndal i august, med god deltaking frå heile landet.

Når det gjeld 0-24-samarbeidet, har vi vidareført Sjumilssteget om å ta i bruk barnekonvensjonen til beste for barn og unge. Dei to siste åra har vi gjennomført eit læringsnettverk for kommunane om psykisk helse og opplæring i arbeid med utsette barn og unge. Nytt kapittel 9 A i opplæringslova har i 2017 òg vore eit høgt prioritert område.

Ved inngangen til 2017 hadde ingen kommunar i fylket ei formalisert ordning for akutberedskap i barnevernet. Saman med KS har vi sett temaet på dagsordenen på ulike møteplassar, og vi sette av skjønsmidlar til interkommunalt samarbeid om ei vaktordning. Kommunane Eid, Stryn og Gloppen starta i april, og vi reknar med at alle kommunar har ei ordning på plass i løpet av 1. halvår 2018.

Vårt embete er ressursembete for ikt og digitalisering. Vi utviklar digitale løysingar for ei meir effektiv saksbehandling og betre tenester til innbyggjarane, som vert nytta av alle embeta. I 2017 vart digital søknad om separasjon og skilsmisse fullt tilgjengeleg. Bruken av den digitale løysinga aukar, og gjer saksbehandlinga meir effektiv. I fjor fekk òg alle embeta tilgang til ei digital løysing for å administrere tilskot til trus- og livssynssamfunn. Erfaringa så langt er at den nye løysinga har ført til auka medvit om praksis i behandling av tilskotssøknader, og auka transparens ved at oversyn over tilskotsutbetalingane er offentleg tilgjengeleg på tvers av fylka.

Internt har vi gjennomført det avdelingsovergripande prosjektet *Jobbe smartare*, der målet er å gjere arbeidsoppgåvene betre og meir effektivt ved å meir aktivt nytte tilgjengelege verktøy som e-læring og Office, OneNote og Skype.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Embetet har stabile og kompetente medarbeidarar, som er godt motiverte til å utføre embetsoppdraga og gjere samfunnet betre. Vi rekrutterer godt til ledige stillingar.

Etter at regjeringa i mars i fjor vedtok at fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane og Hordaland vert slått saman frå 1.1.2019, har vi nytta mykje tid og merksemd på å førebu samanslåinga. At det vart opna for ei delt lokalisering mellom dagens kontorstader, trur vi gagnar både dei tilsette og innbyggjarane i det som vert eit nytt storfylke på Vestlandet frå 1.1.2020.

Samstundes krev ein slik prosess mykje av både leiarar og medarbeidarar, og vil i nokon grad påverke evna vår til å utføre embetsoppdraga.

På grunn av stor auke i talet på saker, stramme budsjetttrammer og lite høve til å omprioritere ressursar på tvers av departementsområda, har vi ikkje full måloppnåing på alle resultatområda på helse og sosial. Dei siste ti åra har vi opplevd ei dobling i tal hendingsbaserte tilsynssaker innan helseområdet. I tillegg vert sakene meir komplekse, med fleire tilsynsobjekt og fleire tilsynsystema, slik at fleire saker treng meir tverrfagleg samarbeid.

Det andre risiko-området vårt er verjemål. I 2017 har vi nådd resultatmåla. Sjølv om tala i dei prioriterte sakene frå oppdragsgjevarane våre er gode, opplever vi at situasjonen er krevjande og at vi må gjere harde prioriteringar. Tilgjenge, kapitalforvaltning og rekruttering, opplæring og tilsyn med verjer, er område som må prioriterast ned med dei økonomiske rammene vi har.

1.4 Andre forhold

Sogn og Fjordane har utmerkt seg med eit særskilt godt samarbeid mellom ulike aktørar innan skule og barnehage. SSB sitt oversyn over gjennomføring i

vidaregåande skule, synte i 2017 at elevane i Sogn og Fjordane har best gjennomføring i vidaregåande skule, både på studiespesialiserande og yrkesfag.

Godt arbeid over tid gjorde at Firda vidaregåande skule vart tildelt Dronning Sonjas skolepris i 2017.

I oktober vart Lærdalselvi endeleg friskmeld, etter 20 års kamp mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris.

Vi er no inne i det siste året som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det er lagt tre politiske føringar for samanslåinga med embetet i Hordaland: Det nye embetet skal ha delt lokalisering, talet på tilsette i Sogn og Fjordane skal vidareførast som i dag, og Leikanger skal vere hovudsete for det nye embetet – noko som m.a. inneber at fylkesmann og assisterande fylkesmann skal ha kontorstaden sin der.

Det nye embetet og etter kvart den nye fylkeskommunen som vert etablert 1. januar 2020, skal tene eit stort fylke med 630 000 innbyggjarar, store geografiske avstandar, mange kommunar (frå 59 i dag til 43 frå 2020) og eit mangfaldig næringsliv. Noko av styrken til Sogn og Fjordane er det gode samarbeidet som er etablert mellom ulike verksemder for å løyse samansette samfunnsoppgåver, som klimaendringar, beredskap, utsette barn og unge, integrering og folkehelse. Dei formelle nettverka som er etablerte, som Forum for skule- og barnehageutvikling og IT-forum, må vi ta med oss og utvikle vidare i eit nytt storfylke.

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Leikanger 28.02.18

Fylkesmann Anne Karin Hamre

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er:

1. å vere **sektorstyresmakt** på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ni direktorat og tilsyn
2. å vere **regional samordningsstyresmakt** for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
3. å vere **rettstryggleikshandhevar** som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
4. å verke til **gagn og beste for fylket** og å ta dei initiativ som er påkravde
5. å **orientere** sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ

2.2 Organisasjon og ledelse



Organisasjonskart

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane held til på Leikanger, med unntak av landbruksavdelinga vår som er i Førde. Anne Karin Hamre er fylkesmann, og Gunnar O. Hæreid er assisterande fylkesmann. Ved sist årsskifte var vi 136 tilsette og hadde 118 årsverk. Vi har seks avdelingar:

Administrasjon, med IKT- seksjon
 Helse - og sosial
 Juridisk, med verjemål
 Landbruk
 Miljøvern
 Utdanning

I tillegg er fagområda beredskap, kommuneøkonomi og kommunikasjon samla i staben til fylkesmannen.

Samanlikna med andre embete er det to særtrekk hjå oss. Det eine er at vi har to kontorstader. Dette har sine ulemper med reisetid mellom kontora og at landbruksavdelinga lever åtskilt frå resten av embetet. På andre sida ser vi også fordelar. Den største fordelan er at vi har ein lyttepost i ein annan del av fylket, som gjer oss betre i stand til å ha ein god dialog med kommunane som ligg lengre frå hovudkontoret. Derneist rekrutterer vi frå ein større arbeidsmarknad når vi for somme stillingar kan tilby kontorplass i to delar av fylket. Utstrekt bruk av videomøte reduserer ulempe med avstand kraftig.

Det andre særtrekket er at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte. Sakshandsamarar og IKT-utviklarar i same organisasjon gjer at vi har kort veg frå idear til digitalisering til utprøving og utvikling, og vi unngår mange feil som kjem av for lang avstand frå tingarkompetansen til utviklarkompetansen. Vi kjem meir inn på dei nasjonale oppgåvene innanfor IKT i del III.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Lærling

Vi har hatt ein lærling på IKT-drift i 2017. Læretida hans starta august 2017, og vert avslutta på nyåret 2019.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2017 var på fem prosent. Dette er høgare enn i 2016 då det var 4,02 prosent. IA-målet vårt er at sjukefråværet vårt skal vere under fire prosent.

Driftsutgifter

Vi nyttar ein stadig større del av tildelinga vår til løn. I 2016 auka lønprosenten frå 78,3 til 79 prosent.

Turnover

Vi har hatt låg gjennomtrekk i 2017.

Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	3 786

Den administrative kostnadsdekkinga er redusert med kr 1.256.000 frå 2016 til 2017.

Budsjetavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjetavvik (kr)	- 398.0
Budsjetavvik (%)	- 0.4 %

I rapporteringa for andre tertial varsla vi eit mindreforbruk. Ved årsslutt hadde vi eit meirforbruk på kr 398.000. Årsaka til dette er manglande sjukerefusjon frå Nav.

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	95 340.0
Lønn 052501	75 283.0
Lønnsandel av driftsutgifter	79.0 %

Lønsdelen av våre driftsutgifter aukar. I 2014 nytta vi 72,6 prosent av driftsutgiftene til løn og i 2017 nyttar vi 79 prosent. Dette er ein stor auke, og dette fører til mindre økonomiske handlerom.

Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	13 177
Husleie (% av driftsutgifter)	14 %

Det er ikkje vesentlege endringar i husleiga.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	38 083	24 332	13 751

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
052501	96 380
052521	5 427
Post 01 (unntatt 052501)	15 316
Post 20-29 (unntatt 052521)	41 493
Post 30-39	4 881
Post 40-49	0
Post 60-69	59 625
Post 70-79	128 305
Post 80-89	3 354

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Totalt antall årsverk pr. 31.12.	118.0
Totalt antall årsverk for kvinner pr. 31.12.	70.6
Totalt antall årsverk for menn pr. 31.12.	47.4
Totalt antall årsverk for faste stillinger pr. 31.12.	109.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger pr. 31.12.	9.0
Sum andel administrasjon	10.9 %
Økonomi	2.5
Lønn	0.5
IKT	3.5
Personal	1.8
Arkiv	4.0
Resepsjon/sentralbord	0.6
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Ein tilsett på IKT er lærling fom. juni 2017. Vi har framleis sentralbordtenestene sjølv. Administrasjonssjef er fordelt innan dei ulike fagområda. Administrative ressursar i landbruksavdelinga i Førde er og med i tala. Det er svært vanskeleg å vurdere administrativ ressursbruk i dei andre fagavdelingane, og dei er difor ikkje med i rapporteringa.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Turnover i prosent	5.9 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	136.0
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	8.0
Totalt antall ansatte som sluttet	13.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	2.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	11.0

Standardrapporten frå SAP gjev oss turnover på 6,6 %.

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 490.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	5.0 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	361.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	3.2 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 129.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	6.2 %
Antall legemeldte sykedager for menn	198.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	1.7 %
Avtalte arbeidsdager for menn	11 417.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	872.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4.8 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	18 335.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	163.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.4 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	257.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.4 %

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	86.0	63.2 %	50.0	36.8 %	544 239.0	594 918.0	91.5 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	3.0	37.5 %	5.0	62.5 %	961 232.0	952 000.0	101.0 %
Kategori 2: Seksjonsjef/Ass dir	4.0	50.0 %	4.0	50.0 %	724 910.0	724 644.0	100.0 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	30.0	55.6 %	24.0	44.4 %	563 247.0	580 470.0	97.0 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	39.0	73.6 %	14.0	26.4 %	507 554.0	513 288.0	98.9 %
Kategori 5: Kontorstillinger	6.0	85.7 %	1.0	14.3 %	443 442.0	449 230.0	98.7 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	4.0	80.0 %	1.0	20.0 %	417 130.0	376 000.0	110.9 %
Kategori 7: Lærlinger	0.0	0.0 %	1.0	100.0 %	0.0	144 810.0	0.0 %

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Sum antall ansatte	136.0
Antall kvinner	86.0
Antall menn	50.0
Sum antall deltidsansatte	20.0
Antall deltid kvinner	15.0
Antall deltid menn	5.0
Sum antall deltidsansatte grunnet omsorg jf.AML §10-2, fjerde ledd og HTA § 20	4.0
Antall deltid kvinner, omsorg	2.0
Antall deltid menn, omsorg	2.0
Sum antall midlertidige ansatte	8.0
Antall kvinner, midlertidig	5.0
Antall menn, midlertidig	3.0
Sum antall ansatte med personalansvar	11.0
Antall kvinner, personalansvar	4.0
Antall menn, personalansvar	7.0
Sum antall ansatte	136.0
Antall ansatte under 20 år	1.0
Antall ansatte 20 - 29 år	9.0
Antall ansatte 30 - 39 år	31.0
Antall ansatte 40 - 49 år	46.0
Antall ansatte 50 - 59 år	31.0
Antall ansatte over 60 år	18.0

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Vi bruker dei tradisjonelle verktya rettleiing, tilsyn og klagehandsaming for å gjere kjent og setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vår erfaring er at rettleiing er avgjerande verktoy for å få gjennomført nasjonal politikk i kommunane, og for å oppmuntre kommunane til å halde god kvalitet. Tilsyn og klagehandsaming er naudsynte supplement. Dei tre verktya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gjev oss kunnskap om kva rettleiing vi skal prioritere. Ut frå dette åtvarar vi mot ein tendens til å leggje større vekt på rolla til fylkesmennene som tilsyns- og klageorgan, og mindre vekt på rettleiing og rådgjeving.

For å rettleie og lære opp brukar vi møteplassar som konferansar, fagsamlingar, kommunemøte med ein eller fleire kommunar, målretta opplæring for einskildkommunar og læringsnettverk. Vi har særskilt god erfaring med det siste, særleg der vi gjennomfører faste regionvise samlingar i dei fire regionane i fylket.

På dei områda der vi meiner det trengst mest, brukar vi det vi etter kvart kallar «Sogn og Fjordane-modellen». Vi meiner at denne modellen har ført til at vi ligg i landstoppen på dei fleste levekårsindikatorane, som til dømes kriminalitetsrate, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse, sjukefråvær og uføregrad, sosialhjelp, medikamentbruk, tannhelse, rus og levealder. Vi er også langt framme i bruk av moderne IKT-teknologi. For meir informasjon om kva «Sogn og Fjordane-modellen» går ut på, sjå rapporteringa under hovudmål 2.

Samla meiner vi difor å ha lukkast godt på hovudmål 1.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Vi ser på god samordning og samhandling som ein avgjerande faktor for å få til gode resultat for kommunane i eit fylke. Som nemnt under hovudmål 1, ligg Sogn og Fjordane i landstoppen for dei fleste levekårsindikatorane, og vi meiner at våre initiativ til å ta i bruk «Sogn og Fjordane-modellen» på mange område, er ein av dei viktigaste grunnane.

«Sogn og Fjordane-modellen» går ut på at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen for å lage faste nettverk, der alle dei viktigaste aktørane samarbeider i formaliserte forum for å nå felles mål på ulike livsområde.

Døme på slike er:

- Forum for rus og psykisk helse, saman med Helse Førde, fylkeskommunen, RVTS, KoRus Vest, Stiftelsen Bergenklinikkene, høgskulen, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA), Nav Sogn og Fjordane, kommunerepresentant, Regionsenter for barn og unges psykiske helse og brukarorganisasjonar
- Forum for skule og barnehageutvikling, saman med KS, fylkeskommunen, høgskulen, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet. Spesielt viktig i 2017 har vore arbeidet med nytt kapittel 9 A i opplæringslova og omlegging av kompetansestrategi.
- Læringsnettverk om mindreårige flyktningar og asylsøklarar, saman med kommunane og dels IMDi, Husbanken og Nav
- Regionalt plannettverk, saman med fylkeskommunen og KS
- IT-forum Sogn og Fjordane, saman med fylkeskommunen, Vestlandsforskning, høgskulen, NHO, KS, Helse Førde, Kunnskapsparken, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Sogn og Fjordane Energi, Innovasjon Noreg, Sunnfjord Energi, Hydro Aluminium, Sogndal Fotball, Difi, Eninvest, Sognetett og Lerum
- Forum for folkehelse, helse og omsorg, saman med regionråda, Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Nav, brukarrepresentant og samhandlingskoordinator. Forumet har dette året arbeidd mest med «Drøfting og samstemming av kompetansebehov og utdanningstilbod innan helse, omsorg, sosial og folkehelse» som er eitt av fem mål i handlingsplanen for 2017. Elles har forumet avdekt at heile fylket treng fleire vernepleiarar.

Samordning mellom regionale statlege verksemdar, slik det går fram av hovudmål 2, er viktig. Men som det går fram av vår modell og dei ulike døma, meiner vi at for å lukkast med å setje i verk statleg politikk og omsetje han til gode levekår, må vi sjå vidare enn på statlege verksemdar. Vår erfaring er at vi oppnår langt betre samordning og samhandling når statlege regionale verksemdar også klarar å samhandle med fylkeskommunen, kommunane og dei kommunale regionråda, KS og private organisasjonar eller verksemdar, avhengig av livsområde.

Vi er mest uroa over korleis vi kan vidareføre «Sogn og Fjordane-modellen» i nye og større strukturar. Stundom fører omstilling til at blikket vert vendt innover i eigen organisasjon og samhandling med andre vert prioritert ned.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivarettatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Vi legg stor vekt på å utvikle gode tverrfaglege kompetansmiljø i embetet. Tilsynsgruppa, plangruppa, beredskapsarbeidet, satsinga på sjumilssteget for barn og unge og verksemdsplanlegging på tvers av avdelingar er døme på dette. Gjennom å kjenne til eit breiare spekter av fag og oppgåver, klarar vi i større grad å harmonisere praksis og innslagsnivå i tilsynssakene på tvers av fagområda. I tillegg får vi breiare kunnskap om kommunane, som vi kan bruke til å risikovurdere kvar vi skal setje inn ressursar på rettleiing, opplæring og tilsyn.

For å harmonisere praksisen vår i sakshandsaminga har vi samla juristane i juridisk avdeling, samstundes som fleire av dei har faste oppgåver for dei andre avdelingane. Slik sikrar vi felles tilnærming til felles problemstillingar for ulike fagområde, til dømes forvaltingsrettslege spørsmål og innsyn etter offentleglova. I tillegg sikrar vi deling av kommunekunnskap og dobbeltkompetanse på alle områda vi har ansvar for.

Med andre fylkesmenn har vi formaliserte faglege nettverk for å sikre einskapleg praksis, mellom anna på desse fagområda:

- Kystsonenettverk i plan og bygg, med Rogaland og Hordaland
Verjemål, med Rogaland, Hordaland, Vest-Agder og Aust-Agder
Nettverk for velferdsfag, med Rogaland og Hordaland
- Landbruksnettverk med Hordaland og delvis Møre og Romsdal om felles utviklingsprosjekt og noko sakshandsaming
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, saman med Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nav og sosialnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nettverk om helse- og omsorgstenestelova kap. 9, med Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag
Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland og Hordaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland og Hordaland

- Erfaringsutveksling for regional stat på flyktingområdet, saman med IMDi, Husbanken, UDI, Nav og fylkesmannsembeta i Hordaland og Rogaland

I tillegg har vi mykje uformell kontakt med kollegaer både på leiar- og sakshandsamarnivå på ulike fagfelt, særskilt med vestlandsfylka.

Vi har stort utbytte av samarbeid med andre fylkesmenn, både for å få felles tilnærmingar til prinsipielle problemstillingar og å samordne praksis i embeta.

Som ei førebuing til samanslåinga med Fylkesmannen i Hordaland, har vi starta eit tettare fagleg samarbeid på mange område.

Vi legg vekt på å delta på nasjonale samlingar der praksis blir diskutert. For å sikre effektiv tidsbruk og unngå reisekostnader, ønskjer vi at departement og direktorat i større grad legg til rette for strøyming av samlingane over nettet.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Vi viser til rapporteringa under hovudmål 1 og 2, om korleis vi stadig tek initiativ til samordnings- og samhandlingsforum for å få til gode resultat og å setje i verk statleg politikk på ulike område, det vi har kalla «Sogn og Fjordane-modellen». Ut frå dette meiner vi å vere særskilt aktive i å ta i bruk initiativrolla vår.

Vi legg også vekt på å ha god dialog med og vere tilgjengelege for kommunane, slik at dei kan ta opp uklare reglar eller uheldige eller utilsikta utslag av statleg politikk med oss, for at vi kan formidle vidare til relevant departement eller direktorat.

Vi meiner initiativrolla og rolla som lyttepost framleis må vere eit hovudmål for fylkesmennene. Vi er kritiske til at tilsyns- og klageinstansrolla til fylkesmennene blir stadig sterkare framheva av Stortinget og departementa, medan initiativ- og lyttepostrolla knapt vert nemnt. Vi trur ikkje at tyngre vekt på tilsyn og klagesaker like godt motiverer kommunane til å gjennomføre nasjonal politikk, som rettleiing og rådgjeving ut frå behova kommunane i kvart fylke har.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Internt har vi organisert planarbeidet slik at ei eiga plangruppe på miljøvernavdelinga koordinerer alle innspel frå ulike fagområde til kommunale og regionale planar. Plangruppa bidreg også til interne avklaringar mellom ulike arealbruksinteresser. Vidare har vi ei tverrfagleg plangruppe på embetet der spesielt landbruk og beredskap er tungt inne, men med aktiv deltaking også frå juridisk (planjuss), helse (folkehelse) og dels også utdanning (barn og unge). Vi har dermed ein planperson på kvar fagavdeling som bidreg med solid fagkompetanse inn i plansaker og planprosessar.

Medlemmane i den tverrfaglege plangruppa deltek også i Planforum der planutkast frå kommunane vert lagt fram og drøfta, noko som bidreg til å redusere konflikhtar og motsegner. Vi prioriterer deltaking i planforum høgt, og stiller ofte breitt med fleire fagpersonar.

Vi har i mange år prioritert plansakene høgt. Spesielt formidlar vi til kommunane at dei må leggje vekt på overordna planlegging (samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen). Saman med fylkeskommunen har vi etablert eit læringsnettverk for kommunal planlegging, med fleire årlege samlingar i dei tre regionane i fylket.

Planprosesser – formidling av nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Vi arbeider systematisk med å styrke plankompetansen i kommunane, og legg stor vekt på tidleg involvering i store og viktige saker, som t.d. arealdelen til kommuneplanen. Framleis er det likevel mange dispensasjonssaker som kjem til vurdering. Vi har effektivisert sakshandsaminga av små og kurante plan- og dispensasjonssaker, m.a. ved bruk av standardbrev med konkrete innspel til lite konflikttulle dispensasjonssaker og oppstart av reguleringsplanar der arealbruken er i samsvar med arealdelen. [Rutinebrev og standardbrev ligg på nettstaden vår](#). Vi har også utvikla nettstaden (under plan og bygg/arealforvaltning) med mykje rettleiingsstoff for kommunane i Sogn og Fjordane. Med dette har vi effektivisert arbeidet og redusert risikofaktorane.

Som eit kompetanseoppbyggingstiltak i kommunane har vi, i samarbeid med fylkeskommunen, sidan 2015 arrangert regionsvise læringsnettverk på planområdet for kommunane i fylket. Vi har dei siste to-tre åra lagt mykje tid og ressursar i å få desse læringsnettverka til å fungere godt og bli eit godt forum for planleggjarane i kommunane. I 2017 har vi saman med fylkeskommunen arrangert ei tre-dagers plansamling for alle kommunane i fylket samla, der vi tok opp mange viktige plantema og formidla nasjonale og regionale omsyn.

Vi har tett dialog med fylkeskommunen, med samarbeid om planforum, læringsnettverk og årlege plansamlingar for kommune-planleggjarar. Vi har i mange år hatt ei arbeidsdeling med fylkeskommunen på planområdet. Utanom kulturminneområdet har fylkeskommunen dessverre i liten grad gitt innspel til høyringar frå kommunane på plan- og dispensasjonssaker.

Internt har vi organisert planarbeidet i ei eiga plangruppe på miljøvernavdelinga som koordinerer alle innspel frå ulike fagområde til kommunale og regionale planar. Vidare har vi ei tverrfagleg plangruppe på embetet der spesielt landbruk og stab/beredskap er tungt inne, men med aktiv deltaking også frå juridisk (planjuss), utdanning (barn og unge) og helse (folkehelse).

Andel relevante kommunale (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100 %.

Vi medverkar tidleg i alle kommunale og regionale planar gjennom fråsegner til oppstartvarsel og også gjennom deltaking i regionalt planforum når kommunane ønskjer det.

Mekling i planer med (fra kapittel 3.1.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100 %.

Vi har mekka i alle saker med uløyste motsegner. I 2017 mekka vi i fire saker.

Mekling i planprosesser med uløste innsigelser

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

Landbrukets arealressurser er (fra kapittel 3.1.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Landbrukets arealressurser er ivarettatt i alle planprosesser.

Landbruksarela og andre landbruksinteresser er som regel omtala i planutkastet. Disse opplysningane vert vurderte og kommenterte av oss med vekt på nasjonale mål om redusert omdisponering av dyrka jord.

Reduksjon i omdisponering (fra kapittel 3.1.1.1.6 i TB)**Rapportere på**

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord sammenlignet med 2015.

Rapporterte tal frå kommunane til SSB på omdisponering av dyrka jord, viser ein nedgang på 71 dekar frå 2015 til 2016.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

Resultat. Så mye mindre ble omdisponert i 2016	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2015	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2016
71.0	236.0	165.0

2016 er det siste året vi har tal frå SSB.

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Innpela våre til kommunale planar har tradisjonelt først og fremst vore konsentrert om arealbruk i strandsone, viktige område for biologisk mangfald og omsyn til barn og unge, og i seinare tid i større grad også folkehelse.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging er samstundes alltid trekt fram som viktige tema ved oppstart av revisjon av overordna arealplanar og ved oppstart av reguleringsplanar der dette er aktuelt. Vi har utover dette ikkje hatt kapasitet til å jobbe med utfordringar med transport utanom å bidra til mest mogeleg konsentrert arealbruk i plan- og dispensasjonssaker. I den samanhengen er det viktig å vere merksam på at Sogn og Fjordane har eit utfordrande desentralisert utbyggingsmønster og dårleg utbygd kollektivtransport.

Vi viser til dei statlege planretningslinjene der dette er relevant, til dømes om areal og transportplanlegging. Vi har ein eigen jordvernstrategi som byggjer på ein langsiktig strategi vedteken av Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane i 2009.

Alle planer etter plan- (fra kapittel 3.1.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnsikkerhet, herunder klimaendringer.

Vi har gått gjennom alle kommuneplanane og hovudtyngda av reguleringsplanane som vi har hatt på høyring. Vi har ikkje kapasitet til å sjå på alle planar som kjem inn, og har difor prioritert ned dispensasjonssaker. I perioder med ekstra stor arbeidsbelastning prioriterer vi kva reguleringsplanar vi ser nærare på. I dei reguleringssakene som vi ikkje har høve til å gå nærare inn i, sjekkar vi som eit minimum at det er gjort ein ROS-analyse.

Vi har nytta motsegn i dei tilfella vi har meint at omsynet til samfunnsryggleik har vore vesentleg sett til side. Dei temaa som oftast gir grunn til merknader eller motsegn, er mangelfulle risikovurderingar, mangelfull oppfølging av konklusjonane frå ROS-analysen i plankartet og føresegnene, og at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til klimaendringar.

Vi har formidla dei nye rettleiarane frå DSB til kommunane, gjennom fråsegn til oppstartsvarsel og høyringsutkast, foredrag og innlegg i ulike samanhengar og gjennom direkte rettleiing av kommunane.

Konsekvensane av klimaendringar har lenge vore eit område som har fått særleg merksemd frå embetet, ikkje minst i behandling av plansaker. Når vi uttalar oss til plansaker vurderer vi alltid om det er teke tilstrekkeleg omsyn til klimaendringane i ROS-analysen. Konsekvensane av klimaendringane er eit tema som går att i vår rettleiing av kommunane og når vi uttalar oss til oppstart av planprosessar.

Vi har delteke i eit FoU-prosjekt saman med Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet som vart avslutta i september. Målet med prosjektet var å utvikle eit digitalt verktøy for ROS-analysar i kommunane, som skal bidra til å heve kvaliteten på analysane. Omsynet til klimaendringane i vurderinga av risiko- og sårbarheit hadde særleg merksemd i prosjektet. Verktøyet byggjer på rettleiaren frå DSB for ROS-analysar i arealplanlegging.

3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

Vi har nytta etablerte møtearenaer på utdanningssektoren til felles rettleiing og informasjon. Ut frå målgruppe på dei ulike møteplassane har vi spissa informasjonen. Vi har også nytta videomøte, telefonmøte, informasjonsskriv og nettside for å nå ut med informasjon. Ved publisering på nett er vi spesielt merksame på målgruppa for dei ulike artiklane.

I 2017 har områda *ny rammeplan, nytt kapittel 9 A i opplæringslova og kompetanseutvikling* hatt mykje merksemd.

Ny rammeplan

Ny rammeplan har vore tema overfor både barnehagemyndigheit og barnehagestyrarar. Vi har gjennomført regionale samlingar for å følgje dette opp. Denne organiseringsforma har gjort dialogen tettare og meir konkret på innhald, arbeid og forventingar.

Regional kompetanseutvikling

Dette oppdraget har vi følgd opp gjennom *Forum for barnehage- og skuleutvikling*. I tillegg har vi hatt eigne møte med nettverka i kvar region saman med Høgskulen på Vestlandet.

Det har vore krevjande å få kvart einskild nettverk til å einast om felles satsingsområde. Ut frå erfaringane dette året ser vi at vi må følgje samarbeidet tett i 2018.

Det var ingen skular i Sogn og Fjordane som kom inn under oppfølgingsordninga.

Symjeopplæring 1.- 4.trinn

Vi har samla informasjon frå skuleeigar om korleis den obligatoriske ferdigheitsprøven og kartleggingsøvingane vert nytta. Kommunane melder at desse vert nytta aktivt i undervgsvurderinga til eleven; for kartlegging, tilbakemelding og framovermelding.

Nytt kapittel 9 A i opplæringslova

Her har vi mellom anna hatt informasjonsmøte med skuleleiarar, lærarar og andre tilsette i skulen. I nokre kommunar har vi i nært samarbeid med kommunalsjef gjennomført samlingar før skulestart i august 2017. Vi vurderer desse samlingane som svært nyttige for det førebyggjande arbeidet som vert gjort i skulane.

Vi har saman med helse- og sosialavdelinga jobba mykje med feltet flyktingar og asylsøklarar, og skulevegning og psykisk helse. Her har vi arrangert fagsamlingar av tverrfagleg karakter. Dette har vorte svært godt motteke frå kommunane.

På bakgrunn av kjennskap til skulane i fylket oppretta vi dialog med ein skuleeigar og nominerte *Firda vidaregåande skule* til den nasjonale Dronning Sonjas skolepris. Godt arbeid ved skulen over tid førte til at dei vann prisen i 2017.

Vi legg vekt på at informasjon og dialog med kommunane er tilpassa skuleeigar og barnehagemyndigheit. Skriftleg informasjon er på alle prioriterte områda supplert med ei rekkje møtepunkt der kommunane sine særskilde problemstillingar kan drøftast.

Arbeidet med samordning av regional stat har vi vidareført i same spor som i 2016.

Vi meiner vi har jobba målretta og godt med informasjon og rettleiing ut frå behova til kommunane og vårt oppdrag med å bidra til å gjennomføre statleg politikk.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehageeigar og barnehagemyndigheit

I rapporten *Spørsmål til Barnehage-Norge* viser tabell 16-3 at barnehagemyndigheita si tilfredshet med støtte og rettleiing til kompetanseutvikling har ein snittsverdi på 3,6 prosent for fylket. Det er 0,1 prosent over landsnittet for 2017, og på nivå med landssnittet for 2016. Det er 14 kommunar som har svart.

Vi les dette resultatet som eit uttrykk for at målretta og systematisk arbeid over tid for å heve kompetansen til kommunen som barnehagemyndigheit, har gitt resultat.

Skuleeigar

I rapporten *Spørsmål til Skole-Norge* viser tabell 8.4 ein snittverdi på 3,9 for Sogn og Fjordane i 2017. Vi ser at det berre er sju skuleeigarar som har svart, og må tolke resultatata med varsemd. Resultatmålet er nådd.

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
0.1	3.5	3.6

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
3.8 %	0.1 %	3.9 %

3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap

Embetet deltok i "prosjekt samvirke", eit pilotprosjekt for nødnett i regi av DSB (tidlegare DNK). Ni kommuner frå fylket var òg med i prosjektet, i tillegg til Sogn og Fjordane Røde Kors, Elkem Bremanger, Telenor og Securitas. Føremålet med prosjektet var å teste ut nødnett i nye brukargrupper, for å sjå kva gevinst for samfunnet det kan gi, særleg for samvirke.

Som ein del av prosjektet gjennomførte vi i desember ei kriseøving med åtte av deltakarkommunane, i tillegg til Securitas, Røde Kors og Sivilforsvaret. Øvingsscenarioet var eit atomuhell. I tillegg til å handtere det, var det eit viktig mål å prøve ut bruken av nødnett i kommunikasjonen og samvirket mellom aktørane.

For å følgje opp tilsyn har vi dei siste åra hatt rettleiingsdagar for kommunar som vi har hatt tilsyn i. Vi gjennomførte to slike dagar i 2017 (januar og september). Alle kommunane som har fått tilbodet, har takka ja til å delta, og dei har gitt svært positive tilbakemeldingar om nytten av å vere med.

Vi har laga ny brukarrettleiar for CIM, både for eigen kriseorganisasjon og for kommunane. Vi gjennomførte eit CIM-kurs med deltakarar frå kommunane Solund og Hyllestad.

Beredskap innan barnehage- og skuleområde er fast tema under tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Vi har særleg drøfta trongen for samordning både av prosessen med beredskapsplanlegging, og det konkrete innhaldet i planane, mellom den enkelte eininga (skule eller barnehage) og kommuneleinga.

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene. (fra kapittel 3.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene.

Vi hadde tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta i seks av 26 kommunar (Gulen, Sogndal, Hyllestad, Naustad, Gaular og Stryn). Det var planlagt eit sjuande tilsyn, men det er flytta til våren 2018 fordi tilhøve i kommunen gjorde det vanskeleg å gjennomføre det.

Tilsynet i Hyllestad var eit felles tilsyn mellom helse- og sosialavdelinga og beredskapseininga. Tema var §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og lov om helsemessig og sosial beredskap § 2-2 med tilhøyrande forskrifter.

Det er framleis mange av kommunane som får avvik, først og fremst fordi den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen ikkje oppfyller krava i lov og forskrift.

Vi hadde opningsmøte via Skype før tilsyna på våren og det same før tilsyna på hausten. Alle kommunane takka ja til å delta. Det vesentlege av innhaldet i møta var rettleiing om våre forventingar og forståing av kva krav lovverket stiller til samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt med ¼ av kommunene

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	- 1.92	23.08 %	26.00	6.00

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ (fra kapittel 3.1.1.3.1.2 i TB)**Rapportere på**

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

I tillegg til øving av kriseleinga i åtte kommunar, har vi hatt øvingar for alle kommunane i bruk av krisestøtteverktøyet CIM. Vi har hatt fleire sambandsøvingar for kommunane som deltok i nødnettprosjektet. I desember hadde vi ei øving i bruk av satellittelefon, der storparten av kommunane deltok.

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen skal fylle ut antall øvelser gjennomført med kriseorganisasjonen i kommunene. Avvik fra resultatmålet skal kort begrunnes i kommentarfeltet.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kommuner i embetet	Antall kommuner det er gjennomført øvelser med
25.00 %	5.77	30.77 %	26.00	8.00

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har i samarbeid med Nav-fylke laga opplæringsplan, og vi har to gonger i 2017 arrangert opplæringsssamling for nytilsette om sosialtjenestelova og forvaltingslova. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har i samarbeid med Nav-fylke arrangert fagsamling for Nav-tilsette om aktivitetsplikt og barneperspektivet. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har i samarbeid med FMHO arrangert grunnkurs og vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har bidrege med faglege innlegg på regionale sosialfaglege nettverk. Tre av fire regionar i fylket har slike nettverk.

Vi har bidrege med faglege innlegg på samlingar for Nav-leiarar.

Vi har i etterkant av fleire klagesaker gjeve særskild skriftleg rettleiing om sosialtenestelova til Nav-kontora der dette har vore naudsynt.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Vi har i samarbeid med Nav-fylke laga opplæringsplan, og vi har to gonger i 2017 arrangert opplæringsssamling for nytilsette om sosialtenestelova og forvaltingslova. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har i samarbeid med Nav-fylke arrangert fagsamling for Nav-tilsette om aktivitetsplikt og barneperspektivet. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har i samarbeid med FMHO arrangert grunnkurs og vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving. Alle Nav-kontor har fått tilbod om dette.

Vi har bidrege med faglege innlegg på regionale sosialfaglege nettverk. Tre av fire regionar i fylket har slike nettverk.

Vi har bidrege med faglege innlegg på samlingar for Nav-leiarar.

Vi har i etterkant av fleire klagesaker gjeve særskild skriftleg rettleiing om sosialtenestelova til Nav-kontora der dette har vore naudsynt.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	26	26

3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Vi har arrangert *Forum for helsestasjon* som er ei todagars samling for tilsette på helsestasjon; jordmødrer, helsestasjonslegar og helsesøstrer. Dei ulike faggruppene har både felles program og parallelle sesjonar tilpassa yrkesgruppene. Informasjon om dei nye faglege retningslinjene for Svangerskapsomsorgen – hvordan å avdekke vold, Spedbarnsernæring og dei nasjonale faglege retningslinjene for helsestasjon og skulehelseteneste vart grundig gjennomgått på samlinga (jamfør oppdrag 3.1.3.1.7 i TB for 2017). Samarbeidet med Helsedirektoratet og med LaH NSF Sogn og Fjordane (den lokale gruppa for helsesøstrer i Norsk Sykepleierforbund) har fungert godt. I planlegginga av helsestasjonsforum for 2018 vil vi trekkje representantar for jordmødrer meir aktivt inn i førebuingane.

Fylkesmannen har informert om Helsedirektoratets tilskotsordningar til helsestasjon og skulehelseteneste. Sju kommunar i fylket har fått tildelt pengar frå tilskotsordning «Helsestasjon og skulehelseteneste». Fire kommunar har fått frå ordninga «Skulehelseteneste i vidaregåande skule».

<https://www.fylkesmannen.no/nm/Sogn-og-Fjordane/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Styrking-av-helsestasjon-og-skulehelsetenesta-i-Sogn-og-Fjordane/>

Forum for helse, omsorg og folkehelse (HOF-forum) er ein etablert møteplass for leiarar i kommunane, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet, KS, fylkeskommunen, brukarar og Fylkesmannen. HOF- forum har hatt «Drøfting og samstemning av kompetansebehov og utdanningstilbod innan helse, omsorg, sosial og folkehelse» som eitt av fem mål i handlingsplanen for 2017, og vi har brukt mykje tid på dette punktet. Vi har betra samarbeidet mellom helse- og omsorgsutvalet, KS og høgskulen. Arbeidet i HOF har mellom anna vist at alle regionane i fylket treng fleire vernepleiarar, at kommunane etterlyser ein generalistsjukepleiarutdanning og at vi må jobbe vidare med å skaffe nok og varierte lærlingplassar.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 70 % av kommunene har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer på helse- og omsorgsfeltet, bl.a. kompetanse- og rekrutteringsplaner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode.

Vi har i 2017 arrangert nettverkssamling for leiarar i kommunale helse- og omsorgstenester om rekruttering, etter- og vidareutdanning (auka kompetanse) i tillegg til leiing og kvalitetsforbetring av habilitering- og rehabiliteringsarbeidet.

Det var låg svarprosent på Helsedirektoratet si QuestBack-undersøking. Berre 9 av 26 kommunar svarte og berre 8 av 26 svarte på denne delen (31 prosent). Av dei åtte kommunane som svarte var det seks som hadde ein langsiktig plan for å møte utfordringane innan kommunale helse- og omsorgstenester.

Vårt inntrykk er likevel at kommunane overordna planlegg korleis dei skal møte utfordringane innan kommunale helse- og omsorgstenester, men at ikkje alle kommunar kan dokumentere at dei gjer det på tilstrekkeleg systematisk måte.

Eit overordna trekk er også her i fylket at fleire kommunar legg vekt på hjelp i eigen heim heller enn i institusjon.

Andel av kommunene som har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer

Resultatmål	Differanse	Resultat
70	5	75

Det var låg svarprosent. Berre 9 av 26 kommunar svarte (35 %).

Flere kommuner enn i (fra kapittel 3.1.3.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner enn i 2015 gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens [1].

[1] Antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud og antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud fremkommer av Helsedirektoratets oversikt over tildelt tilskudd. Oversikten oversendes fylkesmennene 3 ganger i året. I tillegg fremkommer antall kommuner som har dagaktivitetstilbud til personer med demens i Kostra-skjema 4 pkt. 4. Totalt antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud fremkommer av nasjonale kartlegginger av kommunenes tilrettelagte tjenestetilbud for personer med demens. Siste kartlegging var i 2014, og neste er i 2018.

I 2017 er det 14 kommuner som har eit dagaktivitetstilbud til heimebuande personar med demens (54 prosent), mot 11 kommuner i 2015 (42 prosent). Frå 2015 til 2017 har det altså skjedd ein relativ auke med om lag 29 prosent.

Talgrunnlag frå Kostra i kombinasjon med seinaste situasjonsrapport frå 2017 syner at det framleis er kommuner som ikkje har eit dagaktivitetstilbud til heimebuande personar med demens, og som heller ikkje har søkt om tilskotsmidlar i 2017.

Vi har i 2017 arrangert ei dagsamling for leiarar og tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester om tilrettelegging av dagaktivitetstilbud til heimebuande med demens.

Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens

Resultat	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2015	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2016
3	11	14

Talgrunnlag frå Statistikkbanken.

Flere personer med dem (fra kapittel 3.1.3.1.1.3 i TB)**Rapportere på**

Flere personer med demens får dagaktivitetstilbud sammenliknet med 2015 [1].

[1] Se referanse under fotnote 3.

I 2016 er det 448 heimebuande personar med demens som får eit dagaktivitetstilbud, mot 368 personar i 2015. Frå 2015 til 2016 har det altså skjedd ein auke på 80 personar eller om lag 22 prosent.

Helsedirektoratets situasjonsrapportar syner at trenden held fram også i 2017 slik at fleire personar får eit slikt tilbod i 2017 enn i 2016.

Antall hjemmeboende personer med demens som får dagaktivitetstilbud

Resultat	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2015	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2016
80	368	448

Talgrunnlag frå Statistikkbanken. Brukarar frå 67 år og eldre. Alle brukarar.

Personell i helse- og (fra kapittel 3.1.3.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

I 2016 er det 4 511 tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester med formalkompetanse, mot 4 413 tilsette i 2015. Frå 2015 til 2016 har det altså skjedd ein auke på 98 personar eller om lag to prosent.

Talet på sysselsette, årsverk og årsverk med fagutdanning i kommunale helse- og omsorgstenester har auka frå 2015 til 2016. Delen av årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning har auka frå 69 prosent i 2015 til 71 prosent 2016.

For desse fagområda er årsverktalet høgare i 2016 enn i 2015: Helsefagarbeidarar, sjukepleiarar, psykiatriske sjukepleiarar, helsesøstrer, jordmødrer, fysioterapeutar, ergoterapeutar.

Årsverktalet har minka i 2016 for desse: Vernepleiarar, geriatiske sjukepleiarar.

Vi har høgare del sjukepleiarar i brukarretta tenester med vidareutdanning i vårt fylke (26,8 prosent) enn i resten av landet (22,4 prosent).

I 2016 var det 133 tilsette innan kommunale helse- og omsorgstenester som tok vidareutdanning i psykisk helsearbeid.

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse

Resultat	Antall personell i 2015	Antall personell i 2016
98	4 413	4 511

Talgrunnlag frå Statistikkbanken. Sysselsette med helse- og sosialfagleg utdanning i helse og sosialtenester, etter statistikkvariabel, region, fagutdanning, alder, år og sektor.

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenlignet med 2015 . (fra kapittel 3.1.3.1.1.5 i TB)**Rapportere på**

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenlignet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8 for 2015 og brukes til oppfølging av kommunene i 2017. IS 24/8 for 2016 brukes for å måle måloppnåelsen ved utgangen av året.

Det er få kommunar i fylket som har søkt om tilskot for tilsetjing av psykolog. Fleire kommunar har måtta betale tilbake slikt tilskot. Dette skal ikkje tolkast som manglande vilje til å tilsette psykolog, men heller vanskar med å rekruttere og halde fast på psykologar i kommunane.

Det er 7,3 årsverk i stilling som psykolog i kommunane i fylket.

Fire grupper av kommunar har valt ei interkommunal løysing. I to grupper er det to kommunar, ei gruppe har ni kommunar i Indre Sogn og ei gruppe har fem kommunar i Nordfjord.

Vi ser at deling av psykolog i større interkommunale løysingar kan føre til at psykologen vert nytta på eit meir overordna nivå heller enn brukarretta.

Alle 26 kommunar har blitt gjort kjende med at det er lovfesta å ha psykologkompetanse innan 2020.

Kommunane i Nordfjord har hatt eit prosjekt som laga ein modell for felles psykologkontor som kunne yte tenester til heile regionen, samstundes som psykologane har eit fagleg fellsskap. Førabels har denne modellen tilsett 1,3 årsverk som om kort tid kan auke til 2,3 årsverk dersom dei får søkjarar til ei ny stilling det vart søkt om tilskot til hausten 2017.

Tal for 2017 syner 8,3 årsverk i kommunane til saman.

Antall kommuner som har ansatt psykolog

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
0	18	18

Ei kommunar har to stillingar, ei kommune har ei stilling, to kommunar delar ei stilling, to kommunar delar ei stilling, fem kommunar delar ei og ei tredjedel stilling, sju kommunar delar ei stilling. I alt 7,3 stillingar fordelt på atten kommunar.

Økt andel av pasienter (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IPLOS/SSB. Andelen beregnes ved å dele antall personer som får hab/rehab i kommunen på totalt antall personer med registrert behov for hab/rehab i kommunen.

Talgrunnlag frå Kostra/Statistikkbanken syner at det i 2016 var 1 343 personar som fekk eit kommunalt habiliterings- eller rehabiliteringstilbod i eller utanfor institusjon, mot 1 215 personar i 2015. Frå 2015 til 2016 har det altså skjedd ein auke med 128 personar eller om lag 11 prosent.

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene

Resultat	Andel pasienter i 2015	Andel pasienter i 2016
0 %		

Tal personar med registrert behov for habilitering/rehabilitering er ikkje tilgjengeleg i Kostra/Statistikkbanken. Vi kan difor ikkje kunne rekne ut delen som vert etterspurt.

Flere kvalifiserte årsverk (fra kapittel 3.1.3.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Flere kvalifiserte årsverk enn i 2015 arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

Talet på årsverk i helse- og omsorgstjenestene til rehabilitering per 10.000 innbyggjarar har auka frå 15,3 årsverk i 2015 til 16,7 årsverk i 2016.

Kommunane gir tilbakemelding om at det er utfordrande å få dekt behovet for logoped.

Vårt inntrykk er at kommunane brukar andre yrkesgrupper i tillegg til fysioterapeutar og ergoterapeutar, til habilitering og rehabilitering.

Flere kvalifiserte årsverk arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene

Resultat	Antall kvalifiserte årsverk i 2015	Antall kvalifiserte årsverk i 2016
5	163	168

Talgrunnlag frå Kostra/Statistikkbanken syner fysioterapiårsverk og ergoterapiårsverk i kommunale helse- og omsorgstenester.

Minst ett innsatsområde (fra kapittel 3.1.3.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Minst ett innsatsområde er iverksatt i minst en relevant avdeling i 75 % av kommuner [1].

[1] Helseidirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode. Resultatet av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Ti av 26 kommunar søkte om og fekk tildelt tilskot til styrking av habiliterings- og rehabiliteringstenestene frå Opptreppingsplanens midlar. Dei fleste av prosjekta handla mellom anna om utarbeiding av eller revisjon av plan for kommunens (re)habiliteringsarbeid. Mange av kommunane i fylket har no tilbod om kvardagsrehabilitering. Fleire av kommunane har arbeidd med dette som prosjekt med tilskotsmidlar frå *Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot*. Det er også gjeve tilskot frå denne ordninga til andre (re)habiliteringsprosjekt dei siste åra.

Opptreppingsplanen har vore tema på Fylkesmannens nettverksamling for leiarar i helse- og omsorgstenestene i fylket.

I Helseidirektoratets kartlegging av (re)habiliteringsarbeidet i kommunane hausten 2017, svarta 46,2 prosent av kommunane at dei hadde plan for habilitering og rehabilitering.

Innsatsområde iverksatt

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	10 %	85 %

Personar med behov for langvarige og koordinerte tenester har i stor grad IP og oppnemnd koordinator. (Kommunar som har svarta 4 og 5 på Helseidirektoratets spørjeskjema.)

3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptreppingsplan for rusfeltet 2016-2020

Fylkesmannen samarbeider tett med kompetansesenter rus, Bergen om tiltak på dette område. Måloppnåinga er nådd på dei fleste områda, men det er vanskelig å nå måla på enkelte område i kommunane. På landsbasis er det 303 av 423 kommunar som svarar at dei har kartlagt rusmiddelsituasjon ved hjelp av Brukerplan eller anna type kartlegging. I fylket vårt viser resultat frå IS-24/8 at det i 2017 er 31 prosent som har nytta *Brukerplan*, 23 prosent ungdomata og 15 prosent anna kartlegging etter kommunestorleik.

Fleire kommunar har etablert aktivt oppsøkande behandlings- og oppfølgingslag, men på grunn av mange små kommunar er det ingen som har reine ACT- eller FACT-lag i fylket.

Alle kommunane rapporterer at dei har sektorovergrepande system for identifisering av personar med behov for tidleg intervensjon ved rusrelatert problematikk.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 70 % av kommunene sikrer brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helsefeltet [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Både Opptreppingsplanen for psykisk helse, Samhandlingsreforma, Folkehelsemeldingen og *Opptreppingsplan på rusfeltet* framheva brukarmedverknad som eit viktig aspekt i utviklinga av tenestene. Trass i dette viser den seinaste kunnskapsoppsumminga innan psykisk helsearbeid at brukarmedverknad verken er ein innarbeidd del av tenestene på system- eller individnivå. Over 300 av landets kommunar (73 prosent) seier dei sikrar brukarmedverknad, men berre 44 prosent av kommunane svarar at dei systematisk har innhenta brukarferingar i dei siste tolv månadane.

På fylkesnivå svarta 77 prosent av kommunane at dei sikra brukarmedvirkning i tenesteutviklinga. I tenestestytinga til enkeltpersonar viser tal frå IS 24/8 for 2017 at 67 prosent av kommunane seier dei har ei "recoveryorientert" tilnærming som dei jobbar etter. Det er nok framleis ein veg å gå på dette område.

I mange år har Fylkesmannen i samarbeidsforum ut mot kommunane hatt rusettervernet og mental helse som faste representantar. Dette har vore veldig nyttig og lærerikt.

Brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helse

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	7 %	77 %

90 % av kommunene har kartlagt (fra kapittel 3.1.3.2.1.2 i TB)

Rapportere på

90 % av kommunene har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved brukerplan eller annen kartlegging [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Talgrunnlaget syner at 11 av 26 kommunar (42 prosent) har kartlagt rusmiddelsituasjonen med Brukarplan.

Vi har i samarbeid med Bergensklubben og NAPHA, og gjennom faglege innlegg på nettverkssamlingar, arbeid for å få fleire kommunar til å kartlegge rusmiddelsituasjonen.

Kartlagt rusmiddelsituasjonen

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
90 %	- 48 %	42 %

70 % av kommunene har (fra kapittel 3.1.3.2.1.3 i TB)

Rapportere på

70 % av kommunene har sektorovergripende system for identifisering av personer med behov for tidlig intervensjon ved rusrelatert problematikk [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8

Talgrunnlaget syner at 8 av 26 kommunar (31 prosent) har eit system for å identifisere rusrelaterte problem på tvers av tenestene.

Vi har gjennom faglege innlegg på nettverkssamlingar arbeid for å få fleire kommunar til å ha eit slikt system.

Sektorovergripende system for identifisering av personer

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	- 39 %	31 %

Fleire kommuner har etablert (fra kapittel 3.1.3.2.1.4 i TB)

Rapportere på

Fleire kommuner har etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam for menneske med rus- og psykisk helseproblematikk enn i 2016 [1].

[1] Tall hentes fra rapportering på tilskuddsordning "Langvarige sammensatte" (765.60) og "Kommunalt rusarbeid" (765.62) sett i sammenheng med IS 24/8.

Talgrunnlaget syner at 20 av 26 kommunar har oppsøkjande team i 2017.

Etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
20	0	20

3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid

I innspel til samfunnsdelen av kommuneplanar har Fylkesmannen lagt vekt på at satsingar på levekår og livskvalitet skal byggje på utfordringar frå folkehelseoversikta i kommunen, og ha merksemd på sosial utjamning. Dei samfunnsdelane som vi har hatt på høyring, legg i større grad enn tidlegare vekt på behovet for å skape inkluderande lokalsamfunn og rammer for inkludering og trivsel. Vårt inntrykk er at kommunane har ei auka medvit om behovet for ein bustadpolitikk som tek sosiale omsyn, men at det er utfordrande å omsetje dette til handling.

I februar starta eit formalisert samarbeid for folkehelse mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde HF, Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NAV og KS/kommunane i fylket. Hovudmåla er å etablere eit forpliktande fagleg samarbeid og kompetansmiljø i fylket rundt innsamling og publisering av folkehelsedata og indikatorar, i tillegg til analyse og faglege utgreiningar på kort og lang sikt. Vidare skal det etablerast ein felles portal for publisering og formidling. Arbeids- og styringsgruppene har jamlege møte. Vi har delteke i planlegginga av ein fagdag om Levekår og livskvalitet (folkehelse) i kommunale planar, i regi av KS og fylkeskommunen. I tillegg får åtte kommunar tilbod om å delta i eit læringsnettverk om innsamling og handsaming av oversiktsdata. Dette tilbodet går til dei kommunane som vi i samråd med fylkeskommunen vurderer som dei som er komne kortast i det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet. Tilbodet startar våren 2018.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mars 2018 som mål å sende inn søknad om å bli programfylke for program for folkehelsearbeid i kommunane. Tema for søknaden er utvikling og spreiding av allereie eksisterande tiltak for barn og unge, og betre samordning mellom kommunar og institusjonar. I arbeidet med søknaden har fylkeskommunen invitert alle kommunane til tre samlingar for å kartlegge behov og ressursar for å fremje psykisk helse og livskvalitet for barn og unge. I tillegg har Høgskulen på Vestlandet invitert til eit dialogmøte med regionale aktørar og kommunar for å avklare forskning og utviklingsoppgåver. Fylkesmannen er med i det regionale samarbeidsorganet for programmet, som har hatt tre møte. Deltakarane har høve til å kome med innspel og verte orienterte om framdrifta i søknadsarbeidet. Totalt har partnaraskapen som bidreg i prosessen med å utforme søknaden, hatt sju møte.

Minst 75 % . (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 75 % [1].

[1] Helsedirektoratet vil ha dialog med fylkesmannen om kartleggingsmetode. Resultater av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Det var låg svarprosent på Helsedirektoratet sin QuestBack-undersøking. Berre 9 av 26 kommunar svarte og berre 8 av 26 svarte på folkehelsedelen (31 prosent). Av dei åtte kommunane som svarte, var det sju kommunar (om lag 90 prosent) som hadde eit oversiktsdokument over folkehelsa og ein langsiktig plan for folkehelse i kommuneplanen. Vi trur prosentdelen på 90 er representativ for status i fylket, ut frå vår eiga kartlegging.

Rundt årsskiftet 2016/2017 gjennomførte vi i samarbeid med fylkeskommunen ei kartlegging av status for folkehelsearbeidet. Resultatet låg føre våren 2017. Det var høg svarprosent, alle 26 kommunar svarte. Om lag halvparten hadde utarbeidd eit oversiktsdokument over folkehelsa medan resten var godt i gang med å gjere ferdig eit slikt dokument.

I alt 24 kommunar har gjort ferdig planstrategiane for perioden, og mål for levekår og livskvalitet er med i desse.

Vi har i 2017 fått sju samfunnsdelar til kommuneplan på høyring. Vi har gitt generell tilbakemelding om at planstrategi og samfunnsdel til kommuneplan skal byggje på oversiktsdokumentet over folkehelsa og at prioritering av tiltak skal gjennomførast i tråd med den langsiktige planen for folkehelse i kommuneplanen.

Vi observerer at fleire kommunar i aukande grad tek omsyn til folkehelseperspektivet og i aukande grad nyttar planverktøyet aktivt for å skape gode lokalsamfunn.

Vi observerer at fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å innsamle, bearbeide og tolke data. Dette gjeld særleg kommunar som ikkje har tilgang til personar med tilstrekkeleg teoretisk kompetanse som samfunnsmedisinarar og/eller samfunnsvitarar.

Vi har bidrege aktivt i arbeidet med å etablere den elektroniske plattformen www.samhandlingsbarometeret.no, og vi gir framleis tilskot til vidare utvikling av plattformen. Plattformen kan brukast for datainnsamling i eit folkehelseperspektiv.

KS og fylkeskommunen har planar om å arrangere eit seminar for alle kommunar om folkehelse i kommunalt planarbeid.

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	13 %	88 %

Det var låg svarprosent. Berre 8 av 26 kommunar svarte (31 %). Av desse 8 kommunane hadde 7 kommunar eit ferdigstilt oversiktsdokument over folkehelsa (88 %).

Minst 80 % . (fra kapittel 3.1.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Minst 80 % [1].

[1] Som fotnote over.

Det var låg svarprosent. Berre 9 av 26 kommunar svarte og berre 8 av 26 svarte på folkehelsedelen (30 prosent).

Kommunane i fylket melder om at det er krevjande å finne tiltak med tilstrekkeleg dokumentert effekt og med tilstrekkeleg dokumentert kostnadseffekt.

I våre tilbakemeldingar til kommunane har vi særleg lagt vekt på bustadsosiale tiltak for å utjamne sosiale helseforskjellar.

Vi har merka oss at det synest å vere ei reell interessekonflikt mellom spreing av kommunale bustader som bustadsosiale tiltak og samling av kommunale bustader som tiltak for å effektivisere helse- og omsorgstenesta.

Vektlagt utjevning av sosiale helseforskjeller

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
80 %	8 %	88 %

Det var låg svarprosent der berre 8 av 26 kommunar svarte (30 %). Av desse 8 kommunane hadde 7 kommunar vektlagt utjamning av sosiale helseforskjeller (88 %).

3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Vi manglar tilfredsstillande oversikt til å kunne rapportere på dette punktet.

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner. (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner.

Det er utført overvaking etter overvåkingsprogrammet frå 2014, i tillegg til overvaking basert på ny kunnskap og nye tiltak.

Økt bruk av påleggsmyndigheten (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2016.

Regulantprosjektet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og alle regulantane med vasskraftmagasin i fylket. Prosjektet kartla i 2017 reguleringsmagasin og potensielle gyteelver, og ikkje-anadrome elvestrekningar. Det er difor ikkje aktuelt å gi enkeltpålegg om undersøkingar.

Det vart ikkje gitt nye eller endra pålegg om utsettingar eller habitattiltak for innlandsfisk i 2017. Regulantprosjektet har funne få behov for habitattiltak til no, men vi vil sjå nærare på dette dei komande åra.

For anadrome strekningar er det Miljødirektoratet som er styresmakt, men vi har spelt inn framlegg til flaskehalsanalysar i sju regulerte sjøareelvar i ytre Sogn (BKK) på bakgrunn av undersøkingar gjennomført av regulantprosjektet.

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag for tiltak i alle vedtatte vannforvaltningsplaner. Iversatt tiltak i henhold til forvaltningsplan på eget ansvarsområde eller har en begrunnelse dersom tiltak ikke iverksettes.

Tiltak etter vassforskrifta, dvs. problemkartlegging, i regulerte vassdrag ovanfor lakseførande strekning, er gjennomført av Regulantprosjektet. Denne kartlegginga held fram i 2018. I 2017 bad vi Miljødirektoratet, per brev, å pålegge BKK å gjennomføre enkle flaskehalsanalysar og utgreie moglege avbøtande tiltak i utbygde elvar på sørsida av Sognefjorden i Høyanger og Gulen kommune. For pålegg til industri og verksemdar med utslipp til vatn har vi rapportert førebelse vurderingar til Miljødirektoratet. Arbeidet med å følgje opp verksemdene held fram i 2018.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring

Fylkesmannen har ikkje den oversikta over einskildartar som må til for å kunne avgjere om artar er utrydda. Det er dessutan berre ein liten del av arts mangfaldet vi har nok kunnskap om til at vi kan seie noko om bestandstrendar. Men fordi svært mange raudlista artar er knytte til skog, og skogbruket i fylket baserer seg på monokulturliknande utplantingar av ein framand art (gran) for Vestlandet, er det lite som tilseier ei positiv utvikling for arts mangfaldet. Eit sentralt punkt her er den omfattande og ukontrollerte frøspreinga frå granplantingane inn i artsrike skogforekomstar, ei spreing som skjer i aukande tempo.

Når det gjeld naturtypar, er det eit viktig spørsmål kva ein definerer som ein naturtype, sidan NiN-systemet opnar for ei tilnærma uendeleg rekkje kombinasjonar av miljøparametar som definerer naturtypar på ulike skala- og detaljersnivå. NiN er i seg sjølv så krevjande å handtere i praktisk forvaltning at systemet ikkje gjer det mogleg å overvake oppfylinga av delmålet for naturtypar. Om vi derimot tar utgangspunkt i det forvaltningstilpassa systemet i DN-handbok 13, kan vi konkludere med at truleg er ingen naturtypar enno utrydda i fylket, men at det er grunn til sterk uro for t.d. flaummarkskog og naturtypar ved elvemunningar. Desse har vore under sterkt press i lang tid, og situasjonen har ikkje betra seg nemneverdig dei siste åra.

Alle tiltak for truede arter (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

Tiltak som blir sett i verk for truga artar og naturtypar følgjer forvaltningsmåla i naturmangfaldlova, og vi følgjer også opp eksisterande handlingsplanar og faggrunnlag. Men det er langt fleire truga artar og naturtypar enn dei som det til no er laga handlingsplanar og faggrunnlag for.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Naturvernområda i Sogn og Fjordane er forvalta og skjotta i tråd med verneformålet for kvart område. Miljødirektoratet utsette arbeidet med ein supplerande verneplan til 2018, men på frivillig vern har vi auka innsatsen og talet på saker.

Vi har hatt for liten kapasitet til å auke arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda utover eit relativt lågt nivå, og vi har berre fått prioritert område med særlege forvaltningsutfordringar.

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016. (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016.

Stordalen naturreservat i Stryn og Gloppen vart oppretta, og Ytamo naturreservat i Luster vart utvida ved Kgl.res. 1.12.2017. Fylkesmannen hadde mykje ekstra arbeid med frivillig vern-sakene Rodeholene naturreservat og Breiset naturreservat i Sogndal på grunn av konflikthar om sykling på stiar. Vår tilråding til Miljødirektoratet vil bli sendt i februar 2018, med tanke på vedtak før sommaren.

3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Vi har gjennomført oppdraga i 2017, men har hatt noko færre tilsyn enn planlagt grunna sjukdom. Likevel meiner vi at den totale innsatsen vår innan ureiningsområdet har bidrege godt til å redusere utsepp av helse- og miljøfarlege stoff.

Pukkverk, skipsverft, galvanoinndustri (fra kapittel 3.1.4.4.1 i TB)**Rapportere på**

Pukkverk, skipsverft, galvanoinndustri, forbrenningsanlegg og fiskeforedling driver i tråd med kravene i forurensningsforskriften.

Vi vil få betre oversikt over pukkverk, forbrenningsanlegg og fiskeforedling etter tilsynsaksjonane i 2018. Vi har hatt tett oppfølging med skipsverft, men det er framleis noko att før dei driv i tråd med krava i ureiningsforskrifta, særleg for utsepp til vatn. Det er behov for meir tilsyn på skipsverft og nivellering mellom fylka. Vi har ikkje full oversikt over alle forbrenningsanlegga i fylket. Vi har fleire som brenn lettare ureina trevirke som truleg treng utseppsløyve. Vonleg vil brevaksjonen i 2018 betre klarleggje status på dette området.

Prioriterte skipsverft

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Ankerløkken Eigedom (tidl. Ankerløkken Verft Førde)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Stad Yard AS (tidl. raudeberg mekaniske AS og Blaalid Slip & Mek verksted)	Varsel, Pålegg					
STX Norway Florø AS (Tidl. Aker Yards AS; STX Norway Florø og Kleven Florø)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Solund Verft	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene

Vi har nådd målet om færre kommunar i Robek ved utgangen av 2017 enn ved inngangen. Vi har to kommunar i Robek ved utgangen av 2017, etter at vi har meldt ut tre kommunar.

Generelt har den totale Kostra-rapporteringa frå kommunane betra seg siste åra. For eigedomsforvaltning når vi ikkje Kostra-måla, ettersom vi fekk 22 feil i 2017 mot 19 i 2016. Vi har i punkt 7.3.6.5.1 skildra tiltaka vi har gjort i 2017 for å førebygge feil.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1 i TB)**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2017 skal ikke overstige antallet ved utgangen av 2016.

Utmelding frå Robek i 2017:

- Selje kommune 29/6-17
- Gaular kommune 30/6-17
- Gloppen kommune 14/3-17

Selje og Gaular har dekt inn alt underskot frå tidlegare år, og Gloppen har utarbeidd og vedteke ny økonomiplan i balanse. Kommunane vart derfor melde ut av Robek i 2017, og vi har færre kommunar registrert i 2017 enn i 2016.

Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per desember 2016	Kommuner per desember 2017	Avvik
5	2	-3

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016. (fra kapittel 3.1.5.1.2 i TB)**Rapportere på**

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016.

Tala nedanfor gjeld feil i Kostra-data for eigedomsforvaltning. Nokre kommunar har "forbetra seg" medan enkelte kommunar har "forverra" fjorårets resultat. Vi når ikkje måla for dei to skjema som gjeld kommunal eigedomsforvaltning, skjema 34 og 35. Feila har auka frå 19 til 22.

Kvalitet i KOSTRA-data

Feil per juni 2016	Feil per juni 2017	Avvik
19	22	3

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket

Vekstsesongen i 2017 vart våt og med låge sommartemperaturar. Det gav vanskelege innhaustingsforhold for gras og auka problem med sopp i bærproduksjonen. Volumet i primærproduksjonen er relativt stabilt med unntak av storfekjøt som har hatt ein liten nedgang. Talet på bruk og jordbruksareal i drift har moderat nedgang. Det er framleis marknad for meir frukt og bær til konsum, men ikkje for meir norske industribær. Det er gode og aktive fagmiljø innanfor dei ulike landbruksproduksjonane.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

Det regionale bygdeutviklingsprogrammet 2013 - 2016 vart som kjent forlenga til ut 2018 i påvente av nytt felles BU-program med Hordaland frå 2019. Vi har ein årleg handlingsplan til dette dokumentet som vert oppdatert med eventuelle sentrale føringar frå jordbruksoppgjeret eller LMD, og andre justeringar ut frå regionale omsyn og utviklingstrekk.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst.

Tilgjengeleg statistikk på hogstvolum og planteareal dei siste fem åra tyder på at plantearealet er om lag berre halvparten så stort som hogstarealet. Vi er i ferd med å undersøkje nærare hjå dei aktuelle skogeigarane og kommunane kva som er forklaringa på dette. I ein del tilfelle skal areala nyttast til andre gode føremål, men vi har også inntrykk av at nokre skogeigarar satsar på "naturleg forynging" med lauvkraft framfor planting av kvalitetsskog. I kva grad dette er akseptert eller formelt godkjent av kommunen, er uklart.

Vi følgjer også opp med kurs og informasjonstiltak til kommunane og skogeigarane, og eit eige informasjons- og mobiliseringsprosjekt overfor skogeigarar som ikkje har planta etter hogst. Dette ser ut til å ha positiv verknad på plantetalet i 2017 og bestillingar til 2018.

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging. (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging.

Hovudplan for skogbruksplanlegging og miljøregistrering i skogbruket (MiS) er skissert i regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) og i fagsystemet ØKS. I 2017 har det vore arbeid med «ordinære områdetakstar» i Balestrand, Høyanger nordside og Naustdal. Desse vert etter planen ferdige i 2018. Det er meininga å starte forprosjekt i Gaular og Eid i 2018. Dei to kommunane har relativt stor aktivitet, områdetakstar som er over 25 år gamle og manglar MiS. Planen er å gjennomføre skogbruksplanlegging med MiS i viktige område med stor interesse frå skogeigarane. Vi ønskjer også at MiS vert gjort i dei områda det faktisk vert drive aktivt skogbruk og ikkje på store og lite tilgjengelege lauv- og furuareal med låge bonitetar. Vi har ein dialog med Vestskog om dette.

Etter Gaular og Eid står vi att med Høyanger sørside, Askvoll, Bremanger og Vik som ikkje har MiS og områdetakst. Vi ønsker også her å gå vekk frå dei typiske områdetakstane og drive skogbruksplanlegginga i meir avgrensa bygdslag. Vi ønskjer å tilby skogeigarane felles veg- og skogbruksplan for å stimulere til samarbeid over eigedomsgrensene. Vi meiner kombinasjonen felles skogbruksplan og områdeplan for veg er to av dei aller beste verkemidla vi har for å få til samarbeid og eit lønsamt skogbruk for skogeigarane.

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Skogbruket er i positiv utvikling med hogstvolum som er nokolunde tilpassa tilvekst og hogstmodenheit for grana, som er det viktigaste kommersielle treslaget. Dessverre ser det ut til at plantearealet etter hogst dei siste fem åra ligg under hogstarealet. Her vil vi hente inn meir kunnskap frå dei aktuelle skogeigarane og kommunane.

Det regionale miljøprogrammet for Sogn og Fjordane har hovudvekt på tiltak for å ta vare på kulturlandskapet, og verkemidla har positiv effekt. Ved komande revidering saman med Hordaland, vil det verte lagt meir vekt på tiltak mot ureining og klimaendringar.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettare planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Det vart planta om lag 360 000 planter til ordinært skogbruk, pluss 30 000 planter til juletre og pyntegrønt. Skogområda i vårt fylke har så pass god bonitet at det ikkje er særleg aktuelt med gjødsling. Det vart også berre unntaksvis gjeve ekstra tilskot til tettare planting.

Tiltak i regionalt miljøprogram (fra kapittel 3.1.6.2.2 i TB)

Rapportere på

Tiltak i regionalt miljøprogram er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Det regionale miljøprogrammet (RMP) i vårt fylke har som hovudmål å ta vare på det særmerkte kulturlandskapet, og tiltaka er innretta deretter.

Vi har lagt merke til nokre endringar i søknadsmengda frå 2016 til 2017, til dømes:

- Nedgang i tal søkjarar på 122, men framleis søkjer 46 prosent av gardsbruka som får produksjonstilskot også om RMP.
- Nedgang i søknad om skjøtsel av bratt areal på 2742 daa
- Nedgang på søknad på skjøtsel av nesten 21 km steingard/bakkemur
- Nedgang i søknad for 1692 beitedyr i utmark. Dette skuldast nok i hovudsak innskjerping frå kommunane si side i tråd med regelverket sidan denne støtta skal vere reservert dei store verneområda.

Vi vil ta med oss desse endringane i arbeidet med nytt felles RMP for Sogn og Fjordane og Hordaland frå 2019, då vi også skal utforme fleire tiltak mot ureining og klimaendringar.

Med vel 12,2 millionar kroner til skjøtsel av bratt areal er det den desidert største og viktigaste tilskotsordninga i vårt RMP. Tiltaket gjev ope og stelt kulturlandskap og matproduksjon også på bratte teigar, og det stimulerer til levande bygder med aktiv gardsdrift.

3.1.1.15 Andre oppdrag

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Vi har i 2017 arbeidd målretta for å bidra til den nasjonale strategien for ein samordna og heilskapleg bustadsosial innsats gjennom ei samordning av nasjonal, regional og lokal stat ut mot kommunane.

Samordningsrolla er forankra i embetsleiing så vel som i avdelingsleiing og vert koordinert gjennom "samordningsgruppa" der folkehelsevitar med bistand frå samfunnsgeograf er overordna koordinator. Koordinator har møtepunkt mot dei viktigaste regionale samarbeidspartar som er Husbanken og IMDi.

På strategisk nivå vert samordningsrolla særleg vektlagt gjennom møte i HOF-forum (helse, omsorg og folkehelse) og helseføretaket sitt koordineringsråd. På begge desse møteplassane er det brei representasjon med deltaking frå kommunar, KS, helseføretak, høgskule, fylkeskommune og fylkesmann.

På taktisk nivå legg vi vekt på samordningsrolla gjennom planhøyringar både for arealdel og samfunnsdel. I tillegg deltek vi på møte mellom Husbanken og einskilde kommunar. Vi bidreg til å auke kompetansen i kommunane på folkehelse i planarbeid. Dessutan spreier vi bodskapen om å nytte eit aktivt bustadsosialt arbeid for å utjamne sosiale forskjellar.

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale arbeidet i etablerte fora og læringsarenaer, og ha gjennomført minimum to kompetansehevende tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid.

Vi har bidrege til å formidle kunnskap om korleis eit aktivt kommunalt bustadsosialt arbeid kan bidra til å utjamne sosiale forskjellar.

Vi er medarrangør av HOF-forum (helse, omsorg, folkehelse) der folkehelse var tema på eit møte og bustadsosialt arbeid var undertema. Dette forumet har representasjon frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, helseføretaket, høgskulen, KS og kommunane.

Vi har arrangert ei samling om folkehelsearbeid der bustadsosialt arbeid var eit undertema. Husbanken hadde i dette høvet også eit innlegg om bustadsosialt arbeid som tiltak for å jamne ut sosiale helseforskjellar. Målgruppa var leiarar i kommunal helse- og omsorgsteneste.

Vi har i samarbeid med fylkeskommunen arrangert ei samling om planarbeid og folkehelseperspektivet i planarbeid, der bustadsosialt arbeid var eit undertema. Målgruppa var tilsette i kommunane med ansvar for planarbeid.

Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	1	3

3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Vi legg vekt på å sjå heile samfunnstryggleikskjeda i ein samheng i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Beredskapseininga og helse- og sosialavdelinga samarbeider tett, til dømes om tilsyn. Vi har berre fått positive tilbakemeldingar frå kommunane på at vi ser krava i sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova i samheng når vi rettleier og driv tilsyn.

Vi har halde fram med den etablerte praksisen om å ta initiativ til tverretatlege evalueringar etter større hendingar, og til å følgje opp funna ved til dømes å oppmode kommunar og fagetatar om å endre rutinar og arbeidsmåtar i krisehandteringa.

Systemet for mottak og sending av graderte meldingar fungerer både teknisk og organisatorisk. Vi har fleire brukarar med godkjenning for å bruke systemet. Vi har i 2017 ikkje fått graderte meldingar som har gjort det nødvendig å respondere utanom ordinær arbeidstid.

Det har vore ein del andre varsel som vi har teke imot og sendt vidare på ettermiddagar, kveldar og helgar. Både embetsleiinga og dei tilsette ved beredskapseininga er alltid tilgjengelege på mobiltelefon. Ved dei to siste meldingane om ekstremvær orienterte vi kommunane om at vi òg ville lytte på Nødnett, i tilfelle det vart utfall i mobil- og fasttelefonettet.

Erfaringar frå hendingar er eit viktig kunnskapsgrunnlag for vårt eige arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar, men òg i rettleiing og oppfølging av analysearbeidet i kommunane.

Vi har halde fram med praksisen om å ha ein låg terskel for å kalle inn fylkesberedskapsrådet til telefonkonferanse når det skjer uønskte hendingar. Siste hastemøte i rådet var under flaumen i Nordfjord i juli. Vi var tett på kommunane og støtta dei aktivt i både den akutte krisehandteringa og i oppfølginga etterpå.

Fylkesmannen har koordinert arbeidet med å etablere eit system for 24/7-beredskap for risikoen for fjellskred i Joasetbergi, som er ein del av det ustabile fjellpartiet Stampa i Aurland kommune. NVE fekk i 2017 på plass utstyret for kontinuerleg overvaking av Joasetbergi, basert på sanntids måledata. Beredskapssystemet vart sett i offisiell drift i byrjinga av oktober. Utanom NVE og oss har Aurland kommune og politiet vore dei mest sentrale aktørane i arbeidet.

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser av regional betydning, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter hendelsen.

Vi tok initiativ til evalueringsmøte etter brannen i Fjærlandstunnelen 17. april. Hovudføremålet var å sjå på samvirket under innsatsen. Fylkesberedskapssjefen leia møtet, og alle dei mest sentrale aktørane i redningsaksjonen deltok. I etterkant tok vi initiativ til, og leia eit møte om varslingsrutinar mellom 11x-sentralane og legevaktsentralane. Bakgrunnen var at det på evalueringsmøtet kom fram opplysingar som kunne tyde på at kommunikasjonen ikkje hadde vore den beste, og at det var noko mangelfulle varslingsrutinar.

Vi gjennomførte ei intern evaluering av vår eiga handtering av flaumen i Utvik og Breim 24. juli.

Vi deltok med mellom anna fylkesmannen, landbruksdirektøren og fylkesberedskapssjefen på Stryn kommune sitt evalueringsmøte etter flaumen. I etterkant tok vi initiativ til eit møte mellom politiet, Stryn kommune og oss, for å drøfte ansvaret ved oppheving av evakuering. Kommunen og politiet hadde ulik oppfatning av ansvarsforholda. Etter møtet oppsummerte vi møtedeltakarane si felles forståing i eit notat.

Fylkesmannen skal evaluere eller (fra kapittel 3.2.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere eller delta i evalueringen av alle regionale øvelser hvor fylkesmannen har deltatt og fylkesmannens embetsøvelser, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter øvelsen.

Vi deltok på ei større skrivebordsøving ("table-top") i regi av Statens vegvesen, med tunnelbrann som scenario. Vi evaluerte øvinga og identifiserte ein del forslag til forbetringar i rutinar og arbeidsmåtar, særleg i samvirket mellom vegvesenet og redningsetatane. Vi har i etterkant av øvinga byrja med å følge opp forbetningspunkta.

3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

I 2017 har vi ein underproduksjon for revisjonspoeng innan kommunehelsetenesta og sosialtenesta. Vi har ein overproduksjon for revisjonspoeng innan spesialisthelsetenesta. Vi har nådd måla som gjeld fristane for tilsynssaker, men fleire saker som går over fristen og median sakshandsamingstid aukar.

Vi er eit lite embete og er sårbar for fråvær. I 2017 har vi hatt mykje fråvær på fagområda kommunehelseteneste og sosialteneste, og difor omdisponert tilsette. Vi har vidare sett ei dobling av tilsynssaker innan helsetenestene frå 2008 til 2017, og difor omdisponert tilsette til dette området. Samla har dette ført til lågare produktivitet - særleg innan overprøving av vedtak etter kapittel 9 og planlagte tilsyn med kommunehelsetenesta og sosialtenesta.

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lov- og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

I samband med planlagt tilsyn og hendingsbasert tilsyn kan det vere nødvendig med meir målretta oppfølging. Oppfølginga skal sikre at den praksisen som har ført til anten uforvarsleg verkeemd eller brot på andre føresegner i helse-, sosial- eller barnevernlovgevinga, kjem i samsvar med god praksis og med regelverket. Vi avsluttar ikkje slik oppfølging før dette er på plass. Oppfølginga vert gjennomført i tråd med retningslinene frå Helsetilsynet.

3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi har, spesielt ved innspel til kommunale plansaker, også bedt kommunane ta omsyn til verknadane for klimauteslepp og å tilpasse seg til endringane i klimaet. I lag med fleire instansar i fylket, arrangerte vi i 2017 ein nasjonal klimaomstillingskonferanse. Vi held ny konferanse våren 2018. Vi held elles fram med samarbeid og deltaking i styringsgruppa for oppfølging av regional plan for klima i fylket.

Hatt dialog med alle kommuner i fylket (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventninger til klima- og energiplanleggingen.

Vi har hatt god dialog med kommunane om klimauteslepp og klimatilpassing, men vi har hatt mindre merksemd på energiplanlegging.

FM har hatt dialog med alle (fra kapittel 3.2.1.4.2.1 i TB)

Rapportere på

FM har hatt dialog med alle kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, samt fulgt opp kommunene for å iverksette nasjonale føringer for tilpasning til klimaendringer.

Vi har lenge jobba med tilpassing til klimaendringar. Innan arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap formidlar vi kunnskap og rettleiar kommunane i korleis dei må bu seg på eit endra risiko- og sårbarheitsbilete som følge av klimaendringane. Dette vert mellom anna gjort i fråsegn til arealplanar og under tilsyn med kommunal beredskapsplikt, i tillegg til det generelle rettleiingsarbeidet.

Vi har delteke i eit FoU-prosjekt for å utvikle eit digitalt ROS-verktøy for kommunane. Det digitale ROS-verktøyet er mellom anna tenkt å bidra med å gjere tilgjengeleg kunnskap om klimatilpassing og aktuelle rettleiarar. Les kap. 3.1.1.1.4.1 for meir informasjon om prosjektet

Vi har også delteke i eit pilotprosjekt om klimatilpassing innan naturmangfaldområdet.

3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen

Sogn og Fjordane-modellen har vore sentral i arbeidet på området. Vi brukar det årlege samarbeidsmøtet mellom UDI, IMDi, KS, fylkeskommunen og oss til å peike ut retning og evaluere status. I 2017 har vi jobba med å styrke integreringsområdet. Våre to viktigaste satsingar har vore forbedringsprosjekt for arbeidsretting av introduksjonsprogrammet og etablering av regionale nettverk for god integrering.

Vi har samarbeidd med Nav fylke, fylkeskommunen og KS for å "flytte" språklæringa frå klasserommet til arbeidsplassen. Prosjektet har merksmd på å arbeidsrette introduksjonsprogrammet i Flora kommune. Gjennom prosjektet har vi erfart at det er krevjande å endre haldninga om at språklæring skjer i klasserommet til at språklæring skjer på arbeidsplassen.

Godt samarbeid mellom flyktingtenesta, vaksenopplæringa og Nav er òg målet for dei regionale nettverka for god integrering. Fylkesmannen har her jobba saman med Nav fylke, fylkeskommunen og FFKF for å etablere ein struktur for å dele erfaringar og utvikle integreringsarbeidet i kommunane. Det har ført i at det no er etablert regionale nettverk med ein fylkesdekkande overbygning som trekkjer på dei regionale nettverka.

Andel flyktninger bosatt innen (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Andel flyktninger bosatt innen 6 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 90 % Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

Av flyktingane som blei busette med offentleg hjelp i ein kommune i Sogn og Fjordane i 2017, blei 85 prosent busette innan seks månadar og 99,7 prosent innan 12 månadar.

Andel enslige mindreårige bosatt (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Andel enslige mindreårige bosatt innen 3 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 80 %.

Av einsleige mindreårige flyktingar som blei busette med offentleg hjelp i ein kommune i Sogn og Fjordane i 2017, blei 53 prosent busette innan tre månadar, 84 prosent innan seks månadar og 100 prosent innan tolv månadar.

3.1.2.6 Andre oppdrag

Koordinert innsats for barn og unge - 0-24

Dei to siste åra har utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga jobba tett saman på dette området. Ein av satsingane har vore læringsnettverk om psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge. Målet for prosjektet har vore å auke kompetansen og det tverrfagleg samarbeidet i kommunane for utsette barn og unge. I starten av året hadde vi asylsøklarar og flyktingar som hovudgruppe, men gjennom året har vi dreia søkelyset over på alle utsette barn og unge uavhengig av bakgrunn.

Sentrale tema for arbeidet var psykisk helse og opplæring. Gjennom prosjektet har vi jobba for å sikre eit tettare tverrfagleg samarbeid internt i kommunane om barn og unge og familiar med store utfordringar.

Tenester som har samhandla er barnevern, barnehage, helsestasjon, skule, kommunal psykiatriteneste og Nav.

Det har vore to fellessamlingar. Første samling la vekt på utanforskap og integrering, og andre samling hadde skulevegring som hovudtema. Ut frå tilbakemeldingar ser vi at det interne samarbeidet på tvers av sektorar i kommunane, er betra.

Standpunktvurdering

I samband med rettleiing på klage på standpunktvurdering, er det gjennomført fagdagar for leiingar i vidaregåande opplæring og lærarar i kroppsøvningsfaget på ungdomstrinnet og vidaregåande. Det har vore stor oppslutnad om desse samlingane. Tilbakemeldingane er svært positive og syner at det også i framtida er ynskjeleg med denne forma for kompetanseheving på regelverket om vurdering. Etter gjennomførte fagdagar, ser ein at talet på klager på standpunkt har gått ned samstundes som færre klager vert tekne til følge. Dette vel vi å tolke som at det er auka kompetanse på vurderingsfeltet ute på skulane i fylket.

Nav-rettleiar i vidaregåande skule

Fylkesmannen har delteke i styringsgruppa, med tilsette frå utdanningsavdelinga og frå sosialavdelinga, i lag med fylkeskommunen og Nav fylke. Styringsgruppa har hatt møte med dei lokale prosjektgruppene i Førde og Flora. Vi har bidrege til erfaringsspreiing ved at prosjektet er blitt presentert mellom anna på sjumilsstegkonferansen, nettverkssamling for utsette barn og unge og på Nav-leiarsamling. Kommunane som har delteke, har gode erfaringar med prosjektet og vurderer å søkje om forlenga deltaking, eit fjerde år.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

Embetet har ei tverrfagleg tilsynsgruppe. Denne gruppa har laga ei ordning for at kommunane kan gje tilbakemeldingar etter tilsyn ved hjelp av eit digitalt skjema. Målet er at tilsynsutøvarar i embetet skal bli betre på informasjon og dialog med kommunane i tilsynsprosessen slik at kommunane opplever at tilsynet gir meining og fører til auka kvalitet på tenestetilbodet.

Tilbakemeldinga vil gi oss grunnlag for betre informasjonsflyt og justering av metode innanfor rammene som er fastlagde i oppdraga til dei ulike fagavdelingane.

Tilsynsaktiviteten etter opplæringslova, barnehagelova og introduksjonslova er utført slik det følgjer av aktivitetskrava.

Klagesaker etter desse tre lovverka vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Dei fleste er handsama innan ein månad, og ingen saker har hatt lengre sakshandsamingstid enn tre månader.

Rettleiingsarbeid vert gjennomført på fleire ulike nivå og måtar:

1. Individuell rettleiing: Telefon, video og e-post til einskildpersonar og barnehagemyndigheit, barnehage- og skuleeigar og vaksenopplæring.
2. Planlagde samlingar: Vi brukar etablerte møteplassar for å rettleie innan nasjonale satsingar og lovverk.
3. Regionale samlingar: Når kommunar eller regionar ber om rettleiing på særskilte emne (eller vi tek initiativ), gjennomfører vi dette etter avtale. Vi legg spesielt vekt på å få fram samanhengar i dei nasjonale satsingane slik at satsingar og tilbod framstår som heilskaplege.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Vi har gjennomført to tilsyn i 2017. Vi avdekte ikkje avvik.

Det enkelte embetets omfang (fra kapittel 3.3.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2016, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Eit planlagt FNT-tilsyn (opplæringslova) vart ikkje ferdig i 2016. Dette gjer at vi ligg fire poeng over vårt poengkrav 34 for 2017. Vi har elles oppfylt poengkravet på 14 (barnehagelova). Embetet har òg med to tilsyn oppfylt tilsynskravet etter introduksjonslova. Vi har elles følgd våre risikovurderingar og Utdanningsdirektoratets krav til fordeling mellom kommunar (FNT).

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehageeigar, barnehagemyndigheit

Barnehagemyndigheita si tilfredsheit med embetets tilsyn har ein snittverdi på 3,53. Landssnittet er på 3,52.

Skuleeigar

Skuleeigar sin tilfredsheit med embetets tilsyn inngår i samla vurdering av verkemiddel. Landssnittet i 2016 var på 3,6 og det same som resultatet for Sogn og Fjordane i 2017.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet (fra kapittel 3.3.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehageeigar, barnehagemyndigheit

Landssnittet for barnehagemyndigheita si tilfredsheit med Fylkesmannens handsaming av klage er på 3,35 prosent, men 3,30 prosent for Sogn og Fjordane. Dette er 0,05 % under landssnittet, og på same nivå for fylket som i 2016. Sentral målsetjing for området er ikkje nådd.

Skuleeigar

Skuleeigar sin tilfredsheit med embetets klagebehandling inngår i samla vurdering av verkemiddel. Landssnittet i 2016 var på 3,6, det same som resultatet for Sogn og Fjordane i 2017.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.5 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehageeigar, barnehagemyndigheit

Landssnittet for barnehagemyndigheita si tilfredsheit med Fylkesmannen si rettleiing på regelverk er for 2017 på 3,77 prosent, og for Sogn og Fjordane 3,84 prosent. For fylket er dette ein auke på 0,14 prosent frå 2016. Dette kan tyde på at vår satsing på "Kompetanseløft for kommunen som barnehagemyndigheit" har gitt resultat. Vi vurderer at sentral måloppnåing er nådd.

Skuleeigar

Skuleeigar si tilfredsheit med embetets rettleiing om regelverk inngår i samla vurdering av verkemiddel. Landssnittet i 2016 var på 3,6, det same som resultatet for Sogn og Fjordane i 2017.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Av byggesakene er 81 prosent handsama innan tolv veker. Dette er vesentleg betre enn førre år. Betringa skuldast i stor grad at det i 2016 vart prioritert å arbeide ned gamle restansar, medan vi i 2017 har hatt større spelerom til å planlegge sakshandsaminga.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 19 %	81 %	154	124

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.6.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Vi viser til tabellen.

BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 61 %	39 %	23	9

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker

Av reguleringsplansakene er 65 prosent handsama innan tolv veker. Dette er betre enn førre år. Betringa skuldast i stor grad at det i 2016 vart prioritert å arbeide ned gamle restansar, medan vi i 2017 har hatt større spelerom til å planlegge sakshandsaminga.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i klager over reguleringsplan

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 35 %	65 %	26	17

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi viser til tabellen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	2	2

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi viser til tabellen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vi har gjennomført føretakskontroll av nokre føretak der vi har gjeve tilskot, og forvaltingskontroll av kommunane sine rutinar og vedtak på støtteordningar der dei gjer vedtak. Vi plukkar ut støtteordningar og kommunar til kontroll etter ei risikovurdering og ein kontrollplan.

Ved kontroll finn vi feil og manglar, men ikkje nødvendigvis med store feilutbetalingar. Kommunane reagerer ulikt på dei feila dei finn i tilskotssøknadane, til dømes med nivå og omfang på avkorting. Det er derfor behov for vidare kontroll på dette området.

Gjennomført kontroll av føretak (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Gjennomført kontroll av føretak i henhold til kontrollplan.

Gjennom arbeidet med kontrollplanen gjennomførte vi risikovurdering og plukka ut ordningar for kontroll. Vi sette opp ein litt for ambisiøs kontrollplan. På grunn av permisjon og folk som slutta, rakk vi ikkje alle planlagde kontrollar. Vi har likevel oppfylt krava til kontrollvolum.

Kontroll av føretak og oppfølging av avvik

Føretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
To føretak i Eid kommune	Tilskot til drift med taubane og hest	Ingen	
Eit føretak i Flora	Tilskot til tiltak i beiteområde	Manglar ved rekneskapoversikt	Ny gjennomgang av rekneskapstala. Presiserer kommunen sitt ansvar for å sjekke rekneskap før utbetaling.
Eit føretak i Stryn	Tilskot til tiltak i beiteområde	Manglar ved rekneskapoversikt.	Presiserer betre kva krav kommunane skal stille til rekneskapoversikt før utbetaling.
53 føretak i ulike kommunar	Tidlegpensjon til jordbrukarar	1 er uavklart.	Er under oppfølging, innhentar meir opplysningar.

Kontroll av føretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av føretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17?	Ja
Tal kontrolltiltak av føretak der det er innhentet opplysningar utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Tal kontrolltiltak av føretak som er fulgt opp etter kontroller i 2016	0
Tal kontrolltiltak av føretak som skal følges opp vedr produksjonsgrensen i 2018	0
Tal kontrolltiltak av føretak det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2017	0
Tal kontrolltiltak av føretak som er kontrollert pga mistanke om driftsfelleskap	0
Tal kontrolltiltak av føretak som er ilagt standardisert erstatning	0
Tal kontrolltiltak av føretak som er ilagt standardisert erstatning pga driftsfelleskap	0
Tal kontrolltiltak av føretak som er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp som er ilagt i standardisert erstatning	0

Vi har per i dag ingen bruk med så stor produksjon at dei treng konsesjon. Vi sjekker dette kvart år ved å køyre rapportar i tråd med rundskrivet frå L-dir.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 % av kommunene.

Kontrollplanen er utarbeidd etter oppsett mal, og vi har gjennomført risikovurdering som grunnlag for planen. Grunna sjukdom i ein kommune vart det gjennomført færre kontrollar enn planlagt, men vi har likevel kontrollert om lag 20 prosent av kommunane. Vi sjekka også at den aktuelle kommunen hadde skaffa vikar med tilstrekkeleg kunnskap og erfaring på landbruksstilskot.

Vi har prøvd ut eigenvurderingskontroll to gonger, og erfarer at dette vert positivt motteke i kommunane. Her må kommunen sjølv gå gjennom egne rutiner samstundes som Fylkesmannen gjennomfører ein ordinær kontroll. Felles oppstarts- og slutt møte mellom fleire kommunar gjev erfaringsutveksling og aukar graden av læring.

Vi gjennomførte formell forvaltningskontroll i fem kommunar, pluss føretakskontroll på taubane og beitebruk i tre andre kommunar, og kontroll på dei som har fått tidlegpensjon i ei rekke andre kommunar.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Balestrand	Søknad om produksjonstilskot, avløsning og ajourhald gardskart. Delegeringsreglement.	Ajourhald av gardskart.	Kommunen har laga betre rutinar for vedlikehald av gardskart.
Vik	Søknadar om produksjonstilskot, avløsning og ajourhald av gardskart. Delegeringsreglement.	Manglar dokumenterte vurderingar ved utplukk av søknadar for kontroll. Manglande avkorting ved manglar og feil i søknadane. Kommunen har retta på søknadsfeil til gode for søkjar.	Kommunen tek funna til etterretning og vil betre rutinane.
Leikanger	Søknad om produksjonstilskot, avløsning og ajourhald av gardskart. Delegeringsreglement.	Manglar dokumenterte vurderingar ved utplukk av søknadar for kontroll. Manglande rutinar for vedlikehald av gardskart.	Kommunen vil endre praksis og rutinar på desse punkta.
Flora	SMIL-saker frå 2016	Ingen avvik, men merknad om informasjon til brukarane, rullering av tiltaksstrateien og delegeringsreglementet.	Kommunen rapporterer at dei har retta på forholda.
Gaular	SMIL-2016	Ingen avvik, men merknad om grunngjeving av vedtak i forhold til strategien, og manglande grunngjeving ved avslag.	Under oppfølging, ikkje avslutta enno.

Forvaltningskontroller av kommunene

Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	- 1	19 %	5	26

Andel avvik avdekket under (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %.

Vi har følgt opp alle feila vi har funne, både i føretakskontrollane på enkeltbruk og etter forvaltningskontrollane i kommunane.

Oppfølging av avvik avdekket under kontroll

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kontroller med registrerte avvik	Antall kontroller der registrerte avvik er fulgt opp
Oppfølging etter føretakskontroller	100 %	0	100 %	3	3
Oppfølging etter forvaltningskontroller	100 %	0	100 %	5	5

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi jobbar etter ein strategi om at tilsyn i hovudsak har effekt dersom tilsynet er ønskt, og dersom den som ber om tilsyn og den som får tilsyn, finn oss relevant.

Viktige oppgåver innan helse, omsorg, sosial og barnevern er å styrkje tillit til tenestene og å handheve retten til naudsynte og forsvarlege tenester. Vi rettleiar om tolking av regelverk. Dessutan legg vi vekt på at saksbehandlingstida skal vere kort, og vi prioriterer saker som gjeld rettstryggleiken til enkeltpersonar.

I 2017 har vi lagt særleg vekt på saker om bruk av tvang, retten til medverknad og samarbeid mellom tenestene. Vi har ikkje nådd måla for planlagte tilsyn innan kommunal helseteneste og sosialteneste. Det har vore naudsynt å omdisponere sakshandsamarar til hendingsbaserte tilsynssaker og klagesaker. Samstundes har det vore naudsynt å omdisponere sakshandsamarar til planlagt tilsyn med spesialisthelsetenesta.

Minst 80 prosent av (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Minst 80 prosent av barn registrert ved barneverninstitusjoner og omsorgssentre skal få tilbud om samtale.

I 2017 har 92 prosent av barna på barneverninstitusjon og omsorgssenter fått tilbud om samtale. Vi prioriterer å møte barna på ettermiddag og kveld. Vi prioriterer i tillegg å reise ut i eventuelle familieheimar for å møte dei barna som har blitt plasserte i familieheimar under barneverninstitusjonen eller omsorgssentret.

Tilsynsmyndighetenes kontakt med barn i barneverninstitusjoner og omsorgssentre

Resultatmål	Resultat	Antall barn totalt	Antall samtaler tilbudt
80 %	92 %	76	70

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

Helse

Talet på innkomne tilsynssaker har nesten dobla seg over ein tiårsperiode frå 2008 til og med 2017.

I 2017 hadde vi ein tilgang på 120 saker (68 i 2008) og vi handsama 106 saker (54 i 2008), der 29 saker hadde meir enn fem månadar sakshandsamingstid (4 i 2008). Median sakshandsamingstid var 132 dagar (79 i 2008).

Vi har i 2017 utforska alternativ avklaringsmetode gjennom eit tilsynsprosjekt der to medarbeidarar har fungert som tilretteleggjarar for avklaring i møte mellom pasientar og pårørande på den eine sida og helsepersonell på den andre sida. Dette har vi hovudsak nytta i tilsynssaker der pasient og pårørande har hatt mange spørsmål om helsehjelpa eller der det har vore vanskeleg å konkretisere eit overordna tilsynsystema.

Sosial

I 2017 hadde vi ein tilgang på fem saker og vi handsama tre saker, der ei sak hadde meir enn fem månaders sakshandsamingstid.

Barnevern

I 2017 hadde vi ein tilgang på 34 saker. Vi handsama 26 saker, der 15 saker hadde meir enn fem månadar sakshandsamingstid.

Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	67 %	67 %
Helse/omsorg	50 %	68 %	68 %

Avslutning av klagesaker: Minst (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Helse og omsorg

I 2017 handsama vi ti klagesaker, der ei sak hadde meir enn tre månadar sakshandsamingstid.

Sosial

I 2017 handsama vi 25 klagesaker, der ei sak hadde meir enn tre månadar sakshandsamingstid.

Barnevern

I 2017 handsama vi fire klagesaker, der ei sak hadde meir enn tre månadar sakshandsamingstid.

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	96 %	96 %
Helse/omsorg	90 %	86 %	86 %

Andel vedtak om bruk av tvang (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

I 2017 handsama vi 46 prosent av alle vedtak om bruk av tvang og makt innan tre månader.

Vi avdekte mangelfull måloppnåing våren 2017. Etter ei omdisponering av personell har situasjonen betra seg slik at måloppnåinga ved utgangen av 2017 var i tråd med resultatmålet. Måloppnåinga vart likevel ikkje tilfredsstillande for 2017 samla sett.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	46 %	46 %

Andel søknader om dispensasjon (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

I 2017 vart 73 prosent av alle søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet handsama innan tre månadar.

Våren 2017 avdekket vi mangelfull måloppnåing. Etter ei omdisponering av personellressursar har situasjonen betra seg i av 2017 slik at måloppnåingen ved utgangen av 2017 var i tråd med resultatmålet. Måloppnåinga vart likevel ikkje tilfredsstillande for 2017 samla.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 13.

I 2017 gjennomførte vi på området helse og omsorg i alt åtte systemrevisjonar med samla vekt 9,7 poeng:

- To revisjonar (2 x 1,50 poeng) hjå kommunar innan rus og psykiatri (LOT 2017-2018).
- To revisjonar (2 x 1,33 poeng) hjå kommunar innan psykisk utviklingshemming (LOT 2016-2017).
- Fire revisjonar (4 x 1,00 poeng) hjå fastlegar innan legemiddelsamstemming og legemiddelgjennomgang (eigenutvikla).

Samla vekt var under resultatmålet på 13 som følgje av omdisponering av personellressursar til systemrevisjonar med spesialisthelsetenesta og hendingsbasert tilsyn.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
13.0	- 3.3	9.7

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 3. (fra kapittel 3.3.1.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 3.

I 2017 gjennomførte vi på området spesialisthelseteneste i alt fire systemrevisjonar og åtte journalgjennomgangar med samla vekt 10,0 poeng:

- Åtte journalgjennomgangar (8 x 0,5 poeng) innan medisinsk behandling i akuttmottak (sepsistilsynet).
- Fire revisjonar (4 x 1,5 poeng) innan psykiatrisk behandling i poliklinikk.

Samla vekt var over resultatmålet på tre som følgje av omdisponering av personell til systemrevisjonar med spesialisthelsetenesta (sepsistilsynet) og hendingsbasert tilsyn.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
3.0	7.0	10.0

Systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.6.3 i TB)

Rapportere på

Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn skal være basert på risikovurderinger i de enkelte fylke. Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester bør være i størrelsesorden: 4.

I 2017 gjennomførte vi på området sosialteneste i alt to systemrevisjonar med samla vekt 2,0 poeng:

- to revisjonar (2 x 1,0 poeng) hjå kommunar innan tema rus og psykiatri og sosiale tenester (LOT 2017-2018)

Samla vekt var under resultatmålet på fire poeng. Grunnen er omdisponering av personell til systemrevisjonar med spesialisthelsetenesta (sepsistilsynet) og hendingsbasert tilsyn.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
4.0	- 2.0	2.0

3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende

I 2017 har vi nådd krava til resultatmåla i alle tre sakstypar, altså sakshandsamingstider for

- oppretting av verjemål
- samtykke til bruk av kapital
- godtgjering og utgiftsdekking til verjer og representantar

Vi har prioritert desse sakstypane gjennom året, og ser ein stor fordel av å ha gode rutinar og erfarne sakshandsamarar på området. Det har vore merkbar for vår saksmengd at alle asylmottak for einslege mindreårige asylsøklarar i fylket har vorte lagt ned i løpet av året. At inngangen i talet på saker har vore lågare i 2016 enn i 2017 har vore avgjerande for at vi har god måloppnåing i 2017.

Vi har også jobba godt med andre sakstypar enn dei som er omfatta av resultatmåla. Sakshandsamingstida i desse sakene er høgare, noko som er eit resultat av prioriteringane våre.

Sjølvm tala i dei prioriterte sakene er gode, opplever vi at situasjonen er krevjande og at vi må gjere harde prioriteringar. Vi er lite tilgjengelege for verjer og personar under verjemål, med berre to timar telefonvakt kvar dag. Kapitalforvaltinga har vi ikkje kunna prioritere frå 2013 og fram til no, og vi vil ikkje kunne ta tak i år heller.

Vi har framleis mykje å gå på når det gjeld rekruttering, opplæring, oppfølging og tilsyn av verjene. Det er ei utfordring for oss å rekruttere nye verjer, og i fleire område i fylket har vi eit stort behov for verjer. I nokre saker må personar som har behov for verje vente unødvendig lenge fordi vi ikkje får tak i eigna verjer. I andre saker har vi sett oss nøydde til å oppnemne advokatverjer, i alle fall for ein periode, sjølv om oppdraget ikkje har kravd juridisk kompetanse.

Opplæring av verjer har vi redusert til eit minimum. Det tek lang tid og krev mykje ressursar å reise rundt i fylket for å syte for eit tilbod om opplæring til så mange verjer som mogleg. Vi ser òg at det er få verjer som møter til verjesamlingar, og vi har sett oss nøydde til å avlyse fleire planlagde samlingar på grunn av dårleg påmelding. Det kan skuldast at det blir langt for verjene å reise til samlingane, at mange ikkje rekk å møte til samling etter arbeidstid og at dei ikkje får dekt godtgjering til samlingane.

Vi fører ikkje tilsyn med verjer utover oppfølging av det mest alvorlege (straffbare tilhøve) vi blir tipsa om.

Som tidlegare år held vi fram med at verjemålsområdet er underfinansiert og at dei tilsette arbeider under stort press. Vi har for få ressursar til å jobbe målretta med oppgåver som ikkje er rein sakshandsaming, som rekruttering, opplæring og tilsynsverksemd. Vi fryktar at vi skyv på eit problem og at vi ikkje avdekkjer saker som går ut over personar med verje, og i verste fall lovbrøt.

I rekneskapsgjennomgangen har vi gått gjennom alle rekneskapar i utdraget på 15 prosent. Ved hjelp av sommarvikarar har vi også i 2017 gått overflattisk gjennom alle rekneskap, og vi følgjer opp der vi avdekkjer store manglar og eventuelle lovbrøt

Nytt i 2017 er at vi har gjennomført samtalar med alle faste verjer, ein slags «medarbeidersamtale», der vi har gått gjennom aktive verjemål, gitt råd og rettleiing og svart på spørsmål. Det har vore nyttig både for oss og verjene.

Frå og med hausten 2016 og i 2017 har vi tatt ut fleire stemmingar i saker om fråtaking av rettsleg handleevne. Dette er saker vi ikkje har hatt kapasitet til å prioritere tidlegare.

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager.

Resultatmålet er nådd. Vi har gjort 84 prosent av vedtaka innan 80 dagar.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
84 %	80 %	4 %

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager.

Resultatmålet er nådd. Vi har gjort 80 prosent av vedtaka innan 28 dagar.

Saksbehandlingstid - Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
80	80	0

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter (fra kapittel 3.3.2.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager.

Resultatmålet er nådd. Vi har gjort 94 prosent av vedtaka innan 42 dagar.

Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgifts-dekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
94 %	80 %	14 %

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene

I Forum for barnehage- og skuleutvikling vert felles aktivitetar i sektoren samla i eit felles årshjul.

Vi prioriterer samlingar om regelverk, for å auke medvitet i sektoren.

Vi ser at aktiviteten på kompetanseheving i sektoren er høg, og i nokre tilfeller så høg at det kan vere vanskeleg å få med heile organisasjonen. Dette kan påverke søknadar til vidareutdanning. Vi ser at det i 2017 kom færre søknadar til regional kompetanse for kvalitet.

Dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane er med i kompetansetiltak i statleg regi (realfagskommune, språkkommune og inkluderande barnehage- og skulemiljø)

I 2017 har vi ein kommune med i Læringsmiljøprosjektet. Gjennom tett oppfølging ser vi at prosjektet har positiv innverknad på arbeidet på feltet i kommunen. Vidare kom ein anna kommune med i forprosjektet til Læringsmiljøprosjektet i 2017.

Læringsmiljøprosjektet

Fylkesmannen har følgd opp kommunar som har skular med høge mobbetal over tid. Sjølv om det er mykje godt arbeid på skulane for å handtere mobbing, viser det seg, ut frå elevundersøkinga 2017, at det framleis er elevar som opplever mobbing to til tre gonger for månaden eller oftare. Med bakgrunn i statistikk over skular med vedvarande høge mobbetal over tid, er ein kommune med i Læringsmiljøprosjektet pulje 3. Fylket hadde også ein kommune med i Læringsmiljøprosjektet pulje 2, og resultatet for elevundersøkinga 2016 viste gode resultat og forbetring av skulemiljø. Vi har òg ein kommune med i forprosjektet til pulje 4, og som vil halde fram inn i prosjektet når det startar april 2018.

Realfagskommune

Ein kommune har vore med i dette prosjektet. Kommunen har delt sine erfaringar og resultat med dei andre kommunane i fylket gjennom samlingar.

Språkkommune

Her har fylkeskommunen og ein av våre fire regionar vore med sidan 2016. Ein ny region vart med i prosjektet i 2017. Tilbakemeldingane frå dei deltakande kommunane er positiv.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Heile tre regionar (nettverk) går inn i denne satsinga. Dette utgjer 15 av våre 26 kommunar.

Regionane (nettverka) ser på korleis dei kan støtte opp om satsingane dei er med i gjennom den regionale kompetanseutviklinga.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Rapporten frå Barnehage-Norge syner at kommunane er særns nøgde med Fylkesmannens rolle som medspelar for å sikre utvikling og kvalitet på barnehageområdet. Fylket har eit resultat på 4,15 poeng, ein auke frå 2016 på 0,35 poeng. Svarea spenner frå 3 til 5 på ein skala frå 1 til 5, der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad. Dette syner at systematisk arbeid over tid med rettleiing, relevante tema på felles møteplassar og god dialog med kommunar og regionar, har gitt resultat.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Konsulentselskapet Nivi har kartlagt "kommunenes faglige og administrative relasjoner til Fylkesmannen og den øvrige regionale statsforvaltning", i ei spørjeundersøking til rådmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Difi, i samarbeid med dei tre fylkesmennene. NIVI Rapport 2017:4, som ligg på [nettsidene til Difi](#), gjer greie for undersøkinga.

Viktige funn frå undersøkinga er samanfatta slik i rapporten:

- Nesten alle rådmennene svarer at Fylkesmannen inngår blant kommunens viktigste statlige etater (93 prosent). Det er også et stort flertall som mener Statens vegvesen (73 prosent) er tilhører samme kategori. I en gruppe 2 peker 50-60 prosent på Helseforetak (HF), Husbanken og Politiet. I en gruppe 3 peker 20-40 prosent på IMDI, Bufetat, NVE, Arbeidstilsynet, Kartverket, Nav og Skatteetaten. I en gruppe 4, som nevnes av under 20 prosent, inngår Kystverket, Mattilsynet, UDI, Siviltforsvaret og Statsbygg.
- Et overordnet inntrykk fra evalueringen av fylkesmannens fagavdelinger og 11 andre statlige etater er at staten har en klar overvekt av fornøyde brukere i kommunene. Det gjelder i særlig grad fylkesmannens fagavdelinger, men også andre viktige etater som Husbanken, Politiet og Statens vegvesen får gode tilbakemeldinger fra administrativ ledelse i kommunene.
- Fylkesmennene får også mange positive tilbakemeldinger på definerte samordningsroller, herunder intern samordning mellom fagavdelinger, samordning av tilsyn fra andre statsetater, samordning av pålegg og sanksjoner mot kommunen og samordning/mekling ved innsigelser. Andelen som uttrykker at de er fornøyde med fylkesmannens rolleutførelse på disse områdene varierer fra 35 til 65 prosent, mens andelen misfornøyde varierer mellom 8 og 17 prosent.
- På spørsmål om på hvilke områder fylkesmannens interne samordning kan bli bedre, svarer nær halvparten tolkning av regelverk og harmonisering av faglig skjønn. Vel en tredjedel svarer samordning av tilsynspraksis og like mange peker på behov for bedre samordning av valg av tilsynsmetodikk. En betydelig andel av kommunene peker også på rom for forbedring når det gjelder saksbehandlingstid og samordning av rapporteringskrav og kontrollrutiner. De fylkesfordelte tallene tyder på betydelige variasjoner mellom embedtene.
- I en ytterligere konkretisering av forbedringsråder, peker en fjerdedel av kommunene på at samordningsbehovet knytter seg til hhv. planavdelingen og miljøvernavdelingen. De fylkesfordelte tallene tilsier avdelingsmessige utfordringer gjelder Fylkesmannen i Hordaland, ikke de to andre embedtene.
- I en kartlegging av kommunenes faglige favorittetat, pekes det først og fremst på Fylkesmannen. Som begrunnelse oppgis at fylkesmannen er tilgjengelig og lett å ta kontakt med, at fylkesmannen har relevant og viktig fagkompetanse for kommunen og at fylkesmannen har god kommunekunnskap. Flere framhever også

at Statens vegvesen har en særlig god faglig dialog mot kommunen. Svarene tilsier at beste praksis knyttes til i alt 10 forskjellige statlige etater, inkludert Fylkesmannen, Statens vegvesen, Politiet, Nav, NVE, Husbanken, Kartverket, Helseforetak, Kystverket og Arbeidstilsynet. God brukerorientering i sakene og regelmessige møter med kommunen nevnes som viktige begrunnelser for en god faglig dialog med flere av de øvrige etatene.

- Mer vekt på ansvarsbasert forvaltning og bedre samordning av statens virksomhet gjennom fylkesmannen framheves som de viktigste tiltakene i det videre arbeid med å forbedre den regionale statsforvaltningen. Mange peker også på behov for å redusere antall statsetater gjennom sammenslutninger og endringer statlige inndelinger med sikte på bedre sammenfall. Effektivisering i etatenes prioriteringer og arbeidsrutiner framheves også som viktig.
- En andel på 20 prosent av kommunene bekrefter at de opplever ulemper som følge av lite formålstjenlige regiongrenser for staten. I Hordaland og Rogaland svarer 29 prosent av kommunene bekreftende, mens ingen av kommunene i Sogn og Fjordane svarer at statlige regiongrenser medfører ulemper for kommunen. Kommuner som bekrefter ulemper peker på svakheter ved dagens grenser for politiet, 110 brann og andre beredskapssetater. Det blir framhevet at Vegvesenet blir borte i Leikanger for kommuner utenfor Sogn og Fjordane og at NVE har en for stor region på Vestlandet.
- En andel på 24 prosent av kommunene bekrefter at de ser behov for endret lokalisering av statlige kontor for å sikre bedre tilgjengelighet for kommunen. Andelen varierer fra 18-20 prosent i Hordaland og Sogn og Fjordane til 36 prosent i Rogaland.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Ingen avvik.

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Pkt. 3.3.1.3.3.3 og 3.3.1.3.3.4: I 2017 handsama vi 46 prosent av alle vedtak om tvang innan tre månadar og vi handsama 73 prosent av alle søknadar om dispensasjon innan tre månadar. Vi avdekte mangelfull måloppnåing alt etter første kvartal 2017. Vi gjennomførte tiltak som har ført til at måloppnåinga ved utgangen av 2017 var i tråd med resultatmålet. Måloppnåinga er likevel ikkje tilfredsstillande for 2017 samla sett.

Pkt. 3.3.1.3.4.6 og 3.3.1.3.6.3: I 2017 oppnådde vi færre tilsynspoeng enn resultatmålet innan planlagte tilsyn med kommunal helse- og omsorgsteneste (9,7 poeng, mål: 13,0) og innan kommunal sosialteneste (2,0 poeng, mål: 4,0). Vi oppnådde likevel fleire tilsynspoeng enn resultatmålet innan planlagte tilsyn med spesialisthelsetenesta (10,0 poeng - mål: 3,0). Mangelfull måloppnåing var eit resultat av bevisst omdisponering av personell til planlagt tilsyn med spesialisthelsetenesta og til handsaming av hendingsbaserte tilsynssaker.

VØI pkt. 5.4.3.6: Vi har i 2017 ikkje hatt noko opplæring i tannstell saman med fylkeskommunen.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen større avvik som vi har vore årsak til. Vi har likevel avvik i vassforskriftarbeidet på grunn av at Vann-Nett ikkje var tilgjengeleg for innlegging i 2017.

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Av byggesakene er 81 prosent handsama innan tolv veker. Dette utgjør eit avvik frå kravet om 100 prosent, men resultatet er vesentleg betre enn førre år (35 prosent måloppnåing i 2016).

Reguleringsplanklagene utgjør også eit prosentavvik med 65 prosent måloppnåing, men vesentleg betre enn i 2016. Avviket kjem av at sju av ni saker over fristen kom inn i første halvår, medan vi framleis var i full gang med å få ned sakshandsamingstida på byggesaksområdet. Vi fekk rett og slett ikkje inn nok saker andre halvår til å rette opp avviket. For klager der det er gitt utsett iverksetting, er 39 prosent av sakene handsama innan seks veker. Dette er også eit avvik som følgje av den store innsatsen vi har hatt for å hindre brot på 12-vekerskravet for totalporteføljen.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid på alle klagesaker etter plan- og bygningslova har likevel fått vesentleg kortare sakshandsamingstid siste året, frå 130 dagar i 2016 til 80 dagar i 2017.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Blir personer i målgruppen... (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Blir personer i målgruppen for programmet vurdert med hensyn til deltakelse og får de som har krav på det, tilbud om program.

Ved utgangen av november 2017 var det 37 deltakere i KVP i fylket, medan det på same tid i fjor var 44 deltakere. Estimert måltal for fylket er 117.

I 2017 hadde vi ingen klagesaker eller tilsynssaker om KVP. Vi får lite spørsmål om tenesta, men det hender at Nav-tilsette tek kontakt og ønskjer rettleiing om regelverket.

KVP var tema på opplæring for nyttilsette i Nav vår og haust og på sosialfaglege nettverk, der Fylkesmannen har delteke. Vi har hatt KVP og tilgjenge som tema på to Nav-leiarsamlingar, og Nav-leiarane fekk oppgåver til drøfting i Nav-kontora mellom samlingane. Vi har informert om at KVP skal vurderast for aktivitetsplikta for dei under 30 år, på fagdag om aktivitetsplikt og på Nav-leiarsamlingar. Desse tiltaka har ikkje ført til fleire KVP-deltakere i fylket.

Nokre Nav-kontor melder om at dei ikkje har aktuelle kandidatar for KVP. Fleire Nav-kontor opplyser at dei heller nyttar statlege arbeidsretta tiltak enn kvalifiseringsprogram.

Vi utfordra Nav-leiarane på dette spørsmålet, og to av fire regionar meiner at dei personane som fyller vilkåra for KVP, får tilbud om det. Dei andre to regionane er noko usikre på om dei kartlegg brukarane godt nok for å vurdere dei mot ordninga, og dei vil no leggje vekt på inngangsvilkåra for KVP.

Ut frå tidlegare tilsynserfaring på området, lågt tal på deltakere i fylket og tilbagemelding frå Nav-leiarane, har vi grunn til å tru at ikkje alle personar som har rett til KVP i fylket, får tilbud om program.

Hvilke utfordringer opplever FM... (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)**Rapportere på**

Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP.

Vi vurderer å ha eit godt samarbeid med Nav fylke, som har eigen kontaktperson for KVP. Vi har laga felles opplæringsplan for nyttilsette i Nav og gjennomførte nyttilsettopplæring i lag vår og haust. Hovudvekt på samlinga er innføring i sosialtenestelova og KVP. Vi har faste samarbeidsmøte med Nav fylke og prøver å møte på kvarandre sine aktivitetar ut mot Nav-kontora.

Tre av fire regionar i fylket har sosialfaglege nettverk, der Nav-tilsette møtest og drøftar dei sosiale tenestene. Vi har ytt tilskot til kommunane og vi har delteke på nettverka etter førespurnad og behov, mellom anna om KVP.

Vi har hatt KVP og tilgjenge som tema på to Nav-leiarsamlingar og dei melder frå om følgjande utfordringar om ordninga: Fleire mindre kommunar melder om at dei ikkje har aktuelle kandidatar til KVP. Mange bruker statlege arbeidsretta tiltak heller enn KVP for å få personar i arbeid eller aktivitet. Nokre meiner at regelverket avgrensar talet på deltakere, mellom anna på grunn av smal inngang til ordninga og krav til talet på samarbeidspartar. Det vert opplevd utfordrande å lage gode, individuelt tilpassa fulltidsprogram. Nokre kommunar melder om budsjettutfordringar, at det er utfordrande å få aksept for høgare tal KVP-deltakere enn budsjettet og nokre kommunar opplyser at dei har for få saker til å få spisskompetanse på området.

Hva er de viktigste utfordringene for FM... (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)**Rapportere på**

Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP.

Vi ser at kommunar som lukkast med KVP, har hatt deltakere over tid i program og vurderer å ha kompetanse om tenesta i Nav-kontoret. Det er mange små kommunar i fylket og fleire av dei har ikkje hatt KVP-deltakere på fleire år.

Vi vurderer at leiarforankring er ein av dei viktigaste utfordringane for KVP. Det er utfordrande å påverke kommunane i fylket til å prioritere tenesta høgt nok til at alle potensielle deltakere får tilbud om program.

Vilkår for aktivitet for de under 30 år... (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)**Rapportere på**

Vilkår for aktivitet for de under 30 år: Fylkesmannen skal følge med på og beskrive innføring av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

Vi har hatt gjennomgang av det nye regelverket om aktivitetsplikt for stønadsmottakere under 30 år på Nav-leiarsamling og på fagsamling for Nav-tilsette i fylket. På fagsamlinga tok vi utgangspunkt i problemstillingar melde inn frå Nav-kontora på forehand, og vi brukte praktiske døme, etter ønske frå Nav-kontora. Aktivitetsplikt var også tema på Nav-leiarsamling på slutten av året, men då med erfaringsutveksling etter at ordninga har vart ei tid.

Nokre av dei større kommunane i fylket har kome godt i gang med ordninga og har positive erfaringar med ho. Det er ulikt kor godt ordninga er forankra i kommunane, og nokre kommunar har utfordring med å finne tilpassa aktivitet til brukarane. Nokre Nav-kontor ønskjer retningslinjer, mellom anna klarare minimumskrav til kor omfattande aktiviteten skal vere. Fleire Nav-kontor melder om at oppfølginga av ordninga vert opplevd byråkratisk.

Vi har ikkje hatt klage- eller tilsynssaker på området, og kan såleis ikkje uttale oss sikkert om praksis er i samsvar med lovkrav.

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

Alle 26 kommunar kjøper tenester ved eitt og same krisesentertilbud.

Vi har gjennomført tilsyn med dette tilbudet i 2014, men ikkje i 2015, 2016 eller 2017.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	26
Antall krisesentertilbud i fylket	1
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2015	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2015	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2016	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2016	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2017	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2017	0

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggjelser av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Alle 26 kommunar kjøper tenester ved eitt og same krisesentertilbud.

Det er ikkje vedteke eller planlagt endringar for dette tilbudet.

Vi ser føre oss at det etter gjennomføring av kommunesamanslåingar og fylkessamanslåing kan bli grunnlag for endringar.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudgivingslova i årsrapporten.

I 2017 gav vi 164 separasjonar og 187 skilsmisser. I tillegg avviste vi to skilsmisessøknadar og avslo tre.

I 2017 fekk vi inn 18 søknadar om godkjenning av utanlandsk skilsmisse. Av desse avslo vi tre.

Vidare fekk vi 16 søknadar om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død. Av desse vart 14 søknadar innvilga, medan to ikkje vart handsama fordi skilsmissa var eldre enn to år.

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Vi har i 2017 berre behandla ei sak etter barnelova; ei sak om tvangskraft for avtale om dagleg omsorg og samvær.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har rettleia publikum på telefon nokre få gonger. Rettleiinga har særleg vore om reisekostnadar ved samvær. Publikum trur gjerne at Fylkesmannen har mynde til å avgjere desse sakene i større grad enn det vi har, og ein del av rettleiinga blir difor kva som er Fylkesmannens oppgåve.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Vi har i 2017 handsama åtte saker om biologisk opphav.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

I 2017 gjennomførte vi to tilsyn med familievernkontora. Tema var opplysningsplikt til barnevernstenesta og barneperspektivet ved mekling. Det vart ikkje avdekt avvik.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2017	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015
2	2	0	0

Det vart ikkje avdekket lovbrøt i nokre av tilsyna i 2017.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Vi har publisert tre saker om universell utforming på nettsidene våre. Dei handla om ressursar, stønadsordningar og krav til universell utforming. <https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Universell-utforming/>. I tillegg har vi laga ferdig eit blogginnlegg om universell utforming som skal publiserast på «Fylkesmannsbloggen».

I våre innspel til det kommunale planarbeidet er universell utforming og livsløpsperspektiv i utforming og rehabilitering av bygningar og uteområde, med som fast tema i aktuelle planar.

Helse- og sosialavdelinga har samarbeidd med miljøvernavdelinga om universell utforming i fråsegner til kommunalt planarbeid. Universell utforming har vore tema i innspel til kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Her har vi også lagt vekt på behovet for tilrettelegging og lågterskeltilbod for at tradisjonelt inaktive grupper av befolkninga skal delta. Forskjellar i meistringsnivå, interesser, utstyr og betalingsevne må takast omsyn til. I mange av fråsegnene har vi oppmoda til at kommunane tek med representantar frå grupper dei ønskjer å inkludere i arbeidet med å finne treffsikre tiltak og å minske hinder for deltaking.

Universell utforming har også vore tema i fråsegner til kommunale planstrategiar og samfunns- og arealdel av kommuneplanar.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgiving.

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016–2020 viser at kjønnsbalansen i aldersgruppa 25 til 45 er skeiv i dei fleste kommunane, ved at det er fleire menn enn kvinner. Kvinner er generelt underrepresenterte i viktige funksjonar i samfunnet og næringslivet, og slik er det også i Sogn og Fjordane. Den regionale planstrategien er tydeleg på at fylket må betre attraktiviteten for kvinner både i utdanning og arbeidsliv. Strategien viser behovet for at offentleg og privat sektor skal setje i verk tiltak for å auke attraktivitet til fylket for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.

I landbrukssektoren eig eller driv kvinner under 20 prosent av gardsbruka i aktiv drift. Men kvinnelege søkjarar hevdar seg svært godt ved søknadar om bedriftsretta utviklingsmidlar frå Innovasjon Noreg. For midlar til nye næringar i 2017 fekk kvinner 71 prosent av løyvingane til etablerarstipend, 96 prosent til bedriftsutvikling og 57 prosent til investeringar. Innan tradisjonelt landbruk fekk kvinner 38 prosent av løyvingane, men kvinner stod bak 45 prosent av søknadane som fekk midlar. Ved søknad om midlar til bedriftsutvikling kan kvinner få inntil 75 prosent til mjuke investeringar, medan mannlige søkjarar kan få inntil 50 prosent.

Arbeid for å rekruttere fleire menn til barnehagesektoren blir vektlagt, og prosjektet *gutar som leikeressurs* er ein del av dette. I 2017 vart sju nye kommunar med i prosjektet. Evaluering frå gutane som deltok syner at dei har fått god kjensskap til barnehagen som arbeidsplass, og at det er eit variert, krevjande, men travelt yrke. Skal ein rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her med langsiktige tiltak som det nemnde prosjektet. Vi har prioritert leikeressursprosjektet som ein del av rekrutteringsarbeidet, og tildelt midlar til dei tre kommunane som ville halde fram.

Søkjartalet til barnehagelærarutdanninga ved høgskulen er stabilt. Høgskulen legg, i tillegg til grunnutdanninga, til rette for desentralisert etter- og vidareutdanning, tilpassa lokale og regionale behov. Kommunane og regionane arbeider aktivt med rekruttering.

Verdigrunlaget i verjemålslova handlar om å ta i vare rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Det inneber at vi som verjemålsstyremakt skal sørje for at vaksne som ikkje er i stand til å ta hand om egne interesser, menneske med nedsett funksjonsevne og barn utan verje, får den hjelpa dei treng.

Vi gjennomførte fem samlingar for verjer i 2017, der vi gav opplæring og rettleiing i korleis dei skal utføre oppdraget i tråd med lova. I tillegg heldt vi to innlegg for Nav; alle Nav-kontora i Nordfjord og alle Nav-kontora i Indre Sogn. Der informerte vi mellom anna om verjemålslova, korleis Nav kan melde behov om verjemål, kva rettar ein person med verje har og kva oppgåver og pliktar ei verje har.

Vi hadde ingen samlingar for representantar i 2017 etter at alle asylmottak for einslege mindreårige asylsøklarar blei lagde ned i løpet av året.

Hausten 2017 byrja vi å planlegge ei stor samling der tema skal vere verjemål for personar med psykisk utviklingshemming. Samlinga er planlagt i 2018, og det kan vere aktuelt å invitere både verjer og personar som har verje, om dei ønskjer det. Vi har også tenkt på å invitere tilsette på institusjonar,

kommunetilsette og Norsk forbund for funksjonshemna om vi får til samlinga slik vi ønskjer.

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak av den digitale veilederen og opplæringsprogrammet modul 1 for skoler i fylket som samarbeider med lokalt barnevern.

I 2016 hadde vi rettleiaren som hovudtema på samling med alle kommunalsjefar (barnehage, skule og barnevern). I 2017 har vi ikkje følgt opp med særskilde tiltak.

Tematet har vore framme som eitt av fleire på nokre av våre møteplassar med leiarar i barnehage, skule og barnevern. Vi har rettleia individuelt i nokre tilfelle.

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport om tilsynsvirksomheten ved barneverninstitusjoner, omsorgssentre og sentre for foreldre og barn, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling § 14 og forskrift for foreldre og barn §28.

Vi har utarbeidd årsrapport for vår samla tilsynsaktivitet med barneverninstitusjonar og omsorgssenter for 2017.

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale... (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i *Omsorgsplan 2020*, herunder *Demensplan 2020*.

Vi har teke opp Omsorgsplan 2020, Kompetanseløft 2020 og Demensplan 2020 som tema på samlingar og ulike møteplassar med kommunane. Mellom anna har kompetanseplanlegging og planlegging av helse- og omsorgstenester vore tema. I tillegg har vi informert om nye tiltak og ulike tilskotsordningar på Fylkesmannen si nettside.

Rekruttering og kompetanse

Kompetansen til personell i omsorgstenestene aukar. Likevel har kommunane i vårt fylke framleis ein høgare del årsverk utan helse- og sosialfagleg utdanning i brukarretta tenester samanlikna med resten av landet. Kompetansen til personell som yter tenester til personar med psykiske problem og rusproblem, er i betring. Ein del kommunar rapporterer om vanskar med å rekruttere personell, både legar, sjukepleiarar, vernepleiarar og psykologar.

Mest alle kommunane i fylket har fått kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot til ulike kompetansetiltak for sine tilsette. Framleis er det mest sjukepleiarar som vert utdanna. Vi kan vise til gode resultat for vidareutdanningar for høgskuleutdanna, mellom anna ulike leiarutdanningar. Delen sjukepleiarar med vidareutdanning som arbeider i omsorgstenestene, er høgare i vårt fylke samanlikna med resten av landet. Dette gjer at kompetansenivået er relativt høgt hjå denne yrkesgruppa. Samstundes må vi ha merksemd på delen årsverk utan helse- og sosialfagleg utdanning, som framleis er høg. ABC-opplæringa har vore ein suksess i vårt fylke. Alle kommunar har gjennomført slik opplæring, noko som har bidrege til at mange tilsette har fått auka kompetanse. Utfordringa for kommunane er at dette ikkje bidreg til å heve den formelle kompetansen i tenestene.

Tenestene til personar med utviklingshemming er eit sårbart tenestemråde med mange ufaglærde, og personell utan helse- og sosialfagleg kompetanse. Kommunane rapporterer om vanskar med å rekruttere faglært personell til desse tenestene, spesielt vernepleiarar. Kostra-tala kan tyde på ei negativ utvikling i talet vernepleiarårsverk i fylket. Vi vil følgje nøye med på denne utviklinga. Det er positivt at fleire av kommunane har starta ABC-opplæring for å heve kompetansen i tenestene til brukargruppa. Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester gjer ein god jobb i dette arbeidet.

Demensplan 2020

Kommunane opprettar dagtilbod til demente, og talet på kommunar som gjev opplæring til pårørande med pårørandeskular og pårørandegrupper, aukar. Vel halvparten av kommunane i fylket har i dag eit tilbod til pårørande. Fleire kommunar samarbeider om pårørandeopplæringa. Vi meiner at det er ei positiv utvikling i det kommunale tenestetilbodet til personar med demens i fylket.

Pasienttryggleiksprogrammet

Ni kommunar med i alt 15 team deltek i læringsnettverk for sjukeheimar og heimetenester i innsatsområdet *Leiing av pasienttryggleik*. Det vert arbeidd med tiltaket risikotavle som medfører fleire innsatsområde innanfor pasienttryggleiksprogrammet. Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester gjer eit godt arbeid også her. Det har vore utfordrande å få kommunane til å vere med i programmet. Vi vil legge til rette for og støtte Utviklingssenterets arbeid for å få større deltaking i programmet.

Investeringsstilskot

Talet på søknader om investeringsstilskot til bygging av heildøgers omsorgsplassar er aukande. Det er vårt inntrykk at kommunane no søker om investeringsstilskot til andre brukargrupper enn tidlegare, som rus/ psykisk helse og utviklingshemma. Samstundes kjenner vi til kommunar som plasserer fleire pasientar på same rom i institusjon eller pasientar på korridor. Vi kjenner også til at det er kommunar som har vanskar med å ta imot utskrivingsklare pasienter med omfattande hjelpebehov etter opphald i spesialisthelsetenesta. Dette kan tyde på at tilbodet i enkelte kommunar ikkje er tilstrekkeleg for å dekke behovet for institusjonsplass. Det kan også tyde på at behovet for og etterspurnaden etter tilskot til nye plassar kan kome til å auke framover.

Velferdsteknologi

Vi er med i ei prosjekt/arbeidsgruppe under IT-forum i Sogn og Fjordane. Her er deltakarar frå kommunar, Utviklingssenteret, NAV, fylkeskommunen, Høgskulen Vestlandet, Vestlandsforskning, Helse Førde, Alarmsentralen og Energikompetansesenter AS. Gruppa skal mellom anna legge til rette for strategisk planlegging og samarbeid mellom kommunane, arrangere fellesaktivitetar med sikte på å formidle kunnskap om teknologi, bruksområde, organisering og samarbeid

Sogn og Fjordane ved Førde kommune har fått tilskotsmidlar til eit prosjekt for spreing av velferdsteknologi. Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT) er prosjektleiarar. Ni kommunar deltek i dette prosjektet. Desse kommunane skal dele kunnskap med dei andre kommunane i fylket.

Det har vore regionale samlingar og arbeidsseminar i fylket. Tema på samlingane har blant anna vore definering av ansvar, roller, prosedyrar og retningslinjer for samhandling mellom Alarmsentralen i fylket og kommunane.

Det har vore stor interesse for å gjennomføre velferdsteknologiens ABC. 114 tilsette frå 12 kommunar har starta på opplæringspakken.

Vår vurdering er at det er stor interesse i kommunane i Sogn og Fjordane for å starte opp med velferdsteknologi, men det er ulikt kor langt kommunane er komme i dette arbeidet. Det har vore godt oppmøte på samlingane, og det har vore ein auke i talet på tilsette i pleie- og omsorgstenestene i kommunane som har teke kontakt med Fylkesmannen for å få rettleiing om lovverk som omfattar bruk av velferdsteknologi. Dei tilsette i kommunane har gitt uttrykk for at det er nødvendig med meir IT-kunnskap i kommunen. Med unntak av to kommunar nyttar alle kommunane Alarmsentralen (responsenteret) i Florø. Det har vore tett samarbeid mellom kommunane og Alarmsentralen for å få etablert gode rutinar for at brukarar og pasientar skal få ei trygg og god teneste når dei nyttar velferdsteknologi.

Rapportere på resultatoppgåelse... (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppgåelse for tilskuddsordningar 765.60 og 765.62.

Vi har i 2017 utbetalt tilskot under 765.60 til elleve tiltak i ti kommunar og eitt tiltak i spesialisthelsetenesta, og utbetalt tilskot under 765.62 til 20 tiltak i 15 kommunar.

Tilskot er utbetalt i samsvar med belastningsfullmakt for kvar ordning.

Desse tilskotsordningane medverkar til styrking av tenestetilbodet i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, i tillegg til å styrke samhandlinga mellom dei ulike tenestene.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

På grunnlag av opplysingar i rapportane om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid 2016 og 2017 frå SINTEF, søknad om tilskot til stillingar og samarbeidstiltak frå dei ulike tilskotsordningane, meiner vi arbeidet er på rett veg. Kommunane har forskjellige utfordringar.

Tilskotsordningane på rusfeltet bidreg til styrking av tenestetilbodet i kommunane, og til samarbeid på tvers av sektorane.

Det er få stillingar på dette feltet i kvar kommune, og det har difor stor konsekvens om ikkje stillingane blir oppretthaldne. Behovet for kompetanseheving har vore stort, og det er svært god deltaking frå kommunane på samlingar og nettverk på feltet. Det har med opptrappingsplanen vorte eit betydeleg større engasjement på området, noko som har vore svært positivt for tenestetilbodet til brukarane.

Rapportere på resultatoppgåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppgåelse for tilskuddsordninga til kommunene 0762.60.

Vi har i 2017 informert alle 26 kommunar om tilskotsordninga. Vi har etter søknad innvilga tilskot til ti tiltak som gagnar frisklivstilbodet i 12 kommunar.

I alt 13 av 26 kommunar har no eit frisklivstilbod - Fjalder, Flora, Førde, Gloppen, Hornindal, Hyllestad, Naustdal, Leikanger og Stryn, i tillegg til Lærdal/Årdal og Luster/Sogndal.

I tillegg har vi brukt ein mindre del av ordninga til å arrangere ei felles nettverkssamling for tilsette i frisklivssentralane. Vi arrangerte samlinga i samarbeid mellom frisklivssentralane, Helsedirektoratet og utviklingssentralen ved Helsehuset Stavanger.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Tilbodet innan habilitering og rehabilitering kan bli betre i mest alle kommunane i fylket. For å nå målsettingane i *Opptrappingsplanen* må fleire kommunar arbeide meir systematisk. Dei må planlegge betre, tilsetje fleire fysioterapeutar, ergoterapeutar og andre med nødvendig kompetanse. Det er vårt inntrykk at mange av dei små kommunane ved behov ikkje kan tilby hjelp frå ernæringsfysiologar, logopedar og andre med spesialkompetanse innan feltet.

Det er framleis kommunar som har utfordringar med arbeidet med Individuell plan og koordinerande eining. Det varierer kor mykje ressursar kommunane set av til koordinerande eining. Ifølgje Helsedirektoratets kartlegging har vel 92 prosent av kommunane 50 prosent eller lågare stillingsressurs til funksjonen koordinerande eining. Det varierer også korleis koordinerande eining er organisert. Det er framleis mest helsepersonell som vert nytta som koordinator.

For nokre brukargrupper må brukarmedverknaden ivareta på ein betre måte, blant anna for personar med utviklingshemming. Kommunane må også legge betre til rette tilbod for andre brukargrupper enn dei som kan gjere seg nytte av kvardagsrehabilitering. Rehabiliteringstilbodet i institusjon har, slik vi vurderer det, eit forbedringspotensiale. Samhandling og samarbeid mellom ulike tenesteområde i kommunen, og mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta, kan også betrast.

Samstundes meiner vi at fleire kommunar arbeider godt med å utvikle tenestetilbodet innan (re)habilitering. Mellom anna har nokre kommunar dei siste åra arbeidd med tilbod om- og rutinar for kvardagsrehabilitering. Stadig fleire personar og brukargrupper med rett til Individuell plan får tilbod om plan og koordinator. Kommunane er meir opptekne av brukarmedverknad. Det er vårt inntrykk at samhandling og samarbeid om tenestetilbod til enkeltbrukarar med omfattande hjelpebehov, er tema som både kommunane og helseføretaket er opptekne av.

Opptrappingsplanen set merksemd på tenestene, og tilskotsordninga stimulerer til vidare arbeid og kvalitetsforbetring i kommunane. Vi vil følgje kommunane vidare opp, informere om *Opptrappingsplanen* og få fleire til å satse på dette området.

Når ble siste analyse... (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Når ble siste analyse gjennomført?

Vi publiserte den nye versjonen av fylkes-ROS i mai 2017. I tillegg til hovudrapporten publiserte vi òg ein analyse av eit risikoscenario (brann i vegtunnel). Målet er å lage éin ny scenarionanalyse årleg.

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist... (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist oppdatert?

Planen for oppfølging av fylkes-ROS vart ferdig i juli.

Hvilke regionale tiltak... (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Arbeidet med fylkes-ROS vart gjort i eit tett samarbeid med etatane som er representerte i fylkesberedskapsrådet. Mange fagetatar leverte skriftleg kunnskapsgrunnlag, vurderingar og analysar, som vi systematiserte og skreiv saman til eit samla analysedokument. Fylkes-ROS har vore tema på fleire møte i fylkesberedskapsrådet, og på møtet i januar slutta eit samla råd seg til framstillingane og vurderingane i rapporten.

Fylkesberedskapsrådet var òg involvert i å lage oppfølgingsplanen for fylkes-ROS. Planen omtalar oppgåver og tiltak for dei fleste etatane i rådet og vil vere tema på dei årlege møta.

Gjennom nødnettprosjektet "samvirke" har vi stått i bresjen for å jobbe fram felles prosedyrar og samhandlingsmåtar mellom deltakarane.

Vi har årlege samhandlingsmøte med politidistriktsleiinga. Det viktigaste temaet for møta er samvirke og samarbeid ved handteringa av kriser og uønskte hendingar. Nærpolitireforma har gjort det nødvendig å ha ein del andre formelle og uformelle møte med den nye politidistriktsleiinga, for å verte kjende med kvarandre og for å avklare gjensidige forventingar og samarbeidsmåtar.

Vi har tett dialog og samarbeid med NVE på fleire område, ikkje minst i oppfølging av plansaker. Vi har dei siste åra hatt årlege formelle samarbeidsmøte med leiinga ved regionkontoret. Det har vore eit viktig tiltak for å sikre eit godt samarbeid.

NVE er ein heilt sentral aktør i arbeidet med fjellskredberedskapen rundt det ustabile området "Joasetbergi" i Aurland kommune. Vi har samordna beredskapsplanlegginga mellom aktørane, og gjort mykje av arbeidet med overordna ROS-analyse og felles objektplan. I tillegg til NVE og oss, samarbeider vi tett med politiet og Aurland kommune. Fleire andre aktørar har òg roller og oppgåver i dette, m.a. Statens vegvesen, Bane Nor, NSB og Kystverket.

Under evalueringane etter både brannen i Fjærlandstunnelen og flaumen i Utvik og Breim, kom det fram funn som vi har følgd opp, mellom anna ved å ta initiativ til avklaringsmøte og å vere pådrivarar for å endre prosedyrar.

Andel hendelser av regionale hendelser... (fra kapittel 7.3.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Andel hendelser av regionale hendelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Det var i 2017 to større uønskete hendinger som vi meinte at det var nødvendig å evaluere; brannen i Fjærlandstunnelen og flaumen i Utvik og Breim. Ved den første tok vi initiativ til evalueringsmøtet og skreiv referatet, mens vi ved flaumen i Utvik og Breim var deltakarar i prosessen som Stryn kommune tok initiativ til.

Andel regionale øvelser og embetsøvelser... (fra kapittel 7.3.4.1.5 i TB)

Rapportere på

Andel regionale øvelser og embetsøvelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Vi har i 2017 gjennomført éi øving for kriseleiinga i embetet. Det primære målet med øvinga var å heve kunnskapen om bruken av CIM. Vi sende ikkje evalueringsrapport.

Vi var pådrivarar for å få til ei skrivebordsøving ("table top") med brann i vegtunnel som scenario. Statens vegvesen tok hovudansvaret for den praktiske gjennomføringa av øvinga, men vi deltok i både planlegginga og gjennomføringa.

I øvinga deltok mellom anna representantar frå fleire brannvesen, politiet, Helse Førde, alarmsentralen og Vegtrafikksentralen. Vi tok på oss å skrive evalueringsrapport. Vi har dialog med vegvesenet om den vidare oppfølginga av funna.

Status revisjon underliggende planverk... (fra kapittel 7.3.4.1.6 i TB)

Rapportere på

Status revisjon underliggende planverk knyttet til nasjonale beredskapstiltak

- Status revisjon i embetets planverk – hva er gjennomført og hva gjenstår
- Status revisjon regionalt arbeid med underliggende planverk – hvilke tiltak er gjennomført

På fagsamlingar og andre møte med DSB har vi fått orientering om arbeidet i arbeidsgruppa som har sett på korleis embeta skal følgje opp nasjonale SBS-tiltak. Gruppa var sett saman av representantar for direktoratet og to fylkesmannsembete. Resultatet frå arbeidsgruppa vart sendt ut i haust, og vi har mellom anna hatt møte med Fylkesmannen i Hordaland om samarbeid om å utarbeide det underliggende (regionale) planverket til SBS.

Arbeid knyttet til det sivilt-militære... (fra kapittel 7.3.4.1.7 i TB)

Rapportere på

Arbeid knyttet til det sivilt-militære samarbeidet i forbindelse med *Trident Javelin 2017* og *Trident Juncture 2018*: Hvilke deler av dette arbeidet har embetet deltatt i 2017.

Vi deltok som responscelle under gjennomføringa av Trident Javelin 2017. HV11 var aktiv spelar under øvinga, og vi fekk ein del spørsmål og innspel som måtte følgjast opp. Det var òg ein del innspel og spørsmål for oppfølging då DSB deltok under øvinga.

Det er planlagt øving for fylkesberedskapsrådet i januar 2018, der scenarioet for Trident Javelin skal leggjast til grunn.

Trident Javelin og Trident Juncture har vore tema på møta i tryggingforum.

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel... (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel kontrollerte vergeregnskap, samt antall verger som er under oppfølging på bakgrunn av ikke godkjente vergeregnskap.

Fylkesmannen har kontrollert 15 prosent av verjerekneskapane etter uttrekk frå Statens sivilrettsforvaltning. Vi har hatt ein grovare gjennomgang av dei andre 85 prosentane, men likevel slik at alle rekneskap er kontrollerte. Vi har purra opp manglande dokument og følgd opp der vi har reagert på disposisjonar som er gjorde utan samtykke, eller anna.

Vi har fire verjer under oppfølging på grunn av ikkje godkjente rekneskapar, eller fordi rekneskapar ikkje er sende inn.

Vergemålsordningen

Sum	Antall kontrollerte vergeregnskap	Antall mottatte vergeregnskap
100 %	860	860

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt alle vergemål opprettet etter gammel lov har riktig status med tanke på regnskapsplikt.

Vi har gått gjennom alle løpande saker og endra status på reknskapsplikt der det har vore feil.

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere... (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Vi har i 2017 innvilga økonomisk dispensasjon i to saker, der den eine gjaldt barnefordeling og den andre var ei familiesak. Vidare vart ni søknadar avslått fordi søkjaren ikkje oppfylte dei økonomiske vilkåra. Vi avslø 14 søknadar på anna grunnlag.

Vi har utbetalt advokatsalær i 352 saker, totalt kr. 1 930 205,-. Dette er saker som anten er innvilga av advokaten sjølv, eller av oss. Fordelinga mellom sakstypar og kostnader er slik:

1. Utlendings sak, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 a:
 - o 18 saker, kr. 49 370,-.
2. Utlendings sak, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 b:
 - o 60 saker, kr. 247 448,-.
3. Klage i asylsak, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 c:
 1. 141 saker, kr. 761 130,-.
4. Barnevernssak, jf. § 11 (1) nr. 2:
 1. 9 saker, kr. 64 260,-.
5. Andre barnevernssaker, jf. § 11 (3):
 - o 2 saker, kr. 10 075,-.
6. Erstatning for straffefølgging, jf. § 11 (1) nr. 3:
 - o 24 saker, kr. 122 400,-.
7. Voldsofre, jf. § 11 (1) nr. 4:
 - o 7 saker, kr. 49 980
8. Vurdering av melding, jf. § 11 (1) nr. 6: 15 saker,
 - o kr. 39 705,-.
9. Undersøking og behandling utan samtykkje, jf. § 11 (1) nr. 8:
 - o 4 saker, kr. 20 400,-.
10. Skiftesak, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2:
 - o 7 saker, kr. 77 114,-.
11. Barnefordeling, jf. § 11 (2) nr. 1:
 - o 29 saker, kr. 191 637,-.
12. Familie, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2:
 - o 6 saker, kr. 106 481,-.
13. Personskadeerstatning, jf. § 11 (2) nr. 3:
 - o 4 saker, kr. 33 589,-.
14. Oppseiing/utkastning frå bustad, jf. § 11 (2) nr. 4:
 - o 3 saker, kr. 15 782,-.
15. Oppseiing/avskil i arbeidstilhøve, jf. § 11 (2) nr. 5:
 - o 6 saker, kr. 34 272,-.
16. Valdsoffererstatning, jf. § 11 (2) nr. 6:
 - o 1 sak, kr. 4 304,-.
17. Klagesak for NAV, jf. § 11 (2) nr. 7:
 - o 16 saker, kr. 102 258,-.

I 2017 innvilga vi to søknadar om fri sakførsel, der ei av sakene gjaldt felleseigeskifte, medan det var søkt om fri sakførsel på anna grunnlag i den andre saka. Vi har også innvilga dekning av motparten sine saks kostnader i ei sak og fritak for rettsgebyr i ei sak.

Retts hjelp 1.1 - Søknader

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	85	76	9
Innvilgede søknader	56	52	4
Avslåtte søknader	26	23	3

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.3.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Økonomirapporten for 2017 viser at vi hadde eit forbruk på om lag 2,6 millionar kroner. Dette er noko lågare enn den stipulerte kostnaden som vart rapportert inn etter andre tertial, 3 millionar kroner.

Samanlikna med 2016 hadde vi ein markant nedgang i tolkesaker og saker der advokaten sjølv har innvilga fritt rettsråd. Vi reknar med at dette heng saman med reduksjonen i flyktingestraumen.

Dersom talet på asylsaker held seg på same nivå i inneværende og påfølgjande år, reknar vi med at kostnadane også vi halde seg stabile. Vi reknar derfor med at vi vil ha mellom 2,5 og 3 millionar i kostnader desse to åra.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.4.4.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen skal rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Fylkesmannen har hatt seks klagesaker etter introduksjonslova.

Fire av sakene gjaldt klage på stans i programmet. Ei gjaldt spørsmål om rett til utvida deltaking, og ei gjaldt spørsmål om rett til deltaking i programmet. I to av sakene som gjaldt stans i programmet, fekk klagen medhald. I dei andre klagesakene har Fylkesmannen gjeve avslag på klagen.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.4.4.2 i TB)**Rapportere på**

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2017 hadde vi ni klagesaker etter introduksjonslova. Desse sakene og utfallet av klagehandsaminga fordeler seg slik:

Utvida deltaking i introduksjonsprogrammet: To saker, begge avslag.

Stans i introduksjonsprogrammet: Tre saker, eitt avslag og to medhald.

Avslag på deltaking i introduksjonsprogrammet: To saker, begge avslag.

Mellombels stans i deltaking i introduksjonsprogrammet: To saker, begge avslag.

Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.4.4.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier og hvor mange av nye statsborgere i fylket som har deltatt.

Vi arrangerte éin statsborgarseremoni, for 58 nye norske statsborgarar frå tolv kommunar og 16 opphavslend. Seremonien fann stad på Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. I alt var 137 inviterte, og 42 prosent møtte opp.

På grunn av store reiseavstandar i fylket byter vi stad for seremonien slik at vi er i kvar region Sogn, Sunnfjord og Nordfjord kvart tredje år. Dette gjer at enkelte nye statsborgarar vel å vente med seremonien til vi kjem nærare heimstaden.

Resultat- og økonomirapportering... (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

Resultat- og økonomirapportering på fagmidler på klima og miljøområdet innanfor naturmangfold, forurensning og klima.

Vi har rapportert innan dei aktuelle fristane.

Fremmede organismer

Art/artsgruppe	Type tiltak	Omfanget av tiltaket	Navn område	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Sum brukt
Parkslirekne	Bekjempelse	Eit titals lokalitetar av ulik storleik har blitt rydda	Fjaler kommune, i hovudsak rundt tettstaden Dale	Om lag 70 førekomstar av parkslirekne er kartlagt, og kommunen har sendt brev til alle grunneigarar med førekomstar. Tilsette i kommunen har gjennomført ryddearbeidet i felten. Prosjektet kom i gang litt seinare på året enn det som hadde vore ideelt, og har i år derfor avgrensa seg til rydding på kommunale areal pluss å skaffe erfaring med ulike tiltak. Kommunen har opparbeidd seg nyttig erfaring som vil bli brukt til å vidareføre prosjektet i komande år.	80 000
Parkslirekne	Bekjempelse	Tre lokalitetar, kvar på om lag eit halvt dekar	Florø	Prøveprosjekt med geitebeiting på parkslirekne. Geitene blei flytta mellom tre ulike lokalitetar som på førehand var blitt gjerda inn. Resultata så langt tyder på at ein runde med sprøyting på slutten av sesongen truleg vil vere nødvendig.	30 000
Brun skogsnegl	Bekjempelse	Mellom 1500 og 2000 personar involverte i mai-juni, ny runde i august-september	Florø	Nemaslug-aksjon mot brun skogsnegl i Florø og omegn. Praktisk gjennomføring v/kommunen. Svært god oppslutning. Tiltaket er enno ikkje avslutta, og endelege kostnader ikkje heilt klare	30 000
Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Sjølvsådde tre og småplantar spreidd over eit areal på om lag 0,8 km ²	Hjelle-Rindane, Eid	Fjerning av alle småtre før dei når frøproduserande alder. Alle store tre er allereie fjerna	90 000
Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	20 dekar	Hyllestad		60 000
Parkslirekne	Bekjempelse	fjerning av inntil 25 kartlagte førekomstar i kommunen	Jølster kommune	Tiltak fordelt over 2017 og 2018	60 000
Fleire artar	Kartlegging	Kartlegging av svartelissta artar i kommunen	Solund kommune	Kartlegging med tanke på seinare tiltak	25 000
Parkslirekne	Bekjempelse	Fjerning av om lag 20 førekomstar i kommunen	Hyllestad kommune	Litt over 20 førekomstar allereie kartlagt	70 000
Parkslirekne	Bekjempelse	Fjerning av om lag 40 førekomstar	Florø kommune	Det var kartlagt i overkant av 40 førekomstar i kommunen	80 000
Kjempespringfrø	Bekjempelse	Fjerning av seks førekomstar	Årdal kommune	Seks førekomstar kartlagt i kommunen	40 000
					565 000

Vi brukte i tillegg om lag kr.140.000 til lønsutgifter i samband med arbeidet med framande artar.

Det skal rapporteres på fylkesmannens... (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på fylkesmannens arbeid med samordning av statlig styring av kommunesektoren etter retningslinjene i rundskriv H-2143.

Vi legg stor vekt på å møte kommunane til ein jambyrdig og open dialog, der begge kan setje dagsorden. Vi har teke opp att arbeidsforma der Fylkesmannen, ved leiargruppa, vitjar ein einskild kommune og møter kommuneleiinga, ved ordførar, rådmann, kommunalsjefar og formannskap. Nokre år samla vi fleire kommunar under eitt i slike møte, for å kunne ta opp problemstillingar på breiare basis. Då kunne vi oftare nå kvar kommune, men samstundes var det ikkje så lett for kommunane å ta opp særskilde problemstillingar som berre gjaldt ein kommune. I 2017 vitja vi seks kommunar på slike møte.

Om samordning av tilsyn viser vi til rapporteringa på punkt 7.3.6.6.1.

Vi møter andre statlege etatar jamleg for å oppdatere kvarandre og samordne oss i det kommuneretta arbeidet, avhengig av fagområde. På flyktning- og integreringsområdet har vi siste åra, saman med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland, jamleg møtt Nav, Bufdir, IMDi og UDI.

Vi møter ofte leiarar for andre statlege etatar som har hovudkontor i Sogn og Fjordane, både på møte vi kallar inn til, og på andre møteplassar i fylket.

I tillegg samlar vi som regel ein gong i året, leiarane i alle dei statlege etatane som har ansvar for Sogn og Fjordane.

Dei andre statsetatane er velkomne til den årlege kommunekonferansen som vi avviklar i mai. Vi planlegg konferansen i samråd med KS, og legg stor vekt på innspel frå kommunane om tema.

Elles brukar vi, som nemnt i kapittel 3, *Sogn og Fjordane-modellen* når vi identifiserer eit større problem som må løysast av fleire enn ei verksemd. Modellen går ut på at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen for å lage faste nettverk, der alle dei viktigaste aktørane samarbeider i formaliserte forum for å nå felles mål på ulike livsområde.

Samordning mellom regionale statlege verksemdar er viktig. Men vi meiner at vi for å lukkast med å setje i verk statleg politikk og omsetje han til gode levekår, må sjå vidare enn på statlege verksemdar. Vår erfaring er at vi oppnår langt betre samordning og samhandling når statlege regionale verksemdar i forpliktande forum samarbeider med fylkeskommunen, kommunane og dei kommunale regionråda, KS og private organisasjonar eller verksemdar, avhengig av livsområde.

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak fylkesmannen har iverksatt for den enkelte kommune som er registrert i ROBOK og hvilke tiltak som har vært iverksatt for å forhindre kommuner som er i faresonen til å bli registrert i ROBOK. Det skal rapporteres om bruk av skjønnsmidler til ROBOK-kommunene.

I 2017 har vi kontrollert og godkjent vedtak og saker i samsvar med økonomiforesegnene i kommunelova. Gloppen, Selje og Gaular vart melde ut av Robek i 2017. Dei to siste Robek-kommunane Naustdal og Bremanger fekk godkjent sine budsjett. Bremanger er ein "Terra-kommune" og skal etter planen ha betalt ned underskotet i 2021. Naustdal kommune skal etter planen dekkje inn underskotet i 2017, og kan etter dette meldast ut av Robek i 2018. I dei tilfella vi ser at kommunar er inne i ei dårleg økonomisk utvikling, gir vi tilbakemelding i brev eller ber om møte med kommunen. Vi rettleiar kommunen og gir naudsynt informasjon. Vi har hatt fleire oppfølgingsmøte med Bremanger i den tida dei har vore i Robek.

I samarbeid med kommunane har vi årlege samlingar i økonominettverket, eit nettverk for økonomisjefar, økonomimedarbeidarar og kommunerevisjonen i fylket. Hovedtema i 2017 var økonomistyring- og planlegging sett i samanheng med kommuneproposisjon, RNB og finansreglement.

Vi har ein eigen samling for kommunane den dagen statsbudsjettet blir lagt fram.

Ut frå ei samla vurdering av kommunens overordna økonomiske situasjonen, fekk Naustdal 1 500 000 kroner i skjønnsmidlar. Bremanger har høge kraftinntekter og får difor ikkje skjønnsmidlar.

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling... (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling og modernisering i kommunene, bruk av skjønnsmidler til formålet og formidling av resultatene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling og lenke til søknadsskjema. Vi gjev òg ei nærare orientering i eige brev til kommunane. Vi har brukt ekstra ressursar til rettleiing og informasjon om ny søknads- og rapporteringsbase Isord også i 2017, mykje på grunn av tilpassing av databasen til nye kommune- og fylkesnummer. Sidan FMSF har utvikla databasen og har fagansvaret, har vi brukt tid på å rettleie andre fylkesmannsembete om portalen, i tillegg til rettleiing til kommunar.

I 2017 har vi hatt to tildelingar. Vi fekk inn 22 prosjektsøknader innan søknadsfristen 1. mars. Vi prioriterte søknader innanfor områda:

1. Kommunale tenester til
 - asylsøkjjarar og busetjing og integrering av flyktningar.
 - helse og omsorg, til dømes velferdsteknologi og nye krav innafor rus eller psykiatri
 - barnevern, interkommunalt samarbeid om akuttberedskap
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald
3. Samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes på desse områda:
 - planarbeid, mellom anna med vekt på folkehelse
 - rekruttering
 - klima og det grønne skiftet
4. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge

Sju av søknadene fekk avslag fordi dei ikkje stetta kriteria for tildeling, eller at dei vart samordna med større fylkesprosjekt.

I alt 15 ulike prosjekt fekk tildelt til saman 3 202 000 kroner i første runde. Andre søknadsrunde vart utlyst i september og gjaldt berre søknader for etablering av akuttberedskap i kommunalt barnevern. Til saman vart det tildelt 673 000 kroner til åtte ulike søknader, som femner om 23 av 26 kommunar. Totalt er det i 2017 utdelt 3 875 000 kroner til fornying og modernisering i kommunane.

Når den endelege tildelinga er gjort, vert dette publisert på nettstaden til embetet, og kommunane får brev om tildeling via portalen. Vi har eit arbeidsutval som jobbar med tildelinga, der KS-leiaren i fylket er med som rådgjevar. Ved handsaming av søknadene deltek dei ulike fagavdelingane i embetet ved behov. Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek, vert prioriterte. Det er krav om 50 prosent eigenfinansiering frå kommunane, og vi legg vekt på at kommunane formidlar læringspunkt frå prosjekta. Einskilde prosjekt vert presenterte i fagnettverk med kommunane eller på den årlege kommunekonferansen for rådmenn og ordførarar. Etter kvart som prosjekt frå 2017 vert ferdige, vert rapport offentlig publisert på Isord.

Tildelinga av skjønnsmidlar i 2017 har i særleg grad medverka til at vi har fått på plass akuttberedskap i barnevern i kommunane. I tillegg delfinansierer vi to tunge fylkesprosjekt med god framdrift;

1. Velferdsteknologi i alle kommunar
2. Digitaliseringsfylket, for å betre den digitale samhandlinga mellom staten, kommunane og innbyggjarane.

Det skal rapporteres om antall lånesøknader... (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres om:

- Antall lånesøknader som godkjennes og i hvilken grad fylkesmannen har nektet godkjenning av lån.
- Antall godkjente garantier, samt antall garantier som ikke ble godkjent.

Garantisøknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Fem av lånesøknadene i 2017 gjaldt opptak av lån for Robek-kommunar, og ein søknad gjaldt opptak av lån i interkommunalt selskap.

Til Robek-kommunar har vi godkjent lån til følgjande formål: investeringar innanfor vatn, avløp og renovasjon, lån frå Husbanken til vidare utlån, og fullføring av barnehage- og skuleprosjekt. Kommunane er kjende med vår praksis og retningslinjer for lån til Robek-kommunar.

Antall garantisøknader

Saksområde	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall garantisøknader	6	6	0	0

Kommunenes lånesøknader

Type søknad	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall lånesøknader	6	6	0	0

Fylkesmannen skal rapportere... (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på hvordan veiledningsarbeidet har blitt utført, herunder aktiviteter for å øke kvaliteten på KOSTRA-data.

Vi publiserte 6.12.16 nødvendig informasjon om Kostra-rapportering og tidsfristar for rekneskapsåret 2016 på nettsidene våre. Vi følgde opp med e-post til kommunane over nyttår med lenke til heimesidene våre. Vi kontrollerer rapporteringa når dei ulike fristane er passerte, og kontaktar kommunane når vi ser at skjema manglar eller ikkje vert godkjent hjå SSB. Også i 2017 la vi spesielt vekt på skjema 34 A og B, og 35 A og B, kommunal eigedomsforvaltning og kostnader til dette. Når det gjeld kommunal eigedomsforvaltning var det tre kommunar som leverte for seint for publisering i mars, og vi ser at totalt sett er ikkje kvaliteten i denne rapporteringa god nok. Generelt var det godt resultat i den samla Kostra-rapporteringa for kommunane i fylket.

Vi prioriterer informasjon og oppfølging av Kostra, både i økonominettverket og elles i møte med kommunane.

Vi ser at vi treng gjere fleire tiltak i 2018, spesielt for skjema 34 og 35.

Kort om fordelingen av skjønnsmidler... (fra kapittel 7.3.6.5.2 i TB)**Rapportere på**

Kort om fordelingen av skjønnsmidler, herunder rapportering i ISORD.

Samla ramme for skjønnsmidlar i 2017 var 62,3 millionar kroner, ein reduksjon med 11 millionar kroner eller 15 prosent frå året før. Vi fordelte 25,9 mill. kroner som kompensasjon for høgare sats for arbeidsgjevaravgift. Og vi fordelte 3,4 mill. kroner til innovasjon og fornyingsprosjekt (Isord).

For 2018 er reduksjonen ytterlegare 6,5 millionar kroner, altså 10,4 prosent. Vi har respekt for at skjønnsmidlane vert reduserte for å leggje meir inn i den faste ramma. Likevel må vi peike på at det skapar vanskar for mange kommunar, særleg når relativt store reduksjonar i skjønnsmidlane kjem oppå følgjene av omleggingane av inntektssystemet og av opplegget for eigedomsskatt.

Fylkesmannens skal gi en kort beskrivelse... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannens skal gi en kort beskrivelse av embetets tiltak for samordning av statlig tilsyn, herunder tilsyn fra andre tilsynsetater enn Fylkesmannen selv. Fylkesmannen skal kort opplyse om hva som er gjort for å fremme og formidle læring hos kommunene i de tilsyn som er gjennomført.

Vi samordnar statlege tilsyn med kommunane gjennom ein felles tilsynskalender for Fylkesmannen, Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Arkivverket. Vi har ei årleg samling med dei som driv tilsyn hjå Fylkesmannen og sekretariata for kontrollutvala. Annakvart år er dei andre statlege tilsynsetatane med.

Kommunane er først og fremst opptekne av at tilsyn ikkje skal kome oppå kvarandre i tid, og det klarar vi å unngå gjennom den felles tilsynskalenderen. Dei er også opptekne av einsarta tilsynsmetodar, og vi prøver å tilpasse oss innanfor handlingsrommet vi har. Men nokre av oppdragsgjevarane våre har strammare rammer for utføring av tilsyn enn andre. Vi er glade for at KMD har teke initiativ til samlingar med departementa, direktorata og fylkesmennene for å kunne samordne tilsynsaktiviteten betre.

Kommunane våre etterspør meir bruk av "eigenvurderingstilsyn", der vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, medan nabokommunane utfører eigenvurdering av eigne tenester etter rettleiing. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbeistrast. På denne måten femmer vi om fleire kommunar. Kvalitative og kvantitative evalueringar har stadfesta at kommunane er nøgde, og at effekten av eigenvurderinga på tenestekvalitet er på nivå med det vi ser ved vanleg tilsyn. Kommunane seier at dei lærer meir når dei vert utfordra til å sjå seg sjølv utanfrå.

Vi vil leggje til at vi frå hausten 2017 har laga eit system for at kommunane elektronisk kan gje tilbakemeldingar på gjennomførte tilsyn. På den måten håpar vi

å kunne forbedre tilsyna våre.

Til slutt vil vi nemne at vi stundom tykkjer at klage- og tilsynsrolla til fylkesmennene får for stor merksemd samanlikna med initiativ-, opplærings- og rettleiingsrolla. I våre auge er det eit naudsynt samspel mellom alle desse rollene for å få til gode tenester og gjennomføre nasjonal politikk i kommunane. Vi er difor uroa over den sterkare vektlegginga av klage- og tilsynsrolla til fylkesmennene som kjem til uttrykk i fylkesmannsreforma og regionreforma.

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn... (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)

Rapportere på

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn det har gjennomført.

Forklaring:

- Det bes om ett samlet tall for alle tilsyn hjemlet i opplæringsloven, barnehageloven, helse- og omsorgstjenesteloven mv.
- Det rapporteres samlet for kommunene og fylkeskommunen(e)
- Antall tilsyn det skal rapporteres om omfatter planlagte tilsyn (som landsomfattende/nasjonale tilsyn) og hendelsesbaserte tilsyn uavhengig av tilsynsmetodikk og hvor ressurskrevende tilsynet var.
- Antall tilsyn det skal rapporteres om, omfatter ikke forundersøkelser, sjølvmeldingstilsyn og dokumentgjennomganger uten oppmøte (fysisk eller videokonferanse) på tjenestestedet eller i kommunen/fylkeskommunen.
- Det bes ikke om tall for avvik eller pålegg.

Gjennomførte tilsyn etter opplæringslova, barnehagelova og helse- og omsorgstjenestelova:

- Etter opplæringslova er det gjennomført tilsyn med seks kommunar/fylkeskommune
- Etter barnehagelova er det gjennomført tilsyn med fem kommunar
- Vi gjennomførte i alt to systemrevisjonar, med samla vekt på 2,0 poeng. Tema: Kommunale helse-, omsorg- og sosiale tenester til personar med ROP-lidingar (LOT 2017/2018).
- Revisjonar kommunal helse- og omsorg = 9,7 inkl LOT 2016/ 2017 à 1,33 x 2 og LOT 2017/2018 à 1,50
- Hendingsbaserte tilsynssaker (helse) = 123 saker
- Hendingsbaserte tilsynssaker (sosial) = 3 saker

Samla tal tilsyn på området utgjør 148,7.

Vi er usikre på kva som ligg i "mv." i forklaringsteksten, men tolkar rapporteringskravet som at vi ikkje skal gje opp tilsyn på barnevern, beredskap eller andre område enn dei som særskilt er nemnde.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Hvor mange av sakene totalt (uten å skille mellom saker etter klage og på eget initiativ) som hadde henholdsvis habilitet eller lukking av møter blant vurderingstemaene.
- Det skal gis en kortfattet omtale i årsrapporten av hvor mange klager fylkesmannen har mottatt etter kommuneloven § 60d fjerde ledd, hvilke kommunalrettslige tema de (særlig) veileder kommunene om samt bruk av interkommunalt samarbeid i fylket, med særlig vekt på bruk av vertskommunemodellen.

Vi har gitt generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål, særleg lovlegkontroll og habilitet. Vi har i tillegg fått ein del spørsmål om innbyggjarinitiativ og kommunal organisering, med vekt på kommunesamanslåing og forholdet mellom kommunestyre og fellesnemnd etter inndelingslova § 26.

Tre av lovlegkontrollane i 2017 gjaldt lukking av møte. I to av tilfella kom vi til at avgjerd om lukking var ulovleg. Ingen av kontrollane i 2017 gjaldt habilitet.

Vi har ikkje fått klager etter kommunelova § 60 d.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	2	0	2
På eget initiativ	1	2	3

Fylkesmennene skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.6.9.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

Vi har handsama 48 klagesaker etter offentleglova om avslag på innsyn. Dette er ein auke med åtte saker frå 2016, og ein auke med 32 frå 2015. To av sakene gjaldt manglande innsyn hos fylkeskommunen og resten manglande innsyn hos kommunar. I alt 23 av klagen vart tekne heilt eller delvis til følge, ti saker vart

stadfesta, 14 saker vart oppheva og returnerte til førsteinstansen for ny handsaming og ei klage vart avvist.

Vi har også handsama fire saker om manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova. To av sakene vart tekne delvis til følge, ei sak vart avvist og ei sak vart stadfesta.

To saker har vore klaga på til Sivilombodsmannen. Han har ikkje hatt merknader til vår sakshandsaming i nokon av desse sakene.

Mange av klagesakene våre kjem frå to privatpersonar. Innsyn i kommunale og statlege dokument er ein viktig demokratisk rett, der vi sjølvsagt skal bruke dei ressursane som trengst. Likevel tek vi opp att oppmodinga frå i fjor, at vi ønskjer oss ei presisering i lova av kva som ligg i «utan ugrunna opphald» når det kjem mange innsynskrav frå same kjelde, i og med at Sivilombodsmannen praktiserer vilkåret som "utan opphald", uavhengig av grunnar. Vi ønskjer oss dessutan ein klarare heimel for å avslå dei få innsynskrava som er motiverte ut frå sjikane eller ønske om å påføre forvaltningsorgan arbeid.

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.11.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene. Alle saker som ligger til behandling per 31.12.2016 skal overføres til den nye SYSAM-løsningen.

- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten for 2017 skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten for 2017 skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Per 31.12.2017 hadde vi 19 byggesaker i restanse, mot 42 ved årsslutt i 2016. Av byggesakene er 81 prosent handsama innan 12 veker.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
154	62	30	61	3	23	0

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.12.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene. Alle saker som ligger til behandling per 31.12.2016 skal overføres til den nye SYSAM-løsningen.

- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis. Rapportering om ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område (også der oreigningsloven er hjemmelsgrunnlag).
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område. Det skal også fremgå antall søknader som ikke er behandlet innen 12 uker.
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede ekspropriasjonssaker der Fylkesmannen er klageinstans, på plan- og bygningsrettens område. Det skal også fremgå antall klager som ikke er behandlet innen 12 uker.

Per 31.12.2017 hadde vi sju klagesaker på reguleringsplan i restanse, mot seks saker ved årsslutt i 2016. Av reguleringsplansakene var 65 prosent handsama innan 12 veker.

Vi har handsama tre saker om oreigning, ei av desse som klageinstans. Alle er handsama innan 12 veker. Vi viser til tabellane 159 og 160.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	26
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	88
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	9
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	3

Fylkesmannen skal gjøre rede for iverksatte... (fra kapittel 7.3.6.13.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for iverksatte og planlagte effektiviseringstiltak. Det skal her fremgå at tiltak som inneholder digitalisering av arbeidsprosesser og tjenester er særlig vurdert. Det skal også gjøres rede for hvordan effektiviseringsgevinstene av tiltakene hentes ut, slik at de kan omdisponeres til prioriterte områder. Nærmere retningslinjer kommer i eget rundskriv.

Som nemnt i avsnitt 3.6 er eit særmerke for vårt embete at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegrerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte. Vi arbeider for å digitalisere og effektivisere fylkesmennene, til ein langt rimelegare kostnad og med mykje lågare risiko for havari, enn mange andre digitaliseringsprosjekt i offentleg sektor. Vår viktigaste suksessfaktor er det nære samarbeidet mellom utviklarkompetansen og fagkunnskapen.

Her gjer vi greie for noko meir av det vi har arbeidd med i 2017:

FMSF har i tett samarbeid med FMNO og Difi vore aktive for å få på plass digital post for fylkesmennene mot innbyggjar, private verksemder via Altinn og andre offentlege verksemder gjennom Difi sitt nye integrasjonspunkt. Dette effektiviserer både hjå fylkesmennene, i privat næringsliv, hjå innbyggjarar og i forvaltninga elles.

Vi har i vårt arbeid med digitalisering av tenester alltid lagt vekt på gevinstar og gevinstrealisering, og vurderer kost og nytte av prosjekta på førehand. Vi viser til kapittel 1 der vi har valt å omtale tre av dei viktigaste prosjekta som er gjennomførte i 2017. I mange tilfelle er gevinstane vanskeleg målbare, eller gevinstane kjem i andre delar av samfunnet enn i eigen organisasjon. Eit par eksempel:

Digital melding til fylkesmannen

Dette er eit skjema som vert nytta av alle fylkesmenn og tanken er at brukarane kan sende inn opplysingar til Fylkesmannen på ein sikker måte. Skjemaet er sikra med ID-Porten. Melding og eventuelle vedlegg går direkte til importsentral på arkiv. Med løysinga sparar fylkesmennene arbeidstid ved mottak, avsendarane sparar porto og gebyr, og sakshandsamingstida blir redusert. Kostnaden med etablering av skjemaet var minimal, om lag 20 000 kroner.

Tilskot

Gjennom årets tildelingsbrev er alle embeta pålagt å nytte tilskot.fylkesmannen.no. Løysinga sikrar utbetaling av tilskot, og gjer handsaminga meir effektiv ved at sakshandsamaren legg inn all naudsynt informasjon i løysinga. Vidare går utbetalingsmelding til Basware/Contempus hjå DFØ for attestasjon og utbetaling. Med løysinga sparar embeta manuelle rutinar, samstundes som utbetalinga er blitt sikrere og detaljar loggførte. Vi jobbar no med utviding av løysinga til også å omfatte ein søknadsdel slik at søknad frå til dømes kommunar kan legge grunnlag for enkel sakshandsaming og seinare tildeling og utbetaling. Denne løysinga er ei intern løysing som lettar dei administrative rutinane i embeta.

Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.14.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres om lærlinger i årsrapporten.

Vi har hatt ein lærling på IKT-drift i 2017. Læretida hans starta august 2017, og vert avslutta på nyåret 2019.

Kort beskrivelse av aktiviteten... (fra kapittel 7.3.7.1.1 i TB)

Rapportere på

Kort beskrivelse av aktiviteten på området, herunder oversikt over:

- Tros- og livssynssamfunn som mottar tilskudd og antall medlemmer det er gitt tilskudd for
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

Elleve trossamfunn har fått utbetalt tilskot for 1 458 medlemmer i 2017. Samla er det utbetalt 781 488 kroner, som er 186 296 kroner meir enn året før. Talet på medlemmer med rett til tilskot har auka med 197 personar frå i fjor.

For første gong har alle utbetalingane gått gjennom den nyutvikla digitale løysinga for trus- og livssynssamfunn.

I 2017 har vi registrert eitt nytt trossamfunn, som også fekk godkjent vigselfrett. Ved utgangen av året vart eitt trossamfunn avvikla, ved at det slo seg saman med eit anna trossamfunn i fylket. Det er derfor 17 registrerte og uregistrerte trus- og livssynssamfunn i oversikta hos oss ved årsslutt.

Statistikk for utbetaling av tilskot og opplysingar om det enkelte trus- og livssynssamfunn er tilgjengeleg for alle via denne lenkja:

<https://trussamfunn.fylkesmann...>

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.7.2.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi handsama 28 søknadar om oskespreiing i 2017, og med unntak for ein søknad, vart alle innvilga. Tolv av søknadane var førehandssøknader, medan 16 av søknadane kom frå pårørande i ettertid. I 19 av sakene vart det gjeve løyve til oskespreiing på land, medan det i åtte av sakene vart gjeve løyve til oskespreiing i sjøen.

Vi har ikkje i 2017 fått søknadar om privat gravstad eller klager på kommunale enkeltvedtak etter gravferdslova.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.7.3.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har handsama elleve søknadar om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred § 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Tre av søknadane vart avslagne. Eitt avslag vart klaga på til departementet, men vart ikkje teke til følge.

Vi har i 2017 handsama to søknadar om godkjenning som typiske turiststadar.

I forskrift 09.05.2017 godkjende vi Flåm og Gudvangen i Aurland kommune som typiske turiststader heile året. I same forskrift vart Aurlandsvangen og Undredal godkjende som typiske turiststadar i perioden 1. mai til 30. september.

I forskrift 22.06.2017 godkjende vi Bulandet og Værlandet i Askvoll kommune som typiske turiststadar i perioden 1. juni til 31. august.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven... (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven, jf. VØI pkt. 5.3.2 og bakgrunnsinformasjon (metodehåndbok og egen mål for rapportering). Fylkesmannen skal beskrive hvilke risikovurderinger som ligger til grunn for valg av tema og tilsynsobjekt. Med risikovurdering mener vi hvilke vurderinger og konklusjoner fylkesmannen har gjort på bakgrunn av de valgte kildene.

For 2017 har vi gjennomført tilsyn etter barnehagelova og opplæringslova i samsvar med aktivitetskravet. Det same gjeld for tilsyn etter introduksjonslova. For tilsyn etter opplæringslova ligg vi i 2017 over aktivitetskravet sidan eit tilsyn vi byrja i 2016 vart avslutta tidleg i 2017. Vi følgjer reglane og prinsippa i gjeldande metodehåndbok.

Planlegginga av tilsyn startar alltid med ein generell gjennomgang av tal, statistikkar, klagesaker og meldingar. Vi har òg utarbeidd prosedyren "Områdeovervaking grunnskule og barnehage" som vert gjennomgått og revidert årleg. Gjennomgangen inneber både innhaldet i prosedyren og datainnsamlinga. For kvar oppgåve i prosedyren er det klargjort når (tid), kjelder og kven som er ansvarleg.

Løpande kontakt med kommunar, skular, barnehagar og erfaringar frå tidlegare tilsyn, vert ein del av vår risikovurdering. Vi vurderer tilsyn på barnehage- og opplæringsområdet ut frå den samla tilsynsbelastninga for kommunen, det vil seie våre tilsyn i forhold til tilsyn frå andre fagavdelingar.

Datagrunnlaget for grunnskule

Vi brukar grunnskulepoeng, resultat på nasjonale prøver 5.-, 8.- og 9. trinn, prosentdel elevar med spesialundervisning, sosial trivsel 7. trinn, 10. trinn og vgl. I tillegg brukar vi loggføring av meldingar eller førespurnader i eige loggssystem. Talet på klagesaker og resultat av klagesaker vert spesielt vurdert i samband med avgjerd om hendingsbasert tilsyn.

Datagrunnlaget for barnehage

Vi brukar talet på klager frå kommunar på bakgrunn av eigen registrering. I tillegg ser vi på informasjon frå Basil som for eksempel dispensasjon frå utdanningskravet for førskulelærarar og rett til barnehageplass.

Når det gjeld FNT-tilsyn for perioden 2014-2017, har vi i heile tilsynsperioden lagt til grunn at vi skal føre tilsyn med 60 prosent av kommunane inkludert fylkeskommunen. Dette målet har vi nådd i 2017. Ved oppstart at FNT-tilsyn går vi til vanleg gjennom generelle tal, statistikkar, klagesaker og meldingar, jf. eigen prosedyre. På bakgrunn av risikovurdering og erfaringar frå tidlegare FNT-tilsyn, har vi òg i 2017 gjennomført nytt FNT-tilsyn med same tema og i same kommune. For tilsyn på forvaltningskompetanse vil særleg klagesaker og annan sakshandsaming vere viktige kjelder. Då forvaltningskompetanse var ein del av det eigeninitierte tilsynet i 2017, valde vi bort dette som FNT-tema dette året. Men vi gjennomførte FNT-tilsyn med skulebasert vurdering på grunn av tidlegare gjennomførte tilsyn, det vil seie at skuleeigar og skular ofte er lite medvitne om desse lovkrava. Generelt er omgrepet "skulebasert vurdering" ofte eit lite nytta omgrep både av skuleeigar og skuleleiing.

Rapportering på FNT – forvaltningskompetanse

Kontrollspørsmål																							
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21

Sjølv om vi ikkje har gjennomført FNT om forvaltningskompetanse i 2017, handla fleire av kontrollspørsmåla i det eigeninitierte tilsynet i 2017 om skulens forvaltningskompetanse.

Gjennomførte tilsyn - Barnehage

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Lærdal	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		2	Endelig rapport	0	0	0
Jølster	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		4	Endelig rapport	1	0	1
Hornindal	Fokusområde: Meldeplikt til barneverntjenesten		4	Endelig rapport	2	0	2
Eid	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		2	Endelig rapport	1	0	1
Solund	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		2	Endelig rapport	0	0	0
			14		4	0	4

Med bakgrunn i risikovurdering er det gjennomført tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16. RefLex har vore nyttig verktøy i gjennomføring av tilsynet. Vi har fått auka bruk av Reflex som verktøy og det har gitt kompetanseheving på lovkravet hjå den enkelte barnehagemyndigheit. Årleg gjennomfører vi, i samarbeid med barnevern på Helse- og sosialavdelinga, lærande tilsyn med tema barnehagelova § 22. Tilsynet vart gjennomført i ein kommune, med resterande kommunar i regionen som deltakarar for eigenkontroll. Tema for tilsyn var med bakgrunn i satsing på betre tverrfagleg samhandling ute i kommunane, og få meldingar frå barnehage til barnevern.

Gjennomførte tilsyn - Opplæring

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Førde	Flatene sk., Halbrend sk., Førde b.sk., Førde ungdomssk.	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	15	0	0
Stryn	Olden skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	7	7	0
Stryn	Stryn ungdomsskule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	3	0	0
Selje	Selje skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	4	4	0
Selje	Stadlandet skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	3	3	0
Aurland	Aurland barne- og ungdomsskule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	7	7	0
Aurland	Flåm skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	5	5	0
Lærdal	Lærdalsøyri skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	17	17	0
Lærdal	Borgund skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	5	5	0
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Dale vidaregåande skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Flora	Eikefjord barne- og ungdomsskule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	11	9	0
					38		77	57	0

Eigeninitiert tilsyn: Fire skular i Førde kommune. Eit omfattande tilsyn - difor kategori 3. I førebels rapport var varsla likelydige for fleire av skulane og vi har talt eitt varsel for kvar skule i førebels rapport.

Status tilsyn varslet i 2016, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2017 (Skole)

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Flora	Eikefjord barne- og ungdomsskule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	12	9	0
					4		12	9	0

Tilsynet vart varsla 26.05.2016 og var planlagt som stadleg tilsyn primo desember 2016, men vart først gjennomført primo januar 2017.

Rapportering på FNT – skolebasert vurdering

Kommune	Skole	Åpnet	Kontrollspørsmål				
			1	2	3	4	5
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Dale vidaregåande skule	22.06.2017	0	0	0	0	0
Stryn	Stryn ungdomsskule	06.12.2016	1	1	0	0	1
Selje	Stadlandet skule	07.12.2016	1	1	0	0	1
Aurland	Flåm skule	14.12.2016	1	1	1	1	1
Lærdal	Borgund skule	15.05.2017	1	1	1	1	1

Det som går att er manglande vurderingsgrunnlag for den skulebaserte vurderinga. Dette fører vidare til manglar når det gjeld om skulen vurderer endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring. At skulen ikkje gjennomfører skulebasert vurdering jamleg er òg noko som går att. Skulebasert vurdering er elles eit omgrep som skulane ikkje nyttar i særleg grad.

Rapportering på FNT – skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæring

Kommune	Skole	Åpnet	Kontrollspørsmål																					
			1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22
Flora	Eikefjord barne- og ungdomsskule	26.05.2016	1	1	1	1	0	0	1	0	1	0	1	1	0	1	0	1	1	0	0	0	0	
Stryn	Olden skule	06.12.2016	0	1	0	0	0	0	1	0	0	0	1	1	1	0	0	0	0	1	0	0	1	
Selje	Selje skule	07.12.2016	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0	1	0	
Aurland	Aurland barne- og ungdomsskule	15.12.2016	0	1	1	0	0	0	0	0	1	1	0	1	1	0	0	0	0	0	0	1	0	
Lærdal	Lærdalsøyri skule	15.05.2017	1	1	1	0	1	1	1	1	0	1	0	0	1	1	1	1	0	1	1	1	1	

Tilsyn med Eikefjord barne- og ungdomsskule var planlagt gjennomført primo desember 2016, men vart først gjennomført primo januar 2017.

Status tilsyn varslet i 2016, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2017 (Barnehage)

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
			0		0	0	0

Rapportering fra egeninitierte tilsyn (foreløpige tilsynsrapporter)

Kommune	Barnehage/skole	Tilsynsystema	Korreksjonspunkt	Antall kontrollspørsmål i tilsynet
Førde	Flatene skule, Halbrend skule, Førde barneskule, Førde ungdomsskule	Skulens arbeid med elevenes psykososiale miljø	15	4

I snitt varsla vi kvar skule om to pålegg og tre eller fire korreksjonspunkt. Samla tal korreksjonspunkt for alle skulane vart 15.

Rapportering på tilsyn med barnehagemyndighetens tilsyn og veiledning

Kommune	Åpnet	Kontrollspørsmål																												
		1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	2.2	3.2	3.3	3.4	3.5	3.6	4.2	4.3	4.4	4.5	4.7	4.8	4.9	4.11	4.12	5.3	5.4	5.5	5.6	5.7	5.8	5.9	5.10	5.11
Jølster	25.01.2017	0	0	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hornindal	18.05.2017	0	1	1	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Eid	02.09.2017	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Fylkesmannen skal redegjøre for oppdraget om egnevalueringen... (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for oppdraget om egnevalueringen av kompetanse på regelverksområdet, og særlig trekke fram styrker og utfordringer samt tiltak som er iverksatt for å sikre god kvalitet.

Regelverk

Vi vurderer det til at vi har tilfredstillande kompetanse på regelverksområdet. Vi arbeider med ulike saker og klager i team der både pedagog og jurist inngår. Mange av våre tilsette har jobba i avdelinga i mange år og har tatt del i utvikling og endringar innan området. Sektoren gir gode tilbakemeldingar på samlingar der vi har innlegg og informasjon om regelverket.

Utfordringar

Til tider er det høg aktivitet på fleire område samstundes. Dette kan medføre kapasitetsproblem enkelte dagar då same rådgjevar er involvert på fleire felt, og må prioritere det eine. Vi opplever utfordringar meir på kapasitet enn kompetanse.

Tiltak for å sikre god kvalitet

Rettleiingsbehovet i sektoren er stort. Vi prioriterer å delta på regionale og fylkesvise samlingar for barnehagemyndigheit og skuleeigar. I nokre tilfeller har slike samlingar også med tilsette i barnehage og skule som målgruppe. Vi ser at vår deltaking på desse arenaane har effekt. Som eksempel på dette nemner vi at vi i nokre tilfelle har orientert om nytt kapittel 9A for alle tilsette i skulesektoren i kommunen.

Fylkesmannen skal rapportere om antall klager... (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere om antall klager, type klager og resultatet av behandlingen.

Sjå tabellane.

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	20	0	0	14	6
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	8	3	5	0	0
Skyss, § 7-1	5	1	2	2	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	9	5	3	0	1
Sum	43	9	11	16	7

Mange av sakene som kjem inn til oss er ikkje godt nok opplyst. Dette medfører at det for klagar tek lenger tid å få ei avgjerd.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 10	0				
Barnehageloven § 16	0				
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	1	1	0	0	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
	1	1	0	0	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Spesialundervisning, § 3-6	2	0	2	0	0
	2	0	2	0	0

Klagebehandling - Spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0
	1	0	1	0	0

Fylkesmannen skal rapportere på antall meldte skolemiljø saker... (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall meldte skolemiljø saker til embetene som håndhevingsmyndighet, resultat av behandlingen og saksbehandlingstid.

Vi ser at nesten alle desse sakene er samansette, med problemstillingar frå andre område. Spesielt kjem spesialpedagogikk og helse inn.

Talet på saker

I perioden 1.8.2017 - 31.12.2017 vart det meldt inn tolv skolemiljø saker til Fylkesmannen. Av desse tolv sakene vart fire avviste, i seks saker hadde skulen brote aktivitetsplikta og to saker vart ferdighandsama i 2018.

Tidsbruk

Vi reknar kalenderdagar frå vi får melding til vi har gjort vedtak som sakshandsamingstid. For dei seks sakene der aktivtetsplikta var broten, var tidsbruken 47 kalenderdagar. For dei fire sakene som vart avviste, var tidsbruken 19 kalenderdagar.

Dette er også rapportert i to eigne rapportar til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender... (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender seg på nytt til fylkesmannen hvor skoleeier /barnehageeier /barnehagemyndigheten ikke har fulgt opp vedtaket.

Vi har i 2017 ikkje fått klager på at vårt vedtak ikkje er følgt opp.

I skulemiljøsaker opplever vi derimot at klagarane vender seg til oss i perioden etter vedtak er gjort, med tilleggsinformasjon. Dette er ikkje klager på manglande gjennomføring av vedtak. Vi følgjer opp dette med kontakt med kommunen eller direkte tilbakemelding til klagaren.

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak... (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak innenfor kompetanse og rekruttering på barnehageområdet.

Rapporteringskravet er splittet i to (se 7.3.8.13) av tekniske grunner for å koble riktige tabeller til årsrapporteringen.

Sjå tabellane.

Kompetansetiltak tabell 1

Kompetansetiltak	Midler brukt	Antall deltakere totalt	Andel deltakere fra kommunale barnehager	Andel deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	515 000	11	100 %	0 %
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	0	0 %	0 %
Kompetanseutviklingstiltak for samisk				
Økonomisk tilrettelegging	1 752 000	57	75 %	25 %

Av dei 515 000 er det 250 000 kroner som er overført fylkeskommunen til fagbrev praksiskandidatorordninga. Det kom inn 68 søknader, nokre av søkjarane fylte ikkje krav om fem års praksis. Etter drøfting med fylkeskommunen vert det sett i gang to kurs i fylket i februar/mars 2018.

Kompetansetiltak tabell 2

	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Midler brukt	3 197 000
Andel barnehagemyndigheter som har fått midler	100 %
Andel kommunale barnehager som deltar i tiltak	100 %
Andel ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	100 %
Andel barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	86 %
Andel barnehager deltatt på tema: språkmiljø	51 %
Andel barnehager deltatt på tema: realfag	17 %
Andel barnehager deltatt på tema: barn med særslite behov	29 %
Andel barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	62 %
Andel barnehager deltatt på tema: danning og kulturelt mangfold	10 %
Andel barnehager deltatt på tema: annet	30 %

Fordeling av midlar vert gjort etter fordelingsnøkkel som bygger på: grunnbeløp + tal barn, tal barnehagar, tal tilsette. Tildeling skjer på grunnlag av innsendte og kontrollerte kompetanseplanar. Vi bygger på kompetansenettverk som er dei same som dei fire barnehage- og skuleregionane våre

Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene... (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene *Kompetanse for fremtidens barnehage* og *Kompetanse for kvalitet* og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

Kompetanse for kvalitet

Høgskulen på Vestlandet, kommunane og Fylkesmannen utarbeidde tre regionale vidareutdanningstilbod under *Kompetanse for kvalitet* i 2017. Tilboda vart gitt på tre ulike stader i fylket.

SEVU PPT

I studieåret 2017-2018 gjennomfører berre ein PPT-tilsett vidareutdanning under SEVU-PPT. PPT-leiarane i fylket har lenge etterlyst tiltak for å sikre ein likare praksis for korleis tenesta arbeider med sakkunnig vurdering. Eit generasjonsskifte i PPT i fylket gjer dette endå meir aktuelt. I 2017 planla vi difor etterutdanningstilbod for PPT om arbeidet med sakkunnig vurdering. Undervegs i 2017 har vi fått ekstramidlar frå Utdanningsdirektoratet, og frå januar 2018 startar vi opp eit vidareutdanningstilbod (15 stp.) i "Sakkunnig vurdering og forvaltning". Studiet er lagt til vårt fylke og til saman deltek 30 PPT-tilsette. Det vil seie, minimum to representantar frå kvart PPT-kontor (10). Tilbodet vil vere eit fagleg løft for PPT i Sogn og Fjordane under SEVU-PPT. Det er planlagt tre samlingar med mellomliggjande arbeid. Fagleg ansvarleg er NTNU, og Høgskulen på Vestlandet deltek med observatør.

Vi legg elles vekt på at PPT er inkludert i alle våre samlingar som gjeld fornying av læreplanar, ny rammeplan og nytt regelverk om skulemiljø.

Kompetanse for framtidens barnehage

Vi har teke opp kompetansestrategi og sentrale føringar for kompetanseutvikling på møte med barnehagemyndigheitene i kommunane. Omgrepet barnehagebasert kompetanseheving er drøfta slik at alle har ei felles forståing i kva dette inneber, og ansvaret som kommunen som barnehagemyndigheit har til i å følgje opp.

Regionale og kommunale kompetanseplaner er i tråd med sentrale føringar. Planane er, som i 2016, meir spissa for tiltak innanfor valde satsingsområde. Arbeidet med barnehagebasert kompetanseheving kjem tydeleg fram i rapportane frå region/kommune. Det vert arbeidd systematisk med å utvikle eigen praksis gjennom kritisk refleksjon, lærande møte og nettverk på tvers av barnehagane, både kommunalt og regionalt.

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad... (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnsopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

Med bakgrunn i analyse av rapportering i BASIL, logg, avisomtale, tilsyn, kontakt med og kunnskap om kommunane, har vi laga eit system for risikovurdering. Opplysningane er grunnlag for drøfting og vurdering om kommunane har låg, middels eller høg risiko på områda kvalitet og kompetanse. Tilsyn og rettleiing er brukt som verkemiddel. Tre kommunar har i 2017 fått tilbod om og takka ja til særskild rettleiing. Bruk av rettleiing som verkemiddel har etter vår vurdering gitt auka kompetanse og bevisstgjering i rolla som barnehagemyndigheit. Kommunen får auka kompetanse på ansvaret som ligg til rolla som barnehagemyndigheit etter barnehagelova. Kommunane får auka kunnskap om og kjensskap til lovverk, BASIL, RefLex og andre verktøy på Udir.no.

Læringsmiljøprosjektet

Fylkesmannen har følgd opp kommunar som har skular med høge mobbetal over tid. Sjølv om det er mykje godt arbeid på skulane for å handtere mobbing, viser det seg, ut frå elevundersøkinga 2016, at det er elevar som opplever mobbing to til tre gonger for månaden eller oftare. Med bakgrunn i statistikk over skular med vedvarande høge mobbetal over tid, er ein kommune med i Læringsmiljøprosjektet pulje 3. Ein kommune var med i Læringsmiljøprosjektet pulje 2, og resultatet for elevundersøkinga 2016 viste gode resultat og forbetring av skulemiljø. Ein kommune er med i forprosjektet til pulje 4, og vil halde fram inn i prosjektet når det startar april 2018.

Nytt kapittel 9 A

Ved skulestart i august 2017 informerte vi om nytt lovverk i fleire kommunar. I ein kommune hadde vi gjort eigen avtale om å treffe alle tilsette i skulesektoren i kommunen, ut frå klagesaker våren 2017.

Vi har svært positiv erfaring med informasjon til og rettleiing av skuleleiarar, lærarar og andre tilsette samstundes.

Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt... (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt for å bidra til implementering av ny rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Vi har laga plan for å ta i bruk rammeplanen. Ny rammeplan er tema på ulike konferansar i 2017 og 2018 der barnehagetilsette og kommunalsjefar er målgruppe. Hausten 2017 gjennomførte vi regionale møte i fire regionar om rammeplan og revidert kompetansestrategi. Målgruppe var styrarar og kommunalsjefar for oppvekst. Det var sær godt oppmøte og god tilbakemelding på samlingane. Vi har vore på tilbydarsida og delteke på felles planleggingsdagar i kommunane med innlegg om rammeplan. Vi har særleg lagt vekt på barnehagen sitt samfunnsmandat, verdigrunnlag, barnekonvensjonen og ansvar og rolle. Bruken av rammeplanen er sentral i kommunale og regionale kompetanseplanar for 2018.

Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring... (fra kapittel 7.3.8.10 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring og finansiering av kompetanseutvikling i grunnsopplæringen, og særleg trekke fram resultater fra arbeidet med desentralisert ordning for kompetanseutvikling og oppfølgingsordningen.

For å ta i bruk og forankre den nye modellen for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa, har vi fleire gonger informert kommunane og regionane om ordninga. Vi har hatt tett dialog med lokal UH (HVL) og dei etablerte regionstrukturane i fylket der alle kommunane er med. Utfordringa har vore å få kommunane i gang med ei skulebasert tilnærming til ordninga, og å kartlegge og formidle behov for etterutdanning til etablerte kompetansenettverk og UH-sektor.

Samarbeidsavtaler mellom dei fire etablerte kompetansenettverka i fylket og HVL, er no på plass. Dette vil lette det vidare arbeidet med å lage lokale planar for kompetanseutvikling. Vi ser at retninga på områda går mot støtte av pågåande satsingar, for eksempel "Inkluderande barnehage- og skulemiljø". Vi trur at vi alt i 2018 vil ha diskusjonar om fagfornyninga og kva plass denne skal ha i ordninga.

Vi ser at modellen med partnerskap i nettverk for å utvikle kompetanse er krevjande for alle partar, og vi vil i 2018 følge nettverka og HVL tett.

Fylket har ingen kommunar eller skular med i oppfølgingsordninga.

Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen... (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen per 31.12.2016, antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Tabellen syner talet på årsverk på landbruksavdelinga i 2017, og innhenta tal frå kommunane ved nyttår 2018. Det er seks interkommunale løysingar for den kommunale landbruksforvaltninga, og desse dekker elleve kommunar. Dei andre 15 kommunane har egne landbrukskontor med 0,5 til 2,3 årsverk.

Årsverk i landbruksforvaltningen mm.

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos FM per 31.12.2017	16.3
Antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2017	35.0
Antall enheter/landbrukskontor i fylket per 31.12.2017	21.0

Tal årsverk ved LA er dei som er brukt på LMD-området.

Rapporter på antall årsverk i avdeling... (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning.

Vi har ikkje egne fagfolk på reindriftsforvaltning, det ligg til Fylkesmannen i Trøndelag.

Årsverk i reindriftsforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos FM per 31.12.2017	0.0

Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis... (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

Rapportere på

Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

Nesten alle fagpersonar ved landbruksavdelinga deltok i risikovurderingane, og fem personar har delteke ved kontrollane på føretak og i kommunane. Avdelingsleinga er også involvert i dette arbeidet. I tillegg til kontrollarbeid på landbruksområdet deltek landbruksavdelinga i den tverrfaglege tilsynsgruppa hos fylkesmannen. Denne gruppa koordinerer tilsynsarbeidet, har årleg intern fagdag og driv utvikling og erfaringsutveksling på tilsynsområdet.

Ressurser avsatt til kontrollarbeid

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	1.5
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	16.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0

Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett... (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)

Rapportere på

Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett, herunder omfang (kilometer/kroner) for nybygging, ombygging og vedlikehold av skogsvegnettet.

Totalt er det løyvd 7,3 millionar kr til skogsvegar i 2017. Det er stor skilnad mellom kommunane; 2,5 mill kr av fjorårets løyving gjekk til skogsvegar i Eid kommune, 1,1 mill kr til Gloppen, 700 000 kr til Vik og 600 000 kr til Jølster.

På grunn av fleire store anlegg under bygging vart berre få og mindre anlegg ferdige i fjor; 1 km nybygd bilveg, 0,4 km ombygd bilveg og 2,8 km tung traktorveg.

Gjennomsnittleg meterpris på nybygd bilveg var 900 kr, ombygging 700 kr og 450 kr/m for traktorveg. Vi trur det er for få meter til å gje eit rett bilete av meterpris for skogsvegar i Sogn og Fjordane i 2017, bilveg ligg normalt mellom kr 1000 og kr 1500 per meter, traktorveg klasse 7 rundt kr 800,- per meter.

Vi har ikkje gjeve tilskot til vegvedlikehald i 2017.

Med bakgrunn i at det aller meste av den planta skogen ikkje tek til å verte hogstmoden før om 15 år, og i tråd med hovudplansatsinga, har vi vald ein strategi der vi prøver å jobbe fram gode områdeplanar og eigedomssamarbeid mellom grunneigarane. Dette er heilt naudsynt for å få til teknisk fungerande vegløyningar. Vi ønskjer i så stor grad som mogleg at vegane skal byggast på eit optimalt tidspunkt for bruk av skogfond, ofte nokre år fram i tid, og at skogeigarane skal forstå dette og ha eit bevisst forhold til det.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart... (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

Dei fleste kommunane er godt i gang med kontinuerleg ajourhald. Enkelte treng meir oppfølging, og det er Hyllestad og Gaular som slit mest. Begge kommunane har sagt at kapasitet og andre oppgåver med høgare prioritering er grunnen til at dei ikkje oppdaterer.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Kommuner uten ajourføring/oppdatering	Antall kommuner som ikke har ajourført/oppdatert	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	23 %	6	26
Jordregister tilstand	15 %	4	26

Kommunar som ikkje har ajourført AR5 i 2017: Flora, Gulen, Hyllestad, Leikanger, Gaular og Naustdal. Kommunar som ikkje har oppdatert jordregisteret i 2017: Hyllestad, Gaular, Vågsøy og Naustdal.

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren... (fra kapittel 7.3.9.6 i TB)

Rapportere på

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirkemidlene.

Fleire avdelingar hos Fylkesmannen deltek i fylkeskommunen sitt arbeid med klimaplan for Sogn og Fjordane. Vi har henta fram nasjonale mål og jobbar med status, mål og tiltak for fylket. Her vert det både sett på utslepp av klimagassar og tiltak for å tilpasse oss eit endra klima. Som ein del av arbeidet med nytt Regionalt miljøprogram (RMP) starta vi med å kartfeste vassdrag som er påverka av landbruk. Dei økonomiske verkemidla har vore nytta på kulturlandskap og drenering. Effekten på kulturlandskapet er god, og auka sats for tilskot til drenering har ført til auka aktivitet.

Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven... (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger som berører landbruk.

Vi har i 2017 uttala oss til fem saker som gjeld kraftverk. Med unntak av Jølstra kraftverk, så er det snakk om småkraftverk. Vi har ikkje hatt andre vernesaker på høyring i 2017. Dei komande åra vert det truleg ein auke i saker med større kraftanlegg som skal ha fornying av konsesjon. Vi lagar difor rutinar for at også landbruksomsyn vert teke med i vurderinga av desse sakene.

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning... (fra kapittel 7.3.9.8 i TB)

Rapportere på

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Vi fann feil og manglar ved både føretakskontroll og forvaltingskontroll, noko som er venta ved risikobaserte utval. Vi kontrollerer der vi ventar å finne flest og mest alvorlege feil, men dei feila vi fann har ikkje ført til store feilutbetalingar. Kommunane har blitt betre til å dokumentere at dei har vurdert avkorting ved feil i søknadane, men vi ser ulik praksis i både omfang og nivå på avkortingane.

I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt... (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

Rapportere på

I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt over og en vurdering av klager og dispensasjonssøknader behandlet av fylkesmannen.

Med unntak av produksjonstilskot og avløyartilskot, har vi ikkje mange klager og dispensasjonssøknadar på kommunale vedtak på desse støtteordningane.

Klage- og dispensasjonssaker

Betegnelse på rapporteringskrav	Klager medhold	Klager delvis medhold	Klager avslag	Klager under behandling	Dispensasjoner innvilgelse	Dispensasjoner avslag
Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid	0	1	6	0	12	0
Avløsning ved sykdom og fødsel mv.	0	0	2	0	12	1
Tidligpensjon for jordbrukere	0	0	0	0	3	0
Regionale miljøtilskudd	0	0	2	0	0	1
SMIL	0	0	0	0	1	0
NMSK	0	0	0	0	0	0

Dette gjeld klage på kommunale vedtak som førsteinstans. Vi har ikkje hatt klagesaker på NMSK-midlar i 2017.

Rapporter i henhold til tabell... (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)**Rapportere på**

Rapporter i henhold til tabell:

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).

Vi har bede kommunane om å dokumentere korleis dei følgjer opp og reagerer på feil i søknadsskjema, særskilt der feilopplysingane kan føre til for mykje utbetalt tilskot.

Vi får kopi av feillister (Rapport PT4100B) der dei har lagt inn kommentarar på søknadar med feil. Vi har bede om å få kopi av breva kommunane sender om reaksjon og avkorting, og vi ser at fleire kommunar har gjennomført avkorting utan å sende oss kopi av vedtaket.

Avkortinger produksjonstilskudd

	Antall mottatte redegjørelser	Antall kommuner som skulle sendt redegjørelse	Antall kommuner som har sendt redegjørelse
Redegjørelse fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	7	6	3
Redegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	27	26	25

Denne tabellen er vanskeleg å forstå. Vi legg derfor inn ei forklaring på korleis vi har tolka spørsmåla. 25 av 26 kommunar har sendt oss kopi av feillister med forklaring og merknadar. Vi har fått 27 merknadar (redegjørelser) på listene, men ikkje alle desse ville ha ført til meirutbetaling. Vi har 11 saker der kommunane har gjort vedtak om avkorting, og for sju av desse har vi også fått kopi av sjølve vedtaka. Det er seks kommunar som har avkorta, og av desse er det tre som har sendt inn kopi av vedtaka.

Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering... (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering av hvordan arbeidet med 0-24 samarbeidet har fungert i henhold til embetets målsettinger og ambisjoner. Herunder skal det framkomme hvilke egne mål som er satt for arbeidet. I egenvurderingen skal fylkesmannen vurdere hvilke tiltak som har gitt de beste resultatene og i størst grad bidratt til samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Koordinert innsats for barn og unge - 0-24

Dei to siste åra har utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga jobba tett saman på dette området. Ein av satsingane har vore læringsnettverk om psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge. Målet for prosjektet har vore å auke kompetansen og det tverrfagleg samarbeidet i kommunane for utsette barn og unge. I starten av året hadde vi asylsøkjjarar og flyktingar som hovudgruppe, men gjennom året har vi dreia søkelyset over på alle utsette barn og unge uavhengig av bakgrunn.

Sentrale tema for arbeidet var psykisk helse og opplæring. Gjennom prosjektet har vi jobba for å sikre eit tettare tverrfagleg samarbeid internt i kommunane om barn og unge og familiar med store utfordringar. Tenester som har samhandla er barnevern, barnehage, helsestasjon, skule, kommunal psykiatriteneste og Nav.

Det har vore to fellessamlingar. Første samling la vekt på utanforskap og integrering og andre samling hadde skulevegring som hovudtema. Ut frå tilbakemeldingar ser vi at det interne samarbeidet på tvers av sektorane i kommunane er betra.

Sjumilssteget

Embetet har jobba for heilskapleg og samordna tenestetilbod internt og i møte med kommunane. Barnekonvensjonen er brukt i tverrfagleg samhandling mellom fagavdelingane, og har lagt grunnlag for betre sakshandsaming med merksemd på barneperspektivet. Som ein av deltakarane i *Nasjonal gruppe for barnekonvensjonen i praksis* har vi bidrege til utforming av felles database for alle embeta for erfaringsspreiing og deling.

Årleg Sjumilsstegkonferanse, om tverrfagleg samhandling til beste for barn og unge, samla deltakarar frå ulike tenestetilbod i kommunane i tillegg til frivillige lag og organisasjonar.

Fylkesmannen skal også kort redegjøre... (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal også kort redegjøre for områder der det er særlige utfordringer knyttet til tjenestetilbud for utsatte barn og unge.

Vi har i 2017 hatt flere saker til handsaming der det i stadig større grad vert klart at det er ei gruppe av barn og unge som treng eit koordinert og heilskapleg tenestetilbod med bidrag frå helsetenestene, sosialtenestene, barneverntenestene og oppvekst- og opplæringstenestene, både på kommunalt og statleg nivå.

Dette betyr også at dei som er gitt tilsyns- og rettleiingsmynde må gjennomføre tilsyn og rettleiing på ein koordinert og heilskapleg måte. Vi har difor valt å iverksetje prosjektet "0-24" som skal vere eit tverrfagleg avdelingsprosjekt mellom helse, sosial, barnevern og utdanning.

Vi har i samarbeid med FMHO og FMRO peika ut barne- og ungdomspsykiatri som eit relevant område for tilsyn med spesialisthelsetenesta for 2018.

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet for å bedre opplærings situasjonen og skoleresultatene til barn og unge i barnevernet. Herunder bes det om en redegjørelse for status rundt embetets arbeid med informasjon og motivasjon til bruk av veilederen «Samarbeid mellom skole og barnevern – En veileder».

I 2016 hadde vi rettleiaren om samarbeid mellom skule og barnevern som hovudtema på samling med alle kommunalsjefar (barnehage, skule og barnevern). I 2017 har vi ikkje følgt opp med særskilde tiltak på dette temaet.

Tematet har vore framme som eitt av flere på nokre av våre møteplassar med leiarar i barnehage, skule og barnevern.

Vi har rettleia individuelt i nokre tilfelle.

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Arbeids- og velferdsdirektoratet med «Forsøk med NAV-veileder i videregående skoler». Herunder bes det om en redegjørelse av konkrete tiltak i embetet og planer embetet har for det vidare arbeid i fylket.

Vi har i 2017 delteke tverrfagleg i styringsgruppa med tilsette frå både utdanningsavdelinga og frå sosialavdelinga, i lag med fylkeskommunen og Nav-fylke, der Nav-fylke har koordinatorsansvar.

Styringsgruppa har hatt møte med dei lokale prosjektgruppene i Førde og Flora.

Vi har bidrege til erfaringspreiing ved at prosjektet har blitt presentert på sjumilsstegskonferanse, på nettverkssamling om utsette barn og unge og på nettverkssamling for Nav-leiarar.

Kommunane som har delteke, har gode erfaringar med prosjektet og vurderer å søkje om forlenga deltaking, eit fjerde år.

Nav-fylke lagar eit evalueringsnotat som skal danne grunnlag for vidare arbeid etter at prosjektperioden er avslutta.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Totalt sett meiner vi at vi nyttar midlane våre i samsvar med forventningane frå oppdragsgjevarane. På verjemål har vi likevel nytta meir midlar der enn vi fekk tildelt, for å levere på oppdraga. Totalt har vi nytta 543 000 kroner meir enn tildelinga vår. Ved tertialrapporteringa varsla vi eit meirforbruk på kr 400 000.

Etter at avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma vart innført frå 2015, har vi over fire år fått redusert løyvinga med 2 261 000. I praksis tilsvarar dette om lag fire stillingar. I tillegg har vi i 2017 blitt trekt ein "gevinst digital post", på 325 000 kroner. For oss er dette alle portokostnadene vi har på eitt år. Den digitale løysinga var ikkje klar til bruk i 2017, slik at denne reduksjonen i budsjettet måtte takast frå andre fagområda.

Vi innrettar drifta etter reduserte rammeløyvingar, og takkar for tilliten til sjølve å prioritere mellom fagområda. Men vi ser at det fører til vanskelege diskusjonar mellom fagområda og avdelingar og i siste omgang misnøye frå oppdragsgjevarane våre der vi prioriterer ned.

Ei av årsakene til at det er differanse mellom 2016 og 2017 på ressursrapporteringa, er den nye ordninga med premiebetaling Statens pensjonskasse (SPK). Dette vert ikkje kommentert særskilt under kvart departementsområde.

AD:

I 2016 hadde vi vakanse i ei prosjektstilling, noko som førte til at vi ikkje nytta like mykje midlar som i 2015. I 2017 har vi hatt bemanning i denne stillinga heile året, og det er forklaringa på kvifor vi har nytta meir midlar i 2017 enn i 2016.

BLD:

Årsaka til auken på 0525.01 er SPK, og flytting av styrkingsstilling på barnevern frå prosjektmidlar.

Vi har utført alle oppdrag på tildelte fagmidlar, men har, på grunn av sjukefråvær, ikkje nytta alle fagmidlane.

JD:

Vi har nytta mindre fagmidlar i 2017 enn i 2016 fordi tildelinga på verjemål er redusert, og fordi ny stilling på beredskap vart flytta til 0525.01.

KLD:

Vi har nytta meir fagmidlar i 2017 enn i 2016 fordi Miljødirektoratet har tildelt fleire fagmidlar enn i 2016.

KMD:

Vi har nytta meir fagmidlar i 2017 enn i 2016 fordi vi har fått tildelt meir midlar til IKT-prosjekt enn tidlegare.

KD:

Årsaka til ressursauken på fagmidlar er tildeling av midlar til ny stilling knytt til skulemiljø saker.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2017	Fagdep. 2017	Kapittel 0525, 2016	Fagdep. 2016
Arbeids- og sosialdepartementet	777	1 197	846	929
Barne- og likestillingsdepartementet	3 281	421	2 370	821
Helse- og omsorgsdepartementet	8 913	2 606	8 429	2 723
Justis- og beredskapsdepartementet	3 907	6 677	2 390	7 261
Klima- og miljødepartementet	12 112	3 079	10 825	2 308
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	47 574	2 334	39 319	839
Kunnskapsdepartementet	6 165	2 349	5 334	1 444
Landbruks- og matdepartementet	12 160	0	10 327	0
Andre	698	0	568	975
Sum	95 587	18 663	80 408	17 300

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Vi løyer pålagde samfunnsoppdrag på ein god måte innanfor dei rammene vi har.

Rekneskapsresultatet vårt er noko lågare enn varsla i tertialrapporten.

3.6 Andre forholdNasjonale oppgåver innanfor IKT og digitalisering

Som nemnt er eit særmerke for vårt embete at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte.

Bakgrunnen for at vi har desse oppgåvene er ein tanke om at det er enklare og meir effektivt å utvikle digitale løysingar når utviklarkompetansen og fagkunnskapen sit under same tak. Då kjem ideane til nye digitaliseringsprosjekt gjerne i ein samtale i lunsjen, og det er kort veg frå idestadiet til utprøving og gjennomføring. I utviklingsfasen arbeider fagfolk og utviklarar så tett saman at vi sikrar oss at løysingane blir praktisk innretta for å løyse konkrete behov. Samstundes har vi ein klar filosofi om at vi i størst mogleg grad skal gjenbruke digitale løysingar som alt finst på marknaden, på nye område. Når arbeidsmengd og trong for kompetanse tilseier det, brukar vi private firma som underleverandørar i samsvar med rammeavtalar etter anbod.

På den måten leverer vi gode digitale tenester til ein langt rimelegare kostnad og med mykje lågare risiko for havari, enn mange andre offentlege digitaliseringsprosjekt. Vi er difor samde med signala frå KMD om at tida for dei gigantiske offentlege IT-prosjekta bør vere over, fordi dei inneber høg risiko.

På andre sida må KMD vere klar over risikoen ved å skilje IKT-seksjonen frå embetet og leggje han til FMFA, ved at det vil påverke ein av dei viktigaste suksessfaktorane, nærleiken mellom fagfolk og utviklarar av IT-løysingar. Risikoen kan dempast ved å sikre lokal leing av eininga med IKT-utvikling også innanfor FMFA, som syter for å halde på ein tett relasjon med embetet og embetsleiinga.

2017 har vore eit nytt aktivt år for IKT-seksjonen. Aktivitetsnivået har vore høgt og ut over dei faste oppdraga våre er det spesielt tre tenester som har vorte prioriterte:

Digital søknad om separasjon og skilsmisse har frå 2017 vore tilgjengeleg for handsaming etter alle dei ulike paragrafane. Bruken aukar, og vi opplever at digitale søknadar gir høgare kvalitet på innkomne søknadar og slik meir effektiv sakshandsaming. Vi er no i dialog med Skatteetaten og deira prosjekt Modernisert Folkeregister (MFR). Intensjonen er at sakshandsamar hjå fylkesmennene skal kunne oppdatere folkeregisteret automatisk når vedtak er gjort. I dag skjer denne oppdateringa manuelt, etter at Fylkesmannen har sendt brev og skatteetaten manuelt legg det inn. Tenesta er òg omtalt av statsråden i [en enklere hverdags](#) under Barn og likestilling.

[Styringsportalen](#) er blitt eit viktig verktøy for embeta, og frå 2017 vart arbeidet til våre oppdragsgjevarar i departement og direktorat forenkla ved at oppdragsgjevarane skriv sine ulike deler av tildelingsbrev og verksemds- og økonomiinstruksen direkte i løysinga. Dette gir i neste omgang embeta tidleg tilgang på førebels tildelingsbrev, og etter kvart tildelingsbrevet. Embeta kan difor tidlegare enn før kan starte arbeidet med sine lokale verksemdsplanar. Årsrapporteringa til embeta er no ein integrert del av styringsportalen. Dette gjer at arbeidet med årsrapporten kan starte tidlegare, og samhandlinga internt i embeta er langt enklare enn før.

Frå 2017 har alle embeta hatt tilgang på ei digital løysing for administrasjon av [tilskot til tru og livssynssamfunn](#). Løysinga er blitt til i eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Kommunal og moderniserings-departementet og Kulturdepartementet. Vår erfaring så langt er at den digitale løysinga har ført til auka vektlegging av praksis i behandlinga av tilskotskrav, og at tilskotsutbetalingane er offentleg tilgjengelege på tvers av embete og geografi. Vi arbeider vidare med løysinga, og har klare ambisjonar om at løysinga bør utvidast slik at vi oppnår ytterlegare effektivisering. Det første delmålet er at tru- og livssynssamfunna sjølve kan oppdatere informasjon, og levere krav om tilskot digitalt. For å oppnå dette er vi avhengig av eit godt samarbeid og aktive bidrag både frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kulturdepartementet.

Kommunereforma

Etter at prosjektperioden gjekk ut i 2016, har vi hatt mykje arbeid med kommunereforma og saker om grensejusteringar som er utløyste av samanslåingar. Oppsummert har aktiviteten i 2017 vore:

- Utgreiing med tilråding for samanslåing av Eid og Selje til nye Stad kommune.
 - Utgreiing med tilråding for samanslåing av kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy.
 - Oppfølging av oppdrag frå KMD om utgreiing av kystkommune i området Flora, Bremanger og Vågsøy ved Telemarksforsking.
 - Tilrettelagt og gjennomført felles kommunestyremøte for:
 - Sunnfjord kommune (samanslåing av Jølster, Førde, Gaular og Naustdal)
 - Nye Sogndal kommune (samanslåing av Balestrand, Leikanger og Sogndal)
 - Stad kommune (samanslåing av Selje og Eid)
 - Kinn kommune (samanslåing av Flora og Vågsøy).
 - Utgreiing og tilråding for to grensejusteringar (Bryggja mellom kommunane Vågsøy og Eid og Kjøs mellom Hornindal og Stryn)
- Generell rettleiing og oppfølging av fem kommunesamanslåingar i fylket.

Vi er overraska over at ei høgt prioritert oppgåve politisk, som framleis krev store ressursar frå oss (utan finansiering), ikkje lenger skal rapporterast på i årsrapporten, sjølv om vi forstår at ikkje alle fylkesmenn har samanslåingar å følgje opp.

Klimafylket Sogn og Fjordane

Klimaframskrivingane tilseier at vi i åra som kjem må vente oss eit varmare, våtare og villare klima. Einskildaktørar kan ikkje løyse utfordringane åleine, og ei vellukka klimaomstilling i samfunnet set føre tett samarbeid mellom både kommunar, regional stat, organisasjonar og næringslivet.

Heilskapleg samarbeid for eit grønar, smartare og tryggare samfunn var hovudtema då vi i august månad arrangerte den andre årvisse nasjonale klimaomstillingskonferansen i Sogndal. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforsking og Innovasjon Noreg, og samla 155 deltakarar frå både offentleg og privat sektor.

Konferansen er eitt av svært mange døme på godt samarbeid på tvers av sektorar og verksemdar i fylket vårt om store og viktige samfunnsutfordringar. Skjeringspunktet mellom forsking, forvaltning og praksis representerer eit fleksibelt nettverk for å formidle oppdatert, samstemt og tilpassa kunnskap, og vi erfarer at konferansen vert opplevd som ein relevant arena for kunnskapsutvikling. Vi registrerer med stor interesse at kompetansmiljø frå andre deler av landet ønskjer å bidra inn mot aktivitetar i nettverket. Den tredje nasjonale klimaomstillingskonferansen vert arrangert i Sogndal i april 2018.

Klimaomsyn har vorte stadig meir integrert i den kommuneretta innsatsen i embetet, og dei seinare åra har vi arbeidd målretta for å styrkje samarbeidet med både kommunane og relevante kompetansmiljø i og utanfor fylket. Vi har også i 2017 bidrege med å utvikle og ta i bruk ny kunnskap og meir effektive verktøy for brukarane våre.

4 Styling og kontroll i embetet

4.1 Redegjøreelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Vi set stor pris på at tildelingsbrevet og verksemds- og økonomiinstruksen no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem tidleg i førebelse tildelingsbrev. Vi er også glade for arbeidet med å forenkla og forkorte embetsoppdraga.

Det viktigaste interne styringsverktøyet i embetet er verksemdplanen med felles mål og satsingsområde. I tillegg har kvar avdeling eigen verksemdplan. I verksemdplanen omset vi føringar frå tildelingsbrev i handlingar, saman med føringar frå vår eigen strategiplan. Vi har gjennomført det meste vi sette oss føre i strategiplanen for 2014 til 2017. Utarbeiding av ny strategiplan er lagt på is på grunn av samanslåinga med Hordaland.

Særskilte satsingar for heile embetet vert organiserte som "embetsprosjekt". I 2017 hadde vi ny fylkesmannsstruktur som embetsprosjekt.

Tilsvarande vert spesielle satsingar organisert som prosjekt i avdelingar, eller mellom fleire avdelingar. I 2017 vart «Læringsnettverk om psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge» og «Jobbe smartare og prioritere tydelegare» organisert som prosjekt på tvers av avdelingar. Stundom har slike "mindre" prosjekt ført til at IT-seksjonen på oppdrag frå eit fagområde har utvikla digitale løysingar som etter kvart har kome alle embeta i heile landet til gode, til dømes tilskotsportalen.

I lang tid har vi hatt ei serviceerklæring der vi har definert forventta sakshandsamingstider for dei viktigaste utoverretta tenestene våre mot publikum. Serviceerklæringa vart sist justert i 2016.

Verksemdplanen vert jamleg følgt opp i avdelingane utover året. Vi rapporterer status for prosjekta og sakshandsamingstidene våre i leiarmøte kvart kvartal.

4.1.1 Embetets risikostyring

Med bakgrunn i føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Riksrevisjonen har vi prioritert å risikovurdere strategiplanen, verksemdskritiske område og større prosjekt. Leiargruppa definerte desse områda som verksemdskritiske i 2017:

- Sakshandsamingstid
- Sjukefråvær
- Informasjonstryggleik
- Økonomistyring
- Strukturendring - arbeidsmiljø
- For liten kapasitet til førebygging, rådgjeving og rettleiing

Risikovurderingane er ein del av rapporteringa som vi følger opp i leiarmøte kvart kvartal.

Vi har sjølv sagt alltid eit blikk både på korleis vi løysar oppgåvene våre og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, også når vi ikkje brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar.

4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Styringssystemet vårt er lett tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Her har vi ei rekkje skriftlege rutinar, til dømes for delegering, samordning, varsling, innsynskrav, helse, miljø og tryggleiksarbeid og mykje anna. Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga. Reiserekningar vert godkjende av leiarane etter førebuing frå økonomieininga. Forvaltingsvedtak og tilskot skal alltid to personar stå bak, sakshandsamar og ansvarleg leiari eller mellomleiar.

Vi har eit lokalt tilpassa kapittel fire i verksemds- og økonomiinstruksen. I dette kapittelet er det informasjon om den interne styringa i embetet og korleis mykje av internkontrollen vert følgt opp.

Ulike prosjekt, serviceerklæringa vår og verksemdskritiske område vert rapportert på kvartalvis i leiarmøtet. Vi nyttar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet vårt, og planlegg å ta det i bruk i avvikshandteringa vår. I 2016 fekk vi på plass oppdatert innkjøpsstrategi.

Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styling og kontroll i embetet. Ei utfordring kan likevel vere å ha tid til å drive med kontroll utover det vi har krav om å utføre.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Vi har stabil bemanning med mykje sakshandsamingskompetanse og anna arbeidserfaring. Vi får godt kvalifiserte søkjarar og gode søkjartal på ledige stillingar.

Hovudkontoret vårt er i ein liten kommune med 2 300 innbyggjarar. Vi rekrutterer frå eit felles bu- og arbeidsområde i Indre og Midtre Sogn med åtte kommunar som gjev til saman ca. 30 000 innbyggjarar. I tillegg rekrutterer vi mange yngre personar som har studert og kanskje hatt sin første jobb i Bergen, Oslo eller Stavanger, og som ønskjer å bu ein stad med nærleik til naturaktivitetar. Vi har også kontor plass i Førde for tilsette i landbruksavdelinga, der det felles bu- og arbeidsområdet utgjer ca. 35 000 innbyggjarar.

Kapasiteten i embetet er i hovudsak tilstrekkeleg til å prioritere dei viktigaste oppgåvene, sjølv om tillitsvalde og leiari i 2017 har brukt mykje tid på arbeidet med samanslåing med FMHO. Vi forventar at vi i 2018 må bruke mykje krefter på samanslåinga, og at det vil gå ut over oppgåveløysinga.

På helseområdet er vi særskilt uroa for kapasiteten på hendingsbaserte tilsynssaker. Vi har fått dobbelt så mange saker over dei siste ti åra. I tillegg vert sakene meir komplekse med fleire tilsynsobjekt og fleire tilsynssystema i tillegg til auka forventingar frå publikum. Innan helseområdet opnar ikkje lova for å prioritere etter skjøn på same måte som innan sosialområdet, og Sivilombodsmannen har ved fleire høve peikt på dette. Vi har valet mellom å prioritere om frå andre område der krava ikkje er like absolutte, eller å ha lange sakshandsamingstider. Vi meiner at Statens helsetilsyn bør følgje ressursbruken nøye, og vurdere om han er i samsvar med dei nasjonale måla bak tilsynet.

På verjemålsområdet driv vi framleis på grensa for kva vi meiner er forsvarleg. Sjølv om vi leverer gode resultat på områda vi skal rapportere på, viser det ikkje heile biletet av situasjonen. Dei tilsette jobbar framleis under høgt press, og vi er sårbare for sjukdom og auke i saksmengd. Andre viktige oppgåver som ikkje er målbare, som til dømes rekruttering og opplæring av verjer, tilsynsoppgåver og kapitalforvaltning, blir ikkje prioriterte. I andre sakstypar enn dei vi rapporterer på, er sakshandsamingstida vesentleg høgare. Dette gir grunn til uro over tid. På grunn av ressursituasjonen er det også lite rom for at dei tilsette på verjemålsområdet får kurs og anna fagleg påfyll. Det er stort skilnad på kva dei tilsette på verjemålsområdet og tilsette på andre fagområde får tilbod om av kompetanseutvikling.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Vi har ymse inventar og IKT-utstyr, men elles har vi ikkje materielle verdiar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringer. Vi har ikkje fått vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen.

Vi brukar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet. Vi gjennomfører årlege ROS-analyser, og jobbar systematisk for å bygge ein god kultur for informasjonstryggleik. For nærare informasjon om arbeidet kring informasjonstryggleik, viser vi til særskilte rapporteringar.

4.2 Rapportering av andre vesentlege forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Vi har stabil bemanning, med gjennomtrekk på 6,62 prosent.

Lærlingar

Vi tilsette ny lærling innan IKT sommaren 2017, og i tillegg har vi trainee innan landbruk via traineeprogrammet til «Framtidsfylket».

Likestilling og diskriminering

I embetet kjem det sjeldan opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at det etterkvart er ein klar overvekt av kvinner tilsett i embetet. Vi har ikkje eigne måltal for rekruttering av søkjarar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne. Dårlige norskkunnskapar har gjort det vanskeleg å tilsetje søkjarar med utanlandsk opphav til saksbehandlarstillingar, og det er vanskeleg å fange opp personar med nedsett funksjonsevne i tilsetjingsprosessar. Tidleg i 2017 fornya vi retningslinjene for varsling.

HMS/arbeidsmiljø

Sjukefråværet var 5 prosent i 2017, noko som er ein oppgang frå 4 prosent i 2016. Vi kjenner ikkje til at samanslåinga er årsak til auken. I den lokale IA-avtalen hadde vi sett som mål å komme under fire prosent i løpet av perioden.

Saman med Fylkesmannen i Hordaland risikovurderte vi arbeidsmiljø som ein del av arbeidet med samanslåinga. Desse tiltaka held vi fram med vidare i 2018. Sjukefråværet blir følgt opp i leiarmøte kvart kvartal.

Vi har ein tydeleg livsfasepolitikk som vi brukar aktivt ved å ha fleksibilitet for tilsette, m.a. med praksis for velferdspermisjon.

Som IA-bedrift opnar vi for arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne for to til tre personar kvart år. I 2017 nådde vi dette målet.

Miljøtiltak

Vi har vore sertifisert som Miljøfyrtårnverksemd sidan 2009, og har etter kvart gode rutinar for å oppnå miljøkrav ved begge kontorstadane våre.

4.3 Andre forhold

Samanslåing

Som kjent skal embeta i Hordaland og Sogn og Fjordane slåast saman med verknad frå 2019. Samanslåinga har kravd store ressursar frå leiarar og tillitsvalde i 2017. I 2018 og 2019 vil det krevje endå meir, frå alle tilsette. Dette vil gå ut over kapasiteten til å utføre embetsoppgadraget.

FMFA

Vidare vil Fylkesmennes fellesadministrasjon opprettast frå 2019, og det er sannsynleg at ein del av våre tilsette vil gå over dit. Vi etterlyser særskilt ei risikovurdering for konsekvensane ved å kutte dei formelle banda mellom embetet og IKT-utviklingsseksjonen. Som vi har gjort greie for i avsnitt 3.6, meiner vi at ein av dei viktigaste suksesskriteria for å utvikle rimelege og enkle IT-løysingar som er målretta til behova, er nærleiken mellom fagfolk på eit område og IKT-utviklarane. Nærleiken gjer at ideane gjerne oppstår rundt lunsjbordet, med kort veg til utprøving, testing og tilbakemeldingar, og difor også mindre risiko for feil. Risikoen kan dempast ved å sikre lokal leiging av eininga med IKT-utvikling også innanfor FMFA, som syter for å halde på ein tett relasjon med embetet og embetsleinga.

5 Vurdering av framtidssutsikter

5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppgaven på sikt

Samanslåing

Som kjent skal embeta i Hordaland og Sogn og Fjordane slåast saman med verknad frå 2019. Samanslåinga har kravd store ressursar frå leiarar og tillitsvalde i 2017. I 2018 og 2019 vil det krevje endå meir, frå alle tilsette. Dette vil naturlegvis gå ut over kapasiteten til å utføre embetsoppgaven.

Samhandlingsstruktur og «Sogn og Fjordane-modellen»

Som vi har vore inne på i kap. I og III, er Sogn og Fjordane eit fylke som presterer godt på dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse og levealder. Vi er også langt framme på IKT-området, både i privat og offentleg sektor. Vi merkar ikkje nedgangen i oljesektoren like godt som dei andre vestlandsfylka, og reiseliv og eksportretta næringar dreg nytte av lågare kronekurs. Arbeidsløysa er lågast i landet.

Likevel er folkeveksten låg. I prosentvis folkevekst målt mot dei andre fylka, hadde vi i 2017 lågast vekst, medan vi i 2016 hadde 11. høgast vekst og året før 14. høgast.

Vi utfører embetsoppgaven vårt godt og har mange flinke medarbeidarar som arbeider med ein felles føresetnad om å lage eit betre samfunn ved å gjennomføre statleg politikk. Vi rekrutterer godt til nye stillingar. Som vi også har vore inne på, meiner vi at områda vi har lukkast på i vårt fylke, er særprega av eit godt samarbeid mellom dei viktigaste samfunnsaktorane på ulike område. Vi meiner god samhandling er viktigaste faktor for å skape eit betre samfunn, og at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen til å få gode resultat på mange område. Vi ønskjer at samhandlingskulturen og «Sogn og Fjordane-modellen» skal først vidare inn i det nye embetet på Vestlandet, og bli ein mal for det nye fylket. Viss ikkje vi klarar dette, vil det kunne føre til at dei gode resultatene vi i Sogn og Fjordane får på ei rekkje område, går tapt.

Digitalisering

Vi er overtydde om at offentleg forvaltning har store gevinstar å hente på digitalisering, både for å spare tid og arbeid, og for å få eit betre kvalitet på tenestene til innbyggjarane. Vi helsar difor velkomen mange av initiativa KMD har kome med på området, og vi arbeider vidare med å utvikle nye løysingar for fylkesmennene med relativt små ressursar. Likevel kunne arbeidet gått fortare i staten, og det går altfor seint i kommunane. Vi er difor samde med KMD i at staten i større grad må ta ansvar for å oppmuntre kommunane til å digitalisere. Til dømes kan staten ta initiativ til felles standardisering av løysingar og kravsspesifikasjonar.

Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane har vi etablerte samarbeidsstrukturar på digitaliseringsområdet i fylket. Vi har gode erfaringar med felles prosjekt for digital samhandling mellom den regionale staten og alle kommunane. I 2016 starta vi prosjektet «Digitaliseringsfylket». Prosjektet starta med ein todelte ambisjon.

1. Få opp bruken av Digital Post til innbyggjar.

Fylkesmannen har gjennom samarbeid med Difi, sentrale kommunar og Vestlandsforskning bidrege til kampanje mot innbyggjar for å få flest moglege til å registrere seg med digital post samstundes som kommunane har innført SvarUt, altså sikre elektroniske meldingar til innbyggjarane.

2. Arkiv til arkiv - elektronisk utveksling av arkivsaker mellom stat og kommune

Fylkesmannen samarbeider med Difi, KS og fylkesmannen i Nordland om å få på plass alle integrasjonspunkt mot innbyggjarar, verksemdar, kommunar og andre offentlege etatar. Punkta er no på plass, og det er klart til å oppdatere rutinar i organisasjonane. Målet er å få med alle kommunane i fylket i første omgang, og deretter, dersom KMD gjev oss oppdrag om det, å bruke modellen på fylke etter fylke i landet.

Prosjektet har så langt fått avgrensa økonomisk støtte gjennom regionalt forskingsfond og fornyingsmidlane for kommunane. Vi saknar ei støtteordning for fellesprosjekt mellom stat og kommune. Det kan ta lang tid å få prosjektet i mål dersom vi ikkje får støtte frå andre kjelder.

Økonomiske rammer for kommunane

Vi har respekt for at inntektssystemet for kommunane vert lagt om, med meir vekt på folketal. Vi har også respekt for at skjønsmidlane til kommunane vert reduserte for å leggje meir inn i den faste ramma. Likevel må vi peike på at det får følgjer for tenestene i våre spreiddbygde kommunar når inntektsveksten er under pris- og lønsvæksten, medan skjønsmidlane vert reduserte.

Vidare skapar gjennomførte endringar av eigedomsskatten dei siste åra og framlegg til endringar framover, store utfordringar for einskildkommunar som har skattlagt kraftanlegg eller industrianlegg.

5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Vi har gjort greie for konsekvensar under kvart punkt som er teke opp under kapittel 5.1 framtidssutsikter.

5.3 Andre forhold

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Sogn og Fjordane.pdf](#)



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Org. nr.: 974763907

Riksrevisjonens beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Fylkesmannen i Sogn og Fjordanes årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at kr 342 125 939 er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordanes årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsen og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 30.04.2018

Etter fullmakt

Erna Jørgensen Lea
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur